



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 04.04.2018
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 50/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 51/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 39/18	Bergen Capital Management - Orientering i samband med revidering av finansreglementet
PS 52/18	Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling - Arealdelen - Planid 2016005
PS 53/18	PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne - Gbr 20/334 Slutthandsaming av plan, jf. PBL §12-12
PS 54/18	PlanID 2012008-01 Reguleringsplan Øvre Rotset Næringsområde. Mindre endring etter avtale om grunnkjøp/skjønn. gnr 30 bnr 4.
PS 55/18	Månadsrapport februar 2018
PS 56/18	Årsmelding og skatterekneskap for 2017
PS 57/18	Haslevegen 3 - kjøp av eigedom
PS 58/18	Høyring om søndagsopne butikkar
PS 59/18	Orienteringssaker
OS 40/18	Barnehageplass i Hornindal for barn busette i Volda kommune
OS 41/18	Kontrollutvalet - Orienteringar frå rådmannen sak 17/18
OS 42/18	Søre Sunnmøre tingrett - endring av domstolsgrenser
OS 43/18	Politidirektoratet - Korrigering av brev vedrørende beslutning om inndeling av namsdistrikt
OS 44/18	Polititenesta i nye Volda kommune



VOLDA KOMMUNE

OS 45/18

Polititjeneste i Volda etter overgang til ny lokal struktur 1. april

OS 46/18

**Rovde Grendalag, Velsvik og Lauvstad grendautval og
Innselset og Dravlaus grendalag - Innspel til nytt tilbud
ferjesambandet Volda-Lauvstad**

PS 50/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 51/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 39/18 Bergen Capital Management - Orientering i samband med revidering av finansreglementet



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2016/963

Arkivkode: 2016005

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

52/18

Formannskapet

04.04.2018

SENTERSTRUKTUR, SENTRUMSAVGRENSING OG FUNKSJONSFORDELING - AREALDELEN - PLANID 2016005

Administrasjonen si tilråding:

Vedleggsliste:

Grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017.

Opptak frå temamøte 14.03.2018:

Fellespresentasjonar: <https://youtu.be/qJESa21SVM>

Parallellsesjon 1: <https://youtu.be/jcsorXGkRQ4>

Parallellsesjon 2: <https://youtu.be/xzWyCztxfR4>

Uprenta saksvedlegg:

Sak PS 219/17

Samandrag av saka:

Saka gjeld grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» som Formannskapet tok til vitande i sak PS 219/17 den 12.12.2017. Det har i ettertid blitt stilt spørsmål om Formannskapet reelt sett ønskja andre grep for handel enn det føringane i dokumentet la opp til, og at ein politisk hadde behov for meir prosess på dette. Under OS 11/18 den 30.01.2018 kom det fram at Formannskapet ønskte eit temamøte for betre drøfting av temaet. Det vart arrangert temamøte 14.03.2018 og Rådmannen finn det derfor rett å ta saka opp til drøfting på nytt. Administrasjonen kjem ikkje med tilråding til vedtak, og det er opp til Formannskapet å foreslå eit vedtak i saka.

Saksopplysningar/fakta:


Formannskapet har tidlegare gjort følgjande vedtak i møte sak PS 219/17 den 12.12.2017: *Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.*

Under handsaminga kom det fram synspunkt som gikk i retning av å opne for meir detaljhandel i Furene, men dette vart ikkje formulert i eit forslag til alternativt vedtak. I samband med orienteringssak om kommuneplanen sin arealdel 30.01.2018 la ordføraren fram eit skriv med følgjande forslag:

1. I midtre sentrumssone i Volda sentrum blir totalt samla areal for detaljhandel og utvalshandel auke frå 6 000 m2 BRA til 9 000 m2 BRA.
2. I Mork/Furene (Knutepunktsenter) blir totalt samla areal for detaljhandel og utvalshandel auke frå 3 000 m2 BRA til 5 000 m2 BRA.
3. I samarbeid med Ørsta kommune bør det snarast igangsetjast sams planprosess for langsiktig avklaring av infrastrukturutbygging og arealbruk i Mork/Furene/Flyplass/Hovden.

Det vart også ytra ønskje om ein temadag saman med kommunestyret der senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling skulle vere tema. Administrasjonen arrangerte slik temadag 14.03.2018. Under vedlegg er det tatt inn lenker til opptak av alle innlegg på temadagen.

Temadagen vart avslutta med eit gruppearbeid der gruppene skulle diskutere 3 ulike alternativ for lokalisering av detaljhandel:



I oppsummeringa av gruppearbeidet kom det fram at dei fleste grupper gjekk for scenario 1, der det ikkje er opning for detaljhandel ut over 3000 m2 anna enn i sentrumssonen (indre sentrumssone). Nokre av gruppene konkluderte med eit alternativ mellom scenario 1 og 2, med storhandel utafor sentrumskjernen. Ei gruppe landa på scenario 2 og ei gruppe hadde ikkje noko klar konklusjon men meinte det var viktig å opne for at noko etablering utafor sentrum. Alle gruppene var opptatt av at vi må få fleire busette i sentrumskjernen som ein drivar for sentrumsutviklinga. Det vart peika på at parkeringssituasjonen er ei løysbar utfordring og det vart m.a. foreslått utfylling i sjø ved Mega, Brunvoll, småbåthamna for nyttegjere seg masser frå Voldatunnelen og auke mulegheit for meir sentrumsnær utvikling. Dette var ein arbeidsprosess og ikkje ei høyring med votering i gruppene.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i sak PS 219/17.

Økonomiske konsekvensar:

Er vurdert i sak PS 219/17.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert i sak PS 219/17.

Vurdering og konklusjon:

Senterstruktur, sentrumsavgrensing, funksjonsfordeling og fortetting er viktige strategiske og overordna tema som må avklarast i arealdelen. Arealdelen er ingen detaljert sentrumsplan, men vil ha føresegnar og retningslinjer som m.a. påverkar kvar ein kan etablere ulike funksjonar og kva haldning ein skal ha til fortetting. Arealdelen må følgjast opp med ein områderegulering for indre sentrumssone/sentrumskjernen. Dette planarbeidet er sett opp på lista over planoppgåver i Kommunal planstrategi 2016 – 2020.

I følgje kjøpesenterforskrifta og regional delplan(RDP) for attraktive byar og tettstader er det berre høve til detaljhandel inntil 3000 m² utanfor det definert sentrumsområdet. Detaljhandel er både daglegvarer og andre utvalsvarer.

Administrasjonen har utarbeidd dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» der det er definert eit sentrumsområde som har fått nemninga «Indre sentrumssone». Her vil det jf. Kjøpesenterforskrifta og RDP for attraktive byar og tettstader ikkje vere restriksjonar for ulike typar handel.

Det er derimot foreslått at plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk og forureinande verksemdar ikkje er ønskeleg i indre sentrumssone. I midtre sentrumssone er det foreslått å opne for inntil 6000m² med detaljhandel og utvalshandel. Det er foreslått ein minimumsstørrelse på utvalshandel og plasskrevjande varer på 1000m² BRA for å kunne etablere seg i dette området. Det er og sett restriksjonar på kva varegrupper som skal kunne etablerast i området. Pr. i dag er det tre daglegvarebutikkar i midtre sentrumssone som alle vil inngå i det samla arealet på 6000 m² til detaljhandel.

I reguleringsplanen for næringsområde på Øvre Rotset og i kommunedelplanen for E39 Volda – Furene finn ein i dag føresegnar om detaljhandel. Det er i begge desse planane opna for detaljhandel inntil 3000 m² i samsvar med Kjøpesenterforskrifta. Samla sett er det derfor høve til detaljhandel på inntil 6000 m² innanfor midtre sentrumssone. I tillegg er det og etablert to daglegvarebutikkar utafor desse planområda, men som likevel ligg i den midtre sentrumssona.

I [Reguleringsplanen for Næringsområde Øvre Rotset](#) finn ein følgjande føresegn for område merka med F/K/I:

I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor og industribygg. Tillate bruksareal til detaljhandel er for heile området avgrensa til 3.000 m² bruksareal, jf. "Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder".

Innanfor forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. («brunevarer») kan tillatast. Innanfor områda kan det heller ikkje etablerast verksemd som ved utslepp (støy og anna ureining) påfører ulempe for busetnaden og bruk av dei areala denne reguleringsplanen omfattar eller tilgrensande utbygde område.

Industriverksemd kan ha utsal for eigne varer og bransjevarer som ein mindre del av verksemda. (slik det til dømes ofte vil vere for ei røyrlaggjarbedrift, eller firma som

produserer, distribuerer og installerer t.d kjøken, baderom etc.)

I [kommunedelplanen for E39 Volda – Furene](#) er det opna for detaljhandel inntil 3000m² innanfor to område. Her er det og høve til etablering av handel med plasskrevjande varer:

AKBA_1 og AF_1 Volda

Innanfor område AKAB_1 og AF_1 er det ikkje tillate å etablere detaljhandel med bruksareal på meir enn 3000 m², eller utvide eksisterande handelsverksemd slik at samla bruksareal overstig denne grensa. Det kan etablerast areal for utsal av plasskrevjande varer som kjem inn under definisjonen i fylkesdelplan for senterstruktur. Idrettsføremål kan tillatast innanfor AKBA_1.

I reguleringsplanen for E39 Volda – Furene er dette prinsippet vidareført i forslaget som var ute til høyring:

Innanfor område BKB1-3 er det ikkje tillate å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal til detaljhandel på meir enn 3 000 kvadratmeter, utan samtykke frå Fylkesmannen. Dette gjeld også utviding av eksisterande handelsverksemdar som fører til at samla bruksareal til detaljhandel blir meir enn 3 000 kvadratmeter.

I reguleringsplanen for Næringsområdet på Øvre Rotset er det gitt føresegnar om at det ikkje er høve til etablering av daglegvarer, sko og klede. I administrasjonen sitt dokument er det foreslått føresegnar om at ein ikkje skal tillate handel med sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum.

Dersom Formannskapet ønskjer å vidareføre føresegnene frå dei to eksisterande planane bør dei be administrasjonen korrigere dokumentet Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i samsvar med føresegnene i dei to planane. I dette dokumentet er det ikkje restriksjonar når det gjeld daglegvarehandel på Øvre Rotset og det er ikkje tatt stilling til plasskrevjande varer på Myrane.

Dersom Formannskapet ønskjer ei strammare linje meir i retning av scenario 1, der det ikkje er ønskeleg med noko særleg detaljhandel i midtre sentrumssone, må dei be administrasjonen korrigere dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling» slik at ein ikkje rår til detaljhandel ut over 3000m² samla sett innanfor den midtre sentrumssona. Dette vil skape strid mellom arealdelen og dei eksisterande planane, slik at reguleringsplanen for Øvre Rotset vil måtte endrast og føresegna i reguleringsplanen for E39 Volda – Furene vil måtte endrast. Dette vil gi dei tre daglegvarebutikkane avgrensa mulegheit til ev. utviding.

I Formannskapet den 30.01.2018 under OS 11/18 delte ordføraren ut eit skriv der han foreslår å opne for inntil 9000m² for detaljhandel og utvalsvarer i midtre sentrumssone og 5000m² i Mork/Furene. Dette er i strid med kjøpesenterskrifta, regional delplan for attraktive byar og tettstader og langt på veg i strid med mål i samfunnsdelen og arealstrategiar i planprogrammet for arealdelen.

For å kunne etablere eller utvide eksisterande handelsområde som ikkje ligg i tilknytning til sentrum er det krav om konsekvensutgreiing. For å kunne ha eit godt nok grunnlag treng ein dokumentasjon når det gjeld funksjonsfordeling mellom ulike senter i kommunen. Ein vil i så fall ha behov for oppdatert dokumentasjon på t.d. omsetnadskrav i høve til kjøpekrafta i kundegrunnlaget, dekningsgraden i marknaden for aktuelle varegrupper, analyse av endringar i trafikkmengder og trafikkmønster, parkeringsløysingar og mulegheit for tilgjenge med

kollektivtransport, sykkel og gange (jf. Pkt. 11 i retningslinjene for lokalisering av handel og tenestar i Møre og Romsdal).

Dersom Formannskapet ønskjer å opne opp for handel i samsvar med ordføraren sitt forslag må ein be administrasjonen skaffe nødvendig dokumentasjon med sikte på å legge til rette for etablering og utviding av eksisterande handelsområde ut over rammene i regional delplan for attraktive byar og tettstader.

Formannskapet har i sak PS 219/17 tatt grunnlagsdokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» til vitande og bedt om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel. Rådmannen tolkar formannskapet også slik at dei treng meir tid på å konkludere og ba om meir prosess. På temadagen den 14.03.2018 var det uttrykk for at ein bør vere restriktive med å tillate detaljhandel ut over 3000 m² anna enn i indre sentrumssone. Rådmannen har lagt fram si tilråding sist saka var handsama, og den vidare prosessen vert politisk og opp til formannskapet om ein vil leggje andre premisser enn det som er gjort i PS 219/17, jfr grunnlagsdokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda». Grunnlagsdokumentet vidarefører i stor grad den planmessige situasjonen vi har hatt i forhold til fordeling av handel dei siste åra og saman med føringane gitt grunnlagsdokumentet om bustadfortetting vil ein kunne legge til rette for ei utvikling av Volda sentrum i samsvar med måla i Samfunnsdelen.

Dette er ei utfordrande sak, og innlegg og debatt på temamøtet 14. mars viste også dette. Med dei nye samferdselsløysingane vert Volda sentral i regionen, og større aktørar vil kunne sjå Furene og Rotset som sentrale lokasjonar for å etablere seg. Det er ulike syn på kva verknader dette kan få for den indre sentrumskjerna, og det er også ulike syn på korleis handelssentrumet vil utvikle seg utan å sleppe til aktivitet i ei midtre sone. Formannskapet må vurdere heilskapen i dette og leggje føringar for kva som leggjast til grunn i forslaget til arealplan som skal ut på høyring.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Utvikling

Klageinstans:

Ikkje klagerett



SENTERSTRUKTUR, SENTRUMSAVGRENSING OG FUNKSJONSFORDELING I VOLDA

Arealdel 2018 - 2030

Dato: 01.12. 2018



Innhald

<u>Bakgrunn og føringar - Senterstruktur og funksjonsfordeling</u>	3
<u>Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling</u>	4
<u>Volda sentrum(Hovudsenter)</u>	4
<u>Volda sentrum – Indre sentrumssone</u>	6
<u>Volda sentrum – midtre sentrumssone</u>	7
<u>Volda sentrum – ytre sentrumssone</u>	8
<u>Mork/Furene Knutepunktsenter</u>	8
<u>Lokalsenter(bygdesenter)</u>	9
<u>Funksjonsfordeling</u>	9
<u>Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar</u>	9
<u>Regionale funksjonar, service, tenesteyting og allmenne formål</u>	10
<u>Storhandel og plasskrevjande varer</u>	11
<u>Oppsummering</u>	12

Dokumentet inngår som eit grunnlagsdokument til kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2030. Dokumentet er ei utgreiing og vurdering av senterstruktur, avgrensing og soneinndeling av tettstaden Volda og funksjonsfordeling mellom dei ulike sentra når det gjeld handel, privat og offentleg tenesteyting og anna næringsverksemd.

Dokumentet er utarbeidd av Sektor for Utvikling i Volda kommune v/Heidi Istad.

Bakgrunn og føringar- Senterstruktur og funksjonsfordeling

Senterstruktur og busetnadsmønster i Volda kommune er eit resultat av den historiske utviklinga. Med utgangspunkt i SSB sin definisjon av ein tettstad har det pr. 2016 utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork/Furene og Volda sentrum. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Mork/Furene er eit knutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre, som også har vakse fram som eit handelsområde med plasskrevjande varer. Kommunen har elles mange spreidde bygder rundt om i kommunen. Tidlegare hadde dei fleste bygdelag eigen skule, butikk, postkontor m.v. Desse bygdesentra hadde ikkje berre ein tenestefunksjon, men like viktig var rolla som møtestad og identitetsberar.

I **Samfunnsdelen** er det formulert ei rekke strategiar som gir føringar når det gjeld fordeling av "sentrumsfunksjonar" og korleis Volda sentrum skal utviklast. Samfunnsdelen har ikkje formulert presise føringar for kvar dei ulike funksjonane skal lokalisrast og dette vert ein del av arbeidet med arealdelen. I planprogrammet vart det fastsett arealstrategiar som legg føringar for sentrumsutvikling og senterstruktur.

Det er også fastsett arealstrategiar for andre viktige fokusområde som gir føringar for fastsetting av senterstruktur og fordeling av funksjonar mellom desse:

«Forskrift om rikspolitiske bestemmelse om kjøpesenter» og «**Regional delplan for attraktive byar og tettstader**» legg klare føringar for etablering av handel. I den regionale delplanen er det eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m². Tettstadanalysen for Volda sentrum frå 2007 gir gode råd om utvikling av Volda sentrum, og vil framleis vere rettleiande for den vidare utviklinga av tettstaden.

Arealstrategiar for sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokalisrast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til uttrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Arealstrategiar for busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.
- Nye bustadfelt skal lokalisrast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterer samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.

Arealstrategiar for offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokalisrast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokalisrast til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokalisrast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.


Arealstrategiar for landbruk og næringsliv

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling

Volda sentrum vil framleis ha funksjon som hovudsenteret i kommunen. Det er foreslått å soneinndeile Volda sentrum i «indre sentrumssone», «midtre sentrumssone» og «ytre sentrumssone».


Mork/Furene er foreslått å ha funksjon som både lokalsenter og knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer. Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde er med dagens kommunestruktur foreslått å vidareføre som lokalsenter(bygdesenter). I figuren under er det vist ein illustrasjon av den overordna senterstrukturen. Vidare i dokumentet er det gjort vurderingar av kva funksjonar dei ulike sentra og dei tre sentrumssonene skal ha.



Volda sentrum(Hovudsenter)

Volda sentrum er det mest folketette området i kommunen og det klare hovudsenteret. I samfunnsdelen og i planprogrammet er det vist ein illustrasjon av tettstaden Volda inndelt i tre soner som til dels har ulike funksjoner.

Sentrumskjernen ei indre sone med detalj- og utvalshandel, offentlig og privat tenesteyting og service, forsamlingshus m.v. Ei midtre sone(Volda sentrum) med pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentlig tenesteyting. Den ytre sona(Volda tettstad) er dominert av bustader med einestader og meir konsentrerte bustadformer med to- og firmannsbustader. Føringer i Regional delplan og Kjøpesenterforskrifta gjer at det må fastsettast kva som skal vere sentrumssone med høve til handel, område med høve til framtidig sentrumsutvikling og eventuelt eige handelsområde for plasskrevjande varer dersom det ikkje er plass for dette i tilknytning til sentrumsområdet.



Illustrasjon: Prinsippskisse soneinndeling av Volda sentrum, planprogram.

I arealdelen må vi derfor fastsette ei meir konkret avgrensing av sentrumskjernen og andre aktuelle område for handel med føresegner og retningslinjer for kva funksjonar dei ulike områda skal ha. Det er derfor foreslått å dele Volda tettstad inn i ei indre sentrumssone, midtre sentrumssone og ytre sentrumssone.

I følge forskrift om rikspolitiske bestemmelser om kjøpesenter er det berre lov med etablering av kjøpesenter (detaljhandel) større enn 3000 m² i samsvar med regional delplan.


Regional delplan for attraktive byar og tettstader følger opp dette med eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjer eit bruksareal på meir enn 3000 m². I den regionale delplanen vert det lagt til grunn at sentrumsområdet skal avgrensast i kommuneplan eller reguleringsplan.

I **Regional delplan** er det fastsett følgjande: *Som hovudregel skal all handelsverksemd, så langt som mogeleg, lokaliserast i sentrum. I tilknytning til dagens sentrumsområde kan det avsetast område for framtidig sentrumsutvikling og for handel med plasskrevjande varer. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg plass i tilknytning til sentrumsområdet, kan det regulerast eigne handelsområde som ikkje ligg i tilknytning til sentrum. Dei regulerte areala må ha ei utforming og ein storleik som er realistisk og tilpassa dei overordna måla i planen.*

I **Samfunnsdelen** er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

I Regional delplan for attraktive byar og tettstader er det utarbeidd følgjande prinsipp for avgrensing av sentrumsareal i kommuneplan:

- *For å gjere tettstadene konsentrerte, skal dagens mangfald og konsentrasjon av handels-, service- og kulturtilbod, parkar, torg og andre møteplassar, vere utgangspunkt for avgrensing av sentrum.*
- *Det regulerte sentrumsarealet bør ikkje vere større enn det området kommunen vil opparbeide med sentrumsmessig preg og kvalitet, eventuelt saman med andre aktørar i området.*
- *Det skal vere gangavstand mellom ytterpunkta. Retningsgivande maksimalavstand i dei tre største byane er 800 meter. I dei andre tettstadene bør avstanden vere høvesvis mindre.*
- *Tilgjenge for alle, særleg den delen av befolkninga som har låg mobilitet, må sikrast gjennom planløyisingar som er utarbeidd i samarbeid med samferdselsstyresmaktene. Kravet til universell utforming gjeld kollektivtransport, parkering, gang- og sykkelveggar, offentlege bygningar og anlegg og andre fysiske tiltak retta mot publikum.*



Illustrasjon: Forslag til soneinndeling av Volda tettstad
Arealdelen 2018 - 2030

Grensene mellom dei tre sonene representerer ei skjønsmessig avgrensing og må ikkje forståast som eksakte grenser. Det er i hovudsak tatt utgangspunkt i gateløp og vegar og her kan derfor vere eigedomar som vert delt mellom to soner.

Volda sentrum – Indre sentrumssone

I **Kommunedelplan for Volda sentrum frå 2009** vart det fastsett ei avgrensing av sentrumskjernen, som det kan vere naturleg å vidareføre. Sentrumskjernen vart den gang avgrensa mot Smitsgata i vest og Hamna 20 i sør, i nord ved rundkøyringa i Storgata og i aust ved Porse studentbustader og Skjellebreida.

Hauane er eit område som historisk sett høyrer naturleg med i den indre sentrumssona. Dette er eit småhusområde som vaks fram som ein del av sentrumskjernen der ein tidlegare hadde mindre handverksverksemdar. Det er derfor ønskeleg å innlemme dette arealet i avgrensing av den «indre sentrumssona».

Innanfor denne avgrensinga finn vi i dag handels-, service- og kulturtilbod, torg, parkar og plassar. Det er gangavstand mellom ytterpunkta, som ligg i ein avstand på om lag 800 m. Dette samsvarar langt på veg prinsipp i regional delplan, sjølv om avstanden mellom ytterpunkta er noko i overkant av retningsgjevande maksimalavstand.

I samsvar med Samfunnsdelen og arealstrategiane skal sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar i tillegg til at det skal leggjast til rette for utvikling av eit regionalt handels-, bu og næringssentrum med urbane kvalitetar. Dette må vere utgangspunktet for kva funksjonar ein ønskjer å prioritere i denne sona.



Illustrasjon: Avgrensing av sentrumskjernen, KDP Volda sentrum.




Illustrasjon: Avgrensing av indre sentrumssone, Arealdel 2018 - 2030

Volda sentrum – midtre sentrumssone


Like utfor sentrumskjernen finn vi ei sone med pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentleg tenesteyting. Her er både ein bustadområde og område med konsentrerte småhus og blokker.

Området strekk seg frå Klokkevik og området kring omsorgssenteret i vest, langs Kårstadvegen, Røyslidvegen og Heltnevegen i nord. Avgrensa i aust mot Heltneelva, men slik at idretts- og friluftsområda ved Årneset er med. Øvre og nedre Rotset avgrensa mot småbåthamna.

Området ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og i denne sona kan ein nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Store delar av området har busstilbod. I denne midtre sentrumssona er det ein stor del konsentrert busetnad med rom for fortetting i etablerte bustadstrøk og utbygging av udisponert bustadareal. I Området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som kan vere egna som suppleringssenter når det gjeld handel. Her bør det kunne etablerast ein handelspark med høve til handel med både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktyg og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel. Ein bør derfor kunne etablere detaljhandel med totalt bruksareal opp til 6000m² i denne midtre sona.



Illustrasjon: Funksjonar i midtre sentrumssone.




Illustrasjon: Avgrensing av midtre sentrumssone, Arealdelen 2018 - 2030

Volda sentrum – ytre sentrumssone

Ytre sentrumssone er resten av arealet som ligg innanfor Volda tettstad. Dette er i stor grad ei bustadsone, men her er også barnehagar, forsamlingshus og skular.

Barnehage, skule og forsamlingshus for å stette behovet i bustadområda bør kunne etablerast i ytre sentrumssone.

Denne sona bør framleis hovudsakleg vere eit område med stor grad av frittliggande småhus, sjølv om det må vere rom for konsentrerte småhus. Blokk bør vere unntaket i denne sona. Bustadfortetting er eige tema i arbeidsrapport x Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting.




Mork/Furene Knutepunktsenter

Mork/Furene har utvikla seg til å bli både eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. I området finn ein i tillegg til skule, barnehage, forsamlingshus, idrettsanlegg og helse- og omsorgsinstitusjonar også detaljhandel med daglegvarer, teneste- og serviceverksemdar i tillegg til meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd. Området er eit trafikknutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre og har potensiale for både auka busetting og næringsaktivitet nær dette viktige knutepunktet.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskjeleg med auka detaljhandel utover 3000 m2 bruttoareal i Furene.

Området har i tillegg til detaljhandel fleire handelsverksemdar med plasskrevjande varer. Her er framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta og det er regulert areal til slikt formål som framleis ikkje er utnytta. Mork /Furene er saman med Hovdebygda eit regionalt viktig handelsområde og det er framleis ønskjeleg at området har denne funksjonen. Det er derfor aktuelt å sikre meir areal, som kan legge til rette for framtidig etablering av større handelsverksemdar med plasskrevjande varegrupper, som kan vere med på å redusere handelslekkasje til Moa-området. Det er derimot ikkje opna for auka detaljhandel. Dette gjer at større varhus etableringar med varegrupper som ikkje kjem inn under

definisjonen av plasskrevjande varer ikkje kan etablerast her, om ein samla sett kjem opp i eit bruksareal over 3000 m2. Slike etableringar kan derimot etablerast i midtre og indre sentrumssone i tråd med anbefalingar i Handelsanalysen.



Lokalsenter(bygdesenter)

I kommuneplanen Volda mot år 2000 vart Lauvstad/ Dravlaus, Folkestad og Fyrde definert som lokalsenter. Desse skulle då utviklast som servicesenter for omkringliggande bygder, med eit høveleg tilbod av privat og offentleg service. Dette vart også vidareført i kommuneplan 1996-2008. I Samfunnsdelen 2016 – 2028 er det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra/lokalsentra anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Sentraliseringstrenden dei seinaste tiåra har gitt nedgang i folketallet på bygdene og med det også eit redusert servicetilbod i lokalsentra. den kommunale økonomien set også dei kommunale tenestene i lokalsentra under press. Betra kommunikasjonsløyisingar mellom lokalsentra og kommunesenteret gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje er det same.

Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. Saman med målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her vi har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging, næringsutvikling og offentleg og privat teneste og servicetilbod.

Arealdelen handlar om å prioritere arealbruken i samsvar med målsettingane i Samfunnsdelen. I arealdelen må ein derfor legge til rette for tilstrekkeleg areal til bustadbygging, privat og offentleg service/ tenestar, mulegheit for næringsutvikling og gode kommunikasjonsløyisingar. Dette vil og vere heilt i tråd med målsettinga i Samfunnsdelen om redusert klimagassutslepp og fastsett arealstrategi om at nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løyisingar for kollektivtransport, sykkel og gange.

Kva offentlege tenester som skal lokaliserast i lokalsentra må prioriterast gjennom meir konkrete målsettingar og strategiar i neste Samfunnsdel. I arealdelen er det viktig å sikre at dei funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Den føreståande kommunesamanslåinga med Hornindal vil påverke senterstrukturen i kommunen. Mange i indre del av Austefjordområdet nyttar seg i stadig større grad av dei funksjonane ein finn på Grodås. Saman med betra kommunikasjonar til Volda sentrum set dette lokalsenteret Fyrde under press. Forholdet mellom Fyrde og Grodås må avklarast i ein ny Samfunnsdel for den nye kommunen. I denne arealdelen må ein legge til rette for at ein kan nå målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga. I arealdelen kan ein gjere dette ved å sikre at ein arealmessig legg til rette for at her kan vere muleg med auka busetting, næringsutvikling og offentlege tenestar i og nær Fyrde lokalsenter.

Funksjonsfordeling

Fordeling av ulike funksjonar når det gjeld handel, privat og offentleg service, div. næringsaktivitet m.v. heng tett saman med senterstruktur og soneinndeling av Volda tettstad.

Det er ei nasjonal målsetting at areal- og transportplanlegginga skal bidra til god fortetting i sentrumsområde og rundt kollektivknutepunkt. I Volda sentrum ligg kollektivknutepunktet på Moritzmarka midt i sentrumskjernen. I tillegg har vi eit kollektivknutepunkt i Furene der det bør vere muleg med auka næringsverksemd og busetting.

I følgje arealstrategiane skal det leggst til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen («indre sentrumssone») og samfunnsdelen har fastsett målsetting om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast. Vidareutvikling av nærings- og/eller handelsaktivitet nær kollektivknutepunkta i gangavstand til sentrumskjernen vil vere eit godt grep for å redusere utslepp frå transportsektoren.

Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar


Ein tettstad med berekraftige kvalitetar er gjerne kompakt med korte avstandar mellom bustad, arbeidsstad, kollektivtrafikk, grøntområde, servicetilbod og fritidstilbod. For å sikre ei slik utvikling i Volda sentrum må vi ha klare føringar på kva funksjonar som skal kunne lokaliserast i dei ulike sentrumssonene, i Mork/Furene og dei andre lokalsentra.

I Samfunnsdelen og vidare i arealstrategiane er det fastsett at det er ønskjeleg med eit sentrum med urbane kvalitetar. Dette er gjerne eit sentrum karakterisert som eit tett sentrum med mange funksjonar og eit differensiert tenestetilbod, der det foregår utstrekkt samhandel med menneske på tettstaden sine plassar og uterom. Det bør vere naturleg å opphalde seg i det urbane sentrum ved at mange bur i området, eller går og køyrer gjennom sentrum til og frå ofte nytta funksjonar.

For å få til eit sentrum med meir urbane kvalitetar er det i arealstrategiane gitt føringar om at detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen. Dette er tatt igjen i arealstrategiane for næringsliv der det er gitt føringar om at ein skal stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Handelsanalyse Ørsta-Volda frå 2014 støttar og opp om dette og konkluderte med at auka handel med utvalsvarer bør bli lokalisert til sentrumskjernen. Utvalsvarer omfattar gjerne typiske varer som vert selt på kjøpesenter og i sentrumsområder slik som m.a. klede, sko, hushaldningsapparat og sportsutstyr. Desse varegruppene inngår saman med daglegvarer i omgrepet detaljhandel. Det er derfor viktig å prioritere areal for detaljhandel i den indre sentrumssona og det er like viktig med føresegner som sikrar at vi unngår ei utvikling med større etableringar av detaljhandel utanfor den indre sentrumssona.

Storhandelskonsept som medfører behov for store parkeringsareal på bakkeplan og stor trafikk med større kjøretøy bør ikke etablerast i indre sentrumssone. Verksemdar som bensinstasjon, bilverkstad, bilbutikk, lager, godsterminal og støyande produksjonsverksemdar bør ikkje prioriterast i indre sentrumssone.

Det er derfor desto viktigare å sikre at funksjoner som evner å tiltrekke seg folk framleis vert lokalisert i indre sentrumssone. I tillegg er det viktig å sikre gode kommunikasjonsårer mellom verksemdar og aktivitetar i midtre og indre sone. Når ein nyttar eit tilbod i midtre sone må det vere opplevast enkelt og intuitivt å ta seg ned til fots, på sykkel eller køyrande til det «urbane» sentrum i den indre sona. Både Tettstadanalysen frå 2007 og Utviklingsplanen frå 2015 har fleire gode forslag til kvar og korleis dette bør gjennomførast.



I samsvar med målsettingar i Samfunnsdelen og fleire av arealstrategiane bør det ikkje vere tillate å lokalisere ikkje-dupliserbare offentleg og privat service og tenesteyting eller allmenne funksjonar som idretts- og kulturanlegg utanfor indre og ytre sentrumssone.

Ved å opne for vidareutvikling av slike funksjonar i midtre sentrumssone vil ein kunne sikre ei sentrumsnær lokalisering som samtidig vil ligge i gangavstand frå den ytre sentrumssona. Dei fleste av dei regionale funksjonane som er etablert i midtre sone har framleis tilstrekkeleg areal for vidareutvikling, men det er viktig å sikre at det ikkje vert bygd for tett på slik at det kan vere til hinder for verksemdene sine aktivitetar.

Storhandel og plasskrevjande varer

I eit regionalt perspektiv handlar handel gjerne om å ha eit utval som ikkje er representert i alle tettstader, men som kan trekke til seg kundar frå heile regionen. I regional delplan for attraktive byar og tettstader er Volda saman med Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg definert som delregionsenter som skal fungere som kompletterande handels- og tenestesenter for Søre Sunnmøre. I kommunesenter som er delregionsenter kan handels- og tenestetilbodet dimensjonerast ut over 100 % dekning i eigen kommune.

I Furene er det etablert fleire handelsverksemdar med plasskrevjande varegrupper. Plasskrevjande varer er i regional delplan definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar. I følgje regional delplan skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta. I Furene er det i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan sett av slikt areal der fullt utbyggingspotensiale enno ikkje er utnytta. Det kan likevel vere aktuelt å sikre meir areal til handelsverksemd med plasskrevjande varer og betre bransjevis lokalisering av andre næringar.


I Handelsanalysen vart det konkludert med at det kan vere rom for meir handel med byggevarer, hagesentre og andre plasskrevjande varer, og at dette er bilbasert handel med eit regionalt marknadsområde, som vert anbefalt lokalisert til Furene – Hovdebygda.

I same analyse vart det konkludert med at Volda har underdekning av handel med møblar og kvitevarer. For ikkje å trekke meir handel ut frå sentrum bør denne varegruppa lokalisert til utkanten av sentrum og ikkje i Furene- Hovdebygda.

I følgje regional delplan er det eit krav at det må ligge føre ei konsekvensutgreiing som viser at tiltaket er i samsvar med dei overordna måla i planen og har positiv samfunnsseffekt, dersom ein skal kunne etablere nye område for plasskrevjande varer. Sjølv om det framleis er mykje areal som kan nyttast til nye handelsverksemdar i sentrumskjernen er det lite ønskeleg med større etableringar av bilbaserte varegrupper i sentrumskjernen. Slike varegrupper medfører ofte stor trafikk med tyngre køyretøy og store parkeringsflater på bakkeplan.

Ved å legge til rette for handel med plasskrevjande varer og noko auka detaljhandel i midtre sentrumssone, vil ein kunne legge betre til rette for Volda sentrum som eit regionalt handels-, bu og næringssentrum. Dette vil avlaste indre sentrumssone når det gjeld regionale funksjonar innan handel, samtidig som det vil vere i gangavstand både frå sentrumskjernen og den ytre sentrumssona. Dette vil og vere med på å redusere transportbehovet internt i Volda sentrum.

Det er likevel viktig at handelsetablering i denne sona ikkje skjer i eit slikt omfang at vi ikkje oppnår eit sentrum med urbane kvalitetar med rom for vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Det vil derfor vere nødvendig å regulere kva type varegrupper som kan tillatast og på kva måte handelen skal organiserast.



Oppsummering

Som ei oppsummering av dei vurderingane og forslaga til senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i kommunen er det laga ein tabell. Tabellen vil vere utgangspunkt for føresegner og retningslinjer til Arealdelen 2018 - 2030.

Stad	Sentertype	Funksjonar
Volda sentrum	Indre sentrumssone (Kommunesenter)	Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer. Ikkje plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk eller støyande og forureinande verksemder.
Volda sentrum	Midtre sentrumssone (Suppleringscenter)	Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6 000m ² BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum. Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting. Skule, barnehage,
Volda sentrum	Ytre sentrumssone	Daglegvarehandel inntil 3000 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus.
Mork/Furene	Knutepunktsenter	Plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Ikkje detalj-/utavlshandel ut over 3000 m ² BRA. Næringsareal for ulike typar verksemder med bransjevis lokalisering. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov.
Lauvstad/Dravlaus	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder.
Folkestad	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder
Fyrde	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/1976
		Arkivkode:	2016010

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Formannskapet Kommunestyret	04.04.2018

**PLANID 2016010 - PLAN FOR STUDENTBUSTADER PÅ LANGVATN/HELTNE -
GBR 20/334
SLUTTHANDSAMING AV PLAN, JF. PBL §12-12**

Administrasjonen si tilråding:

Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12

Vedleggsliste:

Reguleringsplankart sist datert 13.03.2018
Reguleringsføresegner sist datert 13.03.2018
Illustrasjonsplan
Sjekkliste ROS
Arkitektonisk beskriving
Planomtale datert 12.10.2017
Illustrasjon Sol/skuggeanalyse
Illustrasjon landskap og omgjevnader
Illustrasjon fjernverknad
Terrengsnitt
Merknader ved offentleg ettersyn.

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda -Furene
Kommuneplanen sin samfunnsdel
Referat etter førehandskonferanse.
Vedtak om planoppstart
Arkeologisk rapport
Støyrapport

Saksopplysningar/fakta:

Prosess for detaljregulering av studentbustader på areal som Studentsamskipnaden eig mellom Vikebygdvegen, Grønbyggvegen og Nygardsvegen, gnr 20 bnr 334 (Vest for eksisterande studentbustader på Heltne), vart starta opp ved gjennomført førehandskonferanse den 9.11.2016. Studentsamskipnaden i Volda er tiltakshavar og til utarbeiding av plan er engasjert plankonsulent P.Mulvik as.

Samskipnaden har signalisert fylgjande intensjonar for planarbeidet og utbygging av området:

"Samskipnaden har ynskje om etablering av ca 120 hyblar/bustader på området. Dei ynskjer gjennom planprosess også å få avklara mogeleg byggehøg i området. Vurderer inntil 5 etasjes bygg som aktuelt, sett i høve til tiliggande område på Heltne i dag og ut frå vurdert økonomi i utbygging. Vil legge opp til tilkomst felles med eksisterande studentbustader på Heltne, og kanskje også til dels sjå desse områda samla med omsyn til parkering og andre felles uteområde. Vil gjennom planprosess ta opp spørsmål om krav til parkeringsdekning for aktuell utbygging, basert på erfaringstal ved eksisterande studentbygg, og ut frå eksempel frå tilsvarende prosjekt i Ålesund kommune."

Ut frå førehandskonferanse vart saka lagt fram for Formannskapet i møte den 13.12.2016, som sak PS 249/16. Det vart der gjort slikt vedtak:

"Volda kommune gir løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande kommunedelplan Volda-Furene - planID 20010 013".

Med grunnlag i dette vart planprosess starta opp i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-8, ved kunngjering i pressa og tilskrivning av aktuelle faginstansar og naboar/partar. Varsla oppstart 11.01.2017.

Etter gjennomført planprosess vart det fremja utkast til plan for kommunen for vurdering i høve utlegging til offentleg ettersyn, jf. PBL §12-11.

Etter vedtak i sak PS 194/17 den 21.11.2017, vart det gjort slikt vedtak:

- 1. Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner datert 12.10.2017, vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*
- 2. Føresegnene pkt 6.4 b, nr 5. vert tilrådd endra slik før utlegging:
(Utomhusplan skal vise-)
5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.*

Saksdokumenta vart retta opp i samsvar med vedtaket og plan lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 28.11.17 til 12.01.2018

Plangrunnlag:

For området er arealbruken fastsett i kommunedelplan for E39 -Volda - Furene, plan godkjent 18.12.2014. Arealet er her sett av til studentbustader. Område AB-F-1

Planutforming:

Plandokumenta består av planomtale , framlegg til reguleringskart, reguleringsføresegner, samt illustrasjonsplan for uteområde, terrengsnitt, og illustrasjonar knytt til sol/skuggeverknad, bygningar sett i høve til kringliggjande bygningar og landskap .m.m.

Dette gir eit samla godt planmateriale som gir godt underlag for å kunne gjere naudsynnte vurderingar av planlagt arealbruk og utbygging.



Plankart ved utlegging til off.ettersyn Illustrasjonsplan

Planlagt utbygging viser to bustadblokker med samanhengande felles inngangsparti i mellom. Frå planomtalen vil eg sitere fylgjande om planlagt arealbruk og framlegg til tillatt utbygging i området:

Bustadblokker (BBB)

Innanfor formålet BBB er det planlagt bustadblokker samankopla med eit mellombygg som m.a gjev gangforbindelse mellom blokkene og tener som «tak» over inngangspartia i underetasjen.

Plankartet viser byggjegranser samt linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegransene, men kan fråvike linjer for planlagd bebyggelse med inntil 2 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.

Til kvar hybel er det lagt til grunn 1 plass for sykkel under tak innanfor BBB, medan parkeringsplass for bil er avsett som eige formål – SPP1. Det er lagt til grunn 20% parkeringsdekning dekt dels gjennom SPP1 og dels gjennom sambruk av parkeringsplassar ved eksisterande blokker på gbnr.20/45,46,49 og 23

Det er planlagt inntil 195 hyblar fordelt på 120stk i 1.byggjesteg (austre blokk) og 75stk i 2.byggjesteg (vestre blokk). Av desse vil ca 20% vere tilpassa krava til tilgjengeleg hybel. 4 av parkeringsplassane innanfor SPP1 er som følgje av dette tilpassa rørslehemma.

Renovasjonsanlegg (REN)

Dette området er avsett til renovasjonspunkt felles med eksisterande blokker aust for Grønbakken. Det leggst opp til nedgravd containerløysing i samarbeid med VØR.

Uteoppghaldsareal (BUT)

Områda BUT1 og 2 er avsett til felles uteoppghaldsareal for dei som bur i blokkene. Her vil det vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Areal skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming med grasdekke/fast dekke og gjerde mot trafikkareal.

.....

Plassering og bygningshøgde

Det er lagt vekt på ei utforming og plassering av blokkene som etter vårt syn tek omsyn til omgjevnadane. Ein har m.a valt å orientere bygga tilsvarande eksisterande blokker i aust, dvs. med kortsidene mot dei bebygde områda nord og sør for planområdet. Dette sikrar lys og luft mellom bygga og minimerer utsikt sog soltap for bustadane på nordsida. Blokkene plasserast innanfor byggjegranser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgde som framgår av føresegner og plankart. Maksimal byggjehøgde er angitt med

koter. Ein viser elles til vedlagte perspektivskisser og terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.

Av omsyn til gbnr.20/314, som grensar til planområdet i vest, vert sørlege halvdel av vestre blokk redusert med ein etasje i høve nordlege del. Dette inneber at denne blokka kan oppførast i inntil U+3 etasjar med maksimal gesimshøgde 76,1m nord for mellombygget og i inntil U+2 etasjar med maksimal gesimshøgde 73,1m sør for mellombygget. Avstand til teiggrensa er også regulert med byggjegrænse.

Kommunal kartbase syner at den delen av blokka som ligg rett aust for gbnr.20/314 med dette vil få ei

maksimal gesimshøgde som ligg under mønehøgda på bustadhuset. Jfr. vedlegg nr. 16

Tilsvarande vil austre blokk kunne oppførast i inntil U+4 etasjar innanfor maksimal

gesimshøgde 79,1m. For begge blokkene gjeld at det ved behov kan tillatast at

trapperom/rømningstrapper bryt byggjegrænse med inntil 1m, og at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesimshøgde.

Mellombygget kan oppførast i inntil U+1 etasje innanfor maksimal gesimshøgde c+70,1.

Grad av utnytting (%-BYA)

For BBB er det lagt til grunn slik grad av utnytting: BBB: %-BYA=65%.

Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnyttingsgrad.

Antal bueiningar/fordeling

Innanfor BBB kan det oppførast to blokker med eit samla tal på 195 hyblar slik:

Austre blokk: Maks. 120 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg. Vestre blokk: Maks. 75

hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.

Barn og unge

Då hyblane ikkje er tilrettelagt for barnefamiliar, er det ikkje avsett eigen leikeplass men to område regulert som uteopphaldsareal. Desse kan opparbeidast med benkar, grill, evt. leikeapparat m.m etter behov. Ein viser også til dei store grøntområda ved eksisterande blokker i aust som også kan disponerast.

Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol/skuggeanalyse syner tilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni – og er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget. Analysen er lagt til grunn ved utforming og plassering av bygningar og uteopphaldsareal med formål å redusere ulemper for omgjevnadane og sikre gode soltilhøva på uteopphaldsarealet.

Privat og felles uteopphaldsareal

Det er avsett to område – BUT1 og 2 - på tilsaman 910m² til uteopphald. Areal har god storleik, breidde over 10m, er flate og solrike og på alle måtar godt eigna til formålet. Som omtalt tidlegare kan områda opparbeidast som grasbakke/plen og fast dekke, og utstyrast med benkar, leikeapparat etc. etter behov.

BUT1 har eit areal på 480m², medan BUT2 utgjer 430m². Saman med grøntarealet på ca 7500m² rundt samskipnaden sine eksisterande blokker like ved, vurderer vi det totale uteopphaldsarealet som rikeleg.

Utforming, innhald og opparbeiding skal framgå av utomhusplan ved søknad – jfr. føresegnene §6.4

Leikeplassar/grunngjeving for evnt. avvik frå vedtekter/normer. Utfrå planlagt bruk som studenthyblar utan tilrettelegging for barnefamiliar, vert ikkje uteområda utstyrt som leikeplass (Jfr. fylkesmannen sin merknad til planoppstart). Opparbeidinga blir elles iht. prinsippa for

universell utforming med høve til etablering av leikeplassutstyr innanfor BUT1 og 2 ved ev. seinare behov.

Tilkomst og tilgjenge

Areala skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk – synleggjort i byggjesaka.

Krav om utomhusplan og rekkefølgekrav

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket – jfr. føresegnar §6.4 og 6.1."

I føresegnene til plan er det her sagt fylgjande om plankrav og rekkefølge ved utbygging:

"6.1. REKKEFØLGJEKRAV

- a) Uteoppshaldsareal BUT2, parkeringsplass SPP, sykkelparkering under tak og renovasjonsområde BRE skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for første byggjesteg (austre blokk)*
- b) Uteoppshaldsareal BUT1 og sykkelparkering under tak skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for andre byggjesteg (vestre blokk inkl. mellombygg).*

6.2. TERRENGBEHANDLING

- a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.*
- b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.*
- c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.*

6.4. PLANKRAV

- a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggjast fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløpshandtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvass-disponering og lokal handtering av overvatn i samarbeid med kommunen.*
- b) Til søknad om rammeløyve skal det til kvart byggjesteg følgje med utomhusplan som m.a skal vise:*
 - 1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.*
 - 2. Kotelinjer for framtidig og eksisterande terreng.*
 - 3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m*
 - 4. Korleis krav til parkeringsdekning for bil vert stetta internt og eksternt – herunder erklæring/
avtale om sambruk av eksterne parkeringsplassar.*
 - 5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.*
 - 6. Utforming, innhald og opparbeiding av BUT1 og BUT2.*
 - 7. Opparbeiding av øvrig fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.*
 - 8. Parkmessig opparbeiding og beplantning.*
 - 9. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.*
 - 10. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)*
 - 11. Ledelinjer, interne gangsamband i området, mot uteområda og mot eksterne gangsamband/vegar
inkl. stigningsforhold.*
 - 12. Korleis området mellombels skal tilretteleggast i 1.byggjesteg og fram til 2. byggjesteg.*
- c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur*

er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane."

Gjennom desse føresegnene er det lagt gode føringar for vidare handsaming av seinare byggesak.

Ved offentlig ettersyn har ein motteke fylgjande innspel:

Direktoratet for mineralforvaltning, brev av 30.11.2017:

DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressursar av regional, nasjonal eller internasjonal verdi, berggrettar eller masseuttak i drift, og vi har dermed ingen merknader.

Kommentar/ending:

Merknaden gir ikkje grunn til ending.

NVE, e-post den 19.12.2017

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Kommentar/ending:

Merknaden gir ikkje grunn til ending

Statens vegvesen (Møre og Romsdal fylkeskommune) brev av 20.12.2017:

Statens vegvesen sine merknader i uttale datert 06.02.2017 til varsling om oppstart av reguleringsarbeidet er teke omsyn til i planforslaget med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Kommentar/ending:

Merknaden gir ikkje grunn til ending

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 18.01.2018:

«Generelt

Det leggst opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskjeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad

Støy

Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggst til grunn iht. Støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel 4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen il-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet.

Vidare står det i støyrapporten under fasader at det er berekna noko høgt støynivå på utsette fasadar og at mest utsette studentbustad har støynivå på 61 dB. Vår kommentar til dette er at dersom soverom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.

Barn og unge

Ut frå planføresegnene er det ikkje stilt funksjons- og rekkjefølgjekrav til uteopphaldsareala som sikrar høve til leik. Vi legg til grunn at studenthyblane dreiar seg om bukollektiv med felles opphaldsrom og kjøkken, der det er uaktuelt å bu for familie med barn. Dersom planen ikkje legg slike begrensningar på bygningsmassen, krev vi at reguleringsplanen sikrar funksjons- og rekkjefølgjekrav til leikeplassen.

Konklusjon

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass».

Kommentar/ending:

Tiltakshavar v/arkitekt har i høve merknaden gitt ei tilbakemelding/utgreiing knytt til utbyggingsform, m.v. som grunnlag for tilbakemelding/drøfting med Fylkesmannen. Jf. Vedlagde notat motteke ved e-post den 2.02.2018.

Det er lagt til grunn at det her skal vere enkelthyblar med felles kjøkken og felles opphaldsareal, og ikkje familiebusstader.

Uteareala er tenkt utforma i høve til dette. Vi viser til omtale til dette i merknad frå M.R.Fylkeskommune, og at Fylkeskommunen sin tidlegare varsla motsegn knytt til uteareala no er trekt.

Uteområda er plassert utanfor gul støysone og det er her ikkje krav om tiltak.

Som ein ser av støyberekninga er det berre på den del av bygget som kjem innanfor gul sone at det er grunnlag for krav til tiltak.

Det vil ikkje vere aktuelt med fysiske tiltak langs fylkesvegen som vil gje betra støytilhøve høgare oppe i bygget.

Omsynet til støy innandørs må såleis løysast ved orientering av soverom og krav til fasademessige tiltak, samt vilkår knytt til ventilasjonsløyving.

Dette vil vere naturlege avklaringar som må dokumenterast ved byggprosjektering.

Kommunen held såleis fast på at tiltak i høve til gjeldande krav til sikring mot støy vert prosjektert og avklara i samband med søknad om rammeløyve.

Gjennom forslag til ending i føresegnar og planomtale er det såleis søkt å imøtekomme dei omsyn som er vist til i merknaden. Planføresegnene pkt. 5.1.3 knytt til dette er såleis foreslått endra for å imøtekomme merknaden.

Fylkesmannen har i brev/e-post den 5.03.2018 gitt tilbakemelding om at løysinga er akseptert, og motsegn er trekt.

«I vårt brev av 15.01.2018 fremja vi motsegn mot planframlegget for studentbusstader på Langvatn-Heltne grunna i manglar ved føresegnar for å sikre tilstrekkeleg gode støyforhold. Etter ein dialog mellom Fylkesmannen og Volda kommune, ligg det no føre reviderte føresegnar, datert 28.02.2018, og vi trekkjer med dette vår motsegn. Reguleringsplanen kan no eigendogkjennast for vår del».

Spørsmålet er også søkt avklara opp mot Tiltakshavar som i e-post den 7.03.2018 har gitt innspel med forslag til justering. Vi har difor på ny justert ordlyden, og denne er seinare, jf. E-post den 12.03.2018 akseptert også av Fylkesmannen.

Nytt 5.1.3 Gul støysone (H220):

5.1.3 Gul støysone (H220):

- a) *Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr. 11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon*

som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

- b) *Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.*

Med grunnlag i dette er motsegn frå Fylkesmannen trekt og dette er ikkje til hinder for at plan kan godkjennast av kommunen.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev av 28.11.2017:

«Planfaglege merknader

Vi har gått gjennom planmaterialet og ser at det manglar dokumentasjon for kvaliteten på utomhusareala. Plasseringa og utforminga av bygga innanfor planområdet er svært lik tilsvarande byggstruktur møt aust. Denne forma for byggstruktur, plassering, avstandar og proporsjoner evner ikkje å lage intime og egna uteoppholdsareal. Vi er og kritisk til løysninga av parkering og fortau, blandinga av mjuke og harde trafikkantar.

Vi vurderer planforslaget å ikkje i tilstrekkeleg grad sikre egna uteoppholdsareal, sjølv om dette er avsett i plan.

Vi viser til at plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK 10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08, krev at uteoppholds areal skal vere egna.

Vi rår til at ein arbeider vidare med alternative plan og byggkonsept, med mål om å sikre tilstrekkeleg og egna uteoppholdsareal. Vi rår og til at ein finn ei betre løysning i forhold til mjuke og harde trafikkantar.

Konklusjon:

Vi har motsegn til planforslaget inntil dette sikrar egna uteoppholdsareal og betre løysning for mjuke trafikantar.

Motsegna er heimla i plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK 10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/-rundskriv T-2108.

Kommentar/ending:

Tiltakshavar v/arkitekt har gitt ei tilbakemelding/utgreiing knytt til utbyggingsform, val av løysing utan veranda, omsynet til støy mv, som grunnlag for tilbakemelding/drøfting med Fylkeskommunen/Fylkesmannen.

Problemstillinga knytt til varsla motsegn vart elles teke opp med sakshandsamar i Fylkeskommunen, den 26.01.2018.

Ut frå denne oversendinga og kommunen sin gjennomgang av planinnhaldet, der dokumentasjon knytt til innhald på uteareala, rekkefylgjekrav, lys-skuggevisning m.v, vart halde fram, er det i brev av 15.02.2018, gitt tilbakemelding frå M.R.Fylkeskommune om at motsegna til plan er trekt.

Her heiter det m.a.:

«Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget på grunnlag av at vi vurderte uteareala å vere lite egna for uteopphald. Vi var og kritiske til trafikk-løysninga for dei mjuke trafikantane, kor ganglinja var føreslått rundt parkeringsplassen.

Illustrasjon av studentbustader sett mot nordaust (til venstre). Illustrasjonsplan (til høgre).

Byggprosjektet som ligg til grunn for planforslaget er enkelt forklart av arkitekten i eit notat, og synleggjer dei arkitektoniske grepa. Plasseringa av bygga i nord sørleg retning er vald av omsyn til bakanforliggende naboar, samstundes er organiseringa innanfor planområdet til dels gitt av korleis ein skal kunne handtere støy frå fylkesvegen m.m.

.....
Ved gjennomgang av planforslaget synes det å føreligge manglar i forhold til egna uteoppholdsareal og ganglinje for mjuke trafikkantar. Vi i vurderer i denne samanhengen desse manglane å vere meir ei kommunal utfordring, enn eit regionalt ansvar. Vi trekk derfor våre motsegn til planforslaget.»

Kommunen har i dialog med m.a. kommunen sin barnerepresentant vurdert den planlagde avsettinga av uteareal i plan og innhald i desse. Dette er også vurdert sett i høve til det samla tilbodet i tilgrensande område ved eksisterande studentbustader. Gjennom slik samla tilbod, og dei føringar som ligg i planføresegnene om utforming og innhald på områda, knytt til søknad om rammeløyve, vurderer vi dette som tilfredsstillande.

Gangvegssystemet vert tilrådd å halde fast på, etter som alternativ løysing skissert av Fylkeskommunen gir redusert tal p-plassar. Eg viser elles til at gangvegen Grønbakken i justert plan vert ført heilt fram til parkeringsarealet og at gangarealet/fortau vert vidareført austover forbi området for renovasjon.

Volda kommune- Opplæring og oppvekst, notat datert 11.01.2018

«Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følge av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

I pkt. 5.10 i framlegg til detaljregulering, står det om barn sine interesser:

Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.

Slik framlegget ligg, så er det lagt opp til to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt. Det er avsett felles uteopphaldsareal, der det vil vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Studenthyblane er ikkje tilrettelagt for barnefamiliar, noko som er bakgrunnen for at uteområda ikkje vert utstyrt som leikeplass.

I Teknisk foreskrift (TEK 10) står det i § 8-4 (I) om uteoppholdsareal:

«Uteoppholdsareal skal etter sin funksjon være egnet for rekreasjon, lek og aktiviteter for ulike aldersgrupper.»

Gode uteopphaldsareal er med på å gjere området attraktivt for uformelle møter.

Uteområde er viktig for alle aldersgrupper, frå det å kunne vere ute, møte andre eller vere i fysisk aktivitet i nærområdet. Oppfordrar difor til å legge til rette for at studentane kan møtast ute, både med sitjeplassar og til aktivitet som td. slakk line, balleik, grilling eller liknande. Eit forslag er at ein let studentane ha mulegheit til å medverke til utforming av dette arealet.

I samband med søknad om oppføring av bustadar skal det utarbeidast

Illustrasjonsplan for utforming av uteområdet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Det er positivt at det er satt av 1 plass for sykkel under tak per hybel, samt mulegheit til lading av el-sykkel og -rullestol.

Kommentar/ending:

Reguleringsføresegnene set rekkefylgjekrav knytt til opparbeiding og utforming av uteopphaldsareal slik merknaden viser til. Her må ein også, som nemnt i planomtalen, kunne sjå det samla tilbodet til uteopphald og aktivitetsareal i heile student-bustad området på Heltne, som samla gir eit variert og attraktivt tilbod. Merknaden gir ikkje grunn til endring i plan.

Leiinga Høgskulen i Volda, brev av 11.01.2018:

For Høgskulen i Volda er det viktig å kunne tilby studentane gode og rimelege studenthyblar. Gode levekår bidreg til at Volda blir opplevd som ein attraktiv studiestad, som igjen bidreg til eit godt omdømme og rekruttering til høgskulen. Det kjem fram i høringsdokumenta at behovet for hyblar er stort og at det er vanskeleg å få til økonomisk forsvarleg utbygging utan eit visst volum/tal hyblar. Med bakgrunn i dette håper Høgskulen i Volda at framlegget til detaljreguleringsplan vert godkjent i det føreslåtte omfang.

Kommentar/ending:

Merknaden gir ikkje grunn til endring

Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Etablering av studentbustader nær campus, og generelt ynskje om sentrumsnære bustader og konsentrert utbygging er i samsvar med intensjon og målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Her er det også opna for at det i slike relativt sentrumsnære områder kan tilretteleggast for auka etasjetal/byggehøgde.

Helse og miljøkonsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. I plan er det lagt godt til rette for gåande og for stimulere til auka sykkelbruk og redusert bilbruk.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi. Behov for infrastrukturtiltak i høve utbygging på eigedomen vert nærare avklara i samband med byggesak/søknad om rammeløyve.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Avklarast gjennom planprosess - ingen kjende, jf. ROS-sjekkliste.

Vurdering:

Arealbruksformålet er avklara i overordna plan.

Utnyttingsgrad og etasjetal/bygningsvolum er ikkje fastsett her og er ein naturleg del av vurderinga i høve detaljreguleringsplan.

Det er lagt opp til utbygging med inntil 5 etasjar i austlegaste blokk, og 4 og 3 etasjar på den vestlegaste blokka (2.byggesteg). Dette gir maksimal gesimshøgde opp til kote 79.1.

Dette er ein etasje over eksisterande studentbustadblokker, som har 4 etasjar og gesimshøgde ca kote 75.0.

Arkitekten har gitt ei god utgreiing om dei faglege grep som ligg til grunn for orientering av bygg i området. Jf. Omsyn til bygg retning og avtrapping i byggehøgde.

Ved offentleg ettersyn har ein ikkje motteke nokon merknader frå naboar.

Parkeringsdekning:

I plan er det på aktuelt byggeområde sett av 23 nye p-plassar for bil, der 4 av desse er Hk-plassar.

Vidare er det planlagt ei samla felles bruk av parkeringsareala i dette nye område og ved eksisterande blokker, som sikrar ei godt samla parkeringsdekning. Det er lagt føringar for dette i planføresegnene.

Elles er det lagt godt til rette for sykkelparkering og sykkellagring , med 1 plass pr. hybel plassert innvendig i underetasjen på blokk 1. Her vert det og lagt til rette for lading av el-syklar. Det er også i planføresegnene gitt krav om etablering av sykkelparkering ved inngangsparti. Dette er ei god løysing som truleg vil stimulere til auka bruk av sykkel og redusert bilbruk.

Elles er det i føresegnene til plan godt sikra reglar for tilrettelegging av utomhus opphaldsareal og utforming av areala omkring bygga. Det er også knytt rekkefylgjeføresegner som sikrar at dette er på plass når bustadane skal takast i bruk.

Tekniske anlegg:

Det står att ein del uavklara spørsmål knytt til behov for oppgradering av eksterne tekniske anlegg for vatn og avløp/overvatn tilknytt utbygging av området.

Ut frå dette er det heller ikkje avklara fullt ut om det er behov for utbyggingsavtalar knytt til slik opparbeiding av tekniske anlegg.

I føresegnene er det teke atterhald om dette, jf. § 6.4 der det heiter:

a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggst fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløpshandtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvass-disponering og lokal handtering av overvatn i samarbeid med kommunen.

Administrasjonen legg til grunn at desse spørsmåla blir nærare avklara i samband med detaljprosjektering av bygg/uteområde, og at behovet for utbyggingsavtalar tilknytt slike formål vert avklara tilknytt søknad om rammeløyve.

Konklusjon:

Det er gjennomført mindre endringar i planframlegget etter innspel og varsla motsegner ved offentleg ettersyn.

Endringane er avklara med dei røynde fagorgana i direkte avgrensa høyringar. Så langt ein kan sjå har ikkje endringane elles slike verknader for andre interesser eller direkte for aktuelle partar at det gir behov for nytt offentleg ettersyn.

Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av justert plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert tilrådd godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak i kommunestyret:

Utviklingssektoren for kunngjering av planvedtak

Kopi:

PER MULVIK AS, Holmen 7 6100 VOLDA jan@mulvik.no



Detaljreguleringsplan for Studentbustader på Langvatn/Heltne

Planidentifikasjon:

Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningssdato

Eigengodkjend av:

1519-2016010

dd.mm.åååå

Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet, sist revidert 12.10.2017, 28.02.2018 og 12.03.2018

§1. – GYLDIGHETSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor grensa skal areala nyttast slik som planen (plankart og føresegner) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5)

- 1113 Bustader blokker (BBB)
- 1550 Renovasjonsanlegg (f_BRE)
- 1600 Uteopphaldsareal (BUT)

3.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2012 Fortau (SF)
- 2015 Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2019 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- 2082 Parkeringsplassar (SPP)

3.3. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1, §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140)
- 210 Raud støysone (H210)
- 220 Gul støysone (H220)

§4. – AREALBRUK

4.1 – BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1.1 Bustader blokker (BBB):

- Innanfor BBB skal det oppførast 2 bustadblokker med mellombygg for inntil 195 hyblar/hybelleiligheter.
- Feltet tillatast utbygt i to byggjesteg iht. § 6.1
- Bygningane skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser, men trapperom og rømningstrapper tillatast å bryte byggjegransa med inntil 1m.
- Bygningar skal plasserast iht. linjer for planlagt bebyggelse (sosi-kode 1213), men avvik på inntil +/-2m tillatast under føresetnad av at bygningen framleis ligg innanfor regulert byggjegrænse, formålsgrænse og avstandskrav iht. Pbl.

- e) Bygningane skal ha flate tak og maksimal gesimshøgde skal ikkje overskride kotehøgden som er vist på plankartet:
 - a. Austre blokk: c+79,1
 - b. Vestre blokk – nordre halvdel: c+76,1
 - c. Vestre blokk – sørlege halvdel: c+73,1
 - d. Mellombygg: c+70,1
- f) Etasjetal avgrensast slik:
 - a. Austre blokk: U+4
 - b. Vestre blokk – nordre halvdel: U+3
 - c. Vestre blokk – sørlege halvdel: U+2
 - d. Mellombygg: U+1
- g) Ev. heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak tillatast å overstige maksimal gesimshøgde. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon.
- h) Grad av utnytting av tomte er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» BYA slik:
BBB: maks%-BYA=65%
- i) Balkong tillatast ikkje.
- j) Avbøtande tiltak m.o.t støy innandørs og på uteareal skal leggjast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017).
- k) Bygningane skal gjenspegle vår tids arkitektur, og det skal leggjast vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning.
- l) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemma fargar på bygningar/anlegg.
- m) Det skal setjast av plass til 1 sykkel pr. hybel under tak og leggjast til rette for lading av el-syklar og -rullestol.
- n) Krav til parkeringsdekning er 20% og skal dekkjast dels innanfor SPP1, dels innanfor gbnr. 20/45,46,49 og 20/23. Parkering for bil dekkjast utanfor formålet BBB og inngår ikkje i grunnlaget for BYA.

4.1.2 Renovasjonsanlegg (f_BRE 1):

- a) Område avsett til UAS-løysing (underjordisk avfallssystem/nedgravde avfallscontainerar med innkast over terreng).
- b) Området er felles for dei som bur innanfor gbnr.20/334, 20/46 og 20/49.

4.1.3 Uteopphaldsareal (BUT):

- a) BUT1 og 2 skal opparbeidast i samsvar med prinsipp for universell utforming, med grasdekke/fast dekke, minimum ein benk og eit areal på 2x2m med fast dekke.
- b) Det tillatast oppført trimapparat, mindre anlegg for balleik, leikeapparat og andre trivselsfremjande installasjonar som naturleg høyrer til.
- c) Areal skal ikkje vere brattare enn 1:3, og skjermast mot vegformål med gjerde eller tett hekk.
- d) BUT1 og 2 er privat/felles for dei som bur innanfor planområdet.

4.2 – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Køyrevegar (SKV)

- a) Vegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist på plankart.
- b) Køyrevegar SKV1-3 er offentlege. f_SKV4 er privat.

4.2.2 Fortau (SF)

- a) Fortau opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) SF1 er offentlig, f_SF2-4 er privat.
Va tilbakemelding i løpet av dagen

4.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

- a) Gang- og sykkelveg opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) SGS1-2 er offentleg, SGS3-4 er privat.

4.2.4 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

- a) Område langs vegar avsett til grøfter, skjering, fylling, terreng-murar, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.
- b) SVT er offentleg.

4.2.5 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

- a) Område avsett til m.a snøopplag.
- b) Det er ikkje høve til oppføring av sikthindrande installasjonar.

4.2.6 Parkeringsplassar (SPP)

- a) Parkeringsplassen er felles for dei som bur innanfor gbnr. 20/334.
- b) Opparbeidast med fast dekke og merka plassar.
- c) Det skal avsetjast 4 plassar for rørslehemma nær hovudinngang.
- d) Det skal leggjast til rette for lading av el-bil.
- e) Skjering- og fyllingsutslag, terrengmurar etc. kan leggst utanfor regulert område.

§ 5 – OMSYNSSENER

5.1.1 Frisiktsone (H140):

- a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
- b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

5.1.2 Raud støysone (H210):

- a) Bygningar og anlegg for varig opphald, eller areal tilrettelagt for uteopphald, leik og aktivitet, tillatast ikkje i raud sone utan støyskjerming.

5.1.3 Gul støysone (H220):

- a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).
- b) Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.

§ 6 – FELLESEFØRESEGNER

6.1 REKKEFØLGJEKRAV

- a) Uteopphaldsareal BUT2, parkeringsplass SPP, sykkelparkering under tak og renovasjonsområde BRE skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for første byggesteg (austre blokk)

- b) Uteoppshaldsareal BUT1 og sykkelparkering under tak skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for andre byggjesteg (vestre blokk inkl. mellombygg).

6.2 TERRENGBEHANDLING

- a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
- b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
- c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.3 VEGETASJON

- a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
- b) Byggjearbeid skal utførast med aktsemd med omsyn til terreng og vegetasjon.

6.4 PLANKRAV

- a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggjast fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløps-handtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvassdisponering og lokal handtering av overvatn vurderast i samarbeid med kommunen.
- b) Til søknad om rammeløyve skal det til kvart byggjesteg følgje med utomhusplan som m.a skal vise:
1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.
 2. Kotelinjer for framtidig og eksisterande terreng.
 3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m
 4. Korleis krav til parkeringsdekning for bil vert stetta internt og eksternt – herunder erklæring om avtale om sambruk av eksterne parkeringsplassar.
 5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.
 6. Utforming, innhald og opparbeiding av BUT1 og BUT2.
 7. Opparbeiding av øvrig fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.
 8. Parkmessig opparbeiding og beplantning.
 9. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.
 10. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)
 11. Ledelinjer, interne gangsamband i området, mot uteområda og mot eksterne gangsamband/vegar inkl. stigningsforhold.
 12. Korleis området mellombels skal tilretteleggast i 1.byggjesteg og fram til 2.byggjesteg.
- c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane.

6.5 AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

- a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Volda den.....

for rådmann-Per Heltne
Fagansvarleg Plan
e.f.m.



Teiknforklaring

	Eksist.bygning-takflate
	Bustadblokk
	Renovasjonsanlegg
	Uteoppghaldsareal
	Køyreveg
	Fortau
	Atrium/sykkelparkering
	Gang-/ sykkelveg
	Gangveg/gangareal
	Annan veggrunn - tekniske anlegg
	Annan veggrunn - grøntareal
	Parkeringsplassar
	Grønnstruktur
	Plangrense
	Byggegrense
	Omriss av planlagt bebyggelse
	Regulert senterlinje
	Frisiktlíne i veikryss
	Regulert kant køyrebane
	Regulert parkeringsfelt
	Sikringsgjerde
	Måle-/avstandslíne
	Overvassleidning
	Spillvassleidning
	Vassleidning
	Teiggrense

A	Etter off.ettersyn	JMO	13.03.18
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma			
Firma:	Per Mulvik AS	Sentralt:	70 07 49 90
Adresse:	Holmen 7	Direkte:	70 07 49 94
Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	jan@mulvik.no
Org.nr.:	941 987 516		
Prosjektnamn:			
Detaljregulering studentbustader Heltne			
Oppdragsgivar:			
Studentsamskipnaden i Volda			
Pb.278			
6101 Volda			
Prosjekterande:			
www.mulvik.no			
Tittel:		Teikna av: JMO	
Illustrasjonsplan		Dato: 12.10.17	
		Kontr.av:	
		Dato:	
		Erstattar teikn.:	
Teikningstype:			
PLANILLUSTRASJON			
Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2391	901	1:500	A

**FORSLAGSSTILLAR:
STUDENTSAMSKIPNADEN
I VOLDA**


PLANOMTALE:

FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Studentbustader på Langvatn/Heltne – Volda kommune

PlanID: 1519-2016010

DATO 12.10.2017



Innhold

1	SAMANDRAG	4
2	BAKGRUNN	4
2.1	Målet med planen	4
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	4
2.3	Tidlegare vedtak i saka	4
2.4	Utbyggingsavtalar	4
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	4
3	PLANPROSESSEN	4
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	4
4	PLANSTATUS OG RAMMER	5
4.1	Overordna planar	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan	6
4.3	Tilgrensande planar	6
4.4	Temaplanar	6
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	6
5	SKILDING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE	7
5.1	Lokalisering	7
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	8
5.3	Stadens karakter	8
5.4	Landskap	8
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	9
5.6	Naturverdiar	9
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde	9
5.8	Landbruk	9
5.9	Trafikkforhold	9
5.10	Barn sine interesser	9
5.11	Sosial infrastruktur	9
5.12	Universelt tilgjenge	10
5.13	Teknisk infrastruktur	10
5.14	Grunnforhold	10
5.15	Støyforhold	10
5.16	Luftforureining	11
5.17	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	11
6	SKILDING AV PLANFRAMLEGGET	11
6.1	Planlagt arealbruk	11
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål	12
6.3	Bebyggelsen si plassering og utforming	13

6.4	Bumiljø/bukvalitet	13
6.5	Parkering	13
6.6	Tilknytning til infrastruktur.....	14
6.7	Trafikkløysing	14
6.8	Planlagde offentlege anlegg.....	14
6.9	Miljøoppfølging	14
6.10	Universell utforming.....	14
6.11	Uteopphaldsareal	15
6.12	Landbruksfaglege vurderingar.....	15
6.13	Kulturminne	15
6.14	Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentlig nett.....	15
6.15	Avbøtande tiltak/løysingar ROS	15
6.16	Rekkefølgjekrav.....	15
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	15
7.1	Overordna planar.....	15
7.2	Landskap og omgjevnader	15
7.3	Staden sin karakter.....	16
7.4	Estetikk	16
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	16
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova.....	16
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde.....	16
7.8	Trafikkforhold.....	16
7.9	Sosial infrastruktur.....	16
7.10	Universell tilgjengelighet.....	16
7.11	Energibehov – energibruk	16
7.12	ROS.....	17
7.13	Teknisk infrastruktur	17
7.14	Økonomiske konsekvensar for kommunen	17
7.15	Konsekvensar for næringsinteresser.....	17
7.16	Interessemotsetnader/konflikttema	17
7.17	Avveging av verknader	17
8	KONSEKVENSGREIING	17
9	INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART.....	17
9.1	Innspel (samandrag med kommentar)	17
9.1.1	Innspel 1: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 03.03.2017)	17
9.1.2	Innspel 2: Kine Straume Engjoberg, Nygardsvegen 7 (datert 22.02.2017)	18
9.1.3	Innspel 3: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 07.03.2017)	18
9.1.4	Innspel 4: Naboar i Nygardsvegen og Bakkevegen (datert 05.02.2017)	20

9.1.5	Innspel 5: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017).....	20
9.1.6	Innspel 6: NVE (datert 21.02.2017).....	20
9.1.7	Innspel 7: Maren Leikanger Løken og Arron Whitehouse (datert 06.02.2017).....	20

Vedlegg:

1. 2391 Plankart
2. 2391 Reguleringsføresegner
3. 2391 Sjekkliste ROS
4. 2391 Referat frå oppstartsmøte
5. 2391 Vedtak i FSK
6. 2391 Varslingsbrev
7. 2391 Annonsetekst
8. 2391 Innspel/merknader til varsel om planoppstart
9. 2391 Sol-/skuggeanalyse (illustrasjon)
10. 2391 Arkeologi-rapport
11. 2391 Støyrappport
12. 2391 Landskap og omgjevnader
13. 2391_901 Illustrasjonsplan (illustrasjon)
14. 2391_401 Snitt 1 (illustrasjon)
15. 2391_402 Snitt 2 (illustrasjon)
16. 2391_403 Snitt 3 (illustrasjon)
17. 2391_404 Snitt 4 (illustrasjon)
18. 2391_Fjernverknader_3D-modell (illustrasjon)
19. 2391_ARK-beskrivelse (orientering frå arkitekt Oddvar Ekroll)

1 SAMANDRAG

På vegne av Studentsamskipnaden i Volda fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for studentbustadar på gnr.20 bnr.334 på Heltne i Volda kommune. Planen med namn «Studentbustadar på Langvatn/Heltne» har planID «1519-2016010», er utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt praktisk mogleg tilpassa innkomne merknader.

Det er nytta arkitektfagleg kompetanse m.a for å sikre nødvendige rammer i planen slik at den møter samskipnaden sine behov utan unødig ulempe for omgjenvadane. Etter vårt syn er prosjektet optimalisert både gjennom val av bygningsform, plassering/ orientering på tomta, høgderestriksjonar og m.o.t arkitektur. Verknader av tiltaket er synleggjort gjennom ulike illustrasjonar.

Konseptet vart presentert for utviklingsavdelinga 13.06.2017 og vi vurderer no saka som tilstrekkeleg opplyst som grunnlag for ei positiv kommunal handsaming.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Området er i kommunedelplanen for Volda-Furene (godkjent 18.12.2014) avsett til bustader AB-F-1 med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før utbygging. Det er mangel på studentbustadar i Volda, jfr. orientering frå studentsamskipnaden (vedlegg nr. 6). Målet med planarbeidet er difor å betre situasjonen ved å legge til rette for to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt samt tilhøyrande uteopphaldsareal og parkeringsplassar m.m. Det er også sett av eit renovasjonsområde for nedgravd løysing som skal vere felles for alle samskipnaden sine blokker på Heltne. Vidare er plangrensa mot Fv45 noko justert etter varsling for å kunne tilpasse veglinjeføringa til SVV si regulering som pågår vest for plangrensa.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Framlegget er utarbeidd for Studentsamskipnaden i Volda som også er grunneigar, med Per Mulvik AS som plankonsulent og Oddvar Ekroll AS som arkitekt.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

- 09.11.2016: Oppstartsmøte.
- 13.12.2016: Vedtak i FSK om planoppstart.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det vert ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen i denne saka.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan, og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 09.11.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Avklaring av planstatus og plantype
- Tilhøvet til overordna plan
- Krav til leveranse

- Omsyn til støy frå Fv45
- Avgrensing av planområdet
- Mål for planarbeidet
- Planprogram og konsekvensutgreiing
- Relevante vedtekter, forskrifter og retningslinjer

Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert i avisa Møre og ved varslingsbrev med frist for innspel/merknader satt til 06.03.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Innspel til varsel om planoppstart

I samband med varsel om planoppstart kom det inn 7 innspel. Desse er vurdert, oppsummert og kommentert bak i planomtalen. Alle innspel er vedlagt.

Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte paratar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.


Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	09.11.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte paratar.	konsulent	Varslingsbrev: 11.01.2017 Kunngjeringsannonse: 11.01.2017 Merknadsfrist: 06.03.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mars 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mars – August 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	September 2017
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring (frist 12 veker).	kommunen	September- oktober 2017
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Oktober - November 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	November 2017
Ev. endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.	kommunen/konsulent	

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

PlanID: 2010013 «Kommunedelplan for Volda - Furene» – godkjent 18.12.2014 – er gjeldande for planområdet. Planområdet inngår der i området AB-F-1 avsett til bustadar med krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.




Figur 1 Utsnitt fra gjeldende kommunedelplan inkl. plangrense ved varsling

4.2 Gjeldende reguleringsplan

Hovuddelen av planområdet var i reguleringsplanen «1991001 - Del av Langvatn og Abeltun» regulert til offentlig friområde. I gjeldende kommunedelplan er formålet endra til bustadar.

4.3 Tilgrensande planar

F.o.m Grønbacken og austover er reguleringsplanen «1973003 Studentheimane på Heltne» gjeldande. Sør for Fv45 gjeld «1993001 – Midttun» og i nordvest «2014002 – Nygardsvegen 2 og 4».



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplanar inkl. plangrense ved varsling

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar


Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss. RPR for barn og unge er lagt til grunn for planarbeidet.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg på gnr.20 bnr.334 på Langvatn/Heltne i Volda kommune.




Figur 3 Oversiktskart med avmerkt planområde.

Avgrensing og storleik på planområdet

Planområdet utgjør om lag 7,2 daa, og var ved varsling av planoppstart avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor. Mindre justeringar som er gjort i ettertid står omtalt i parentes.

- Nord: Teiggrense/formålsgrense/plangrense i PlanID 1991001. Om lag sentrisk i Nygardsvegen.
- Sør: Formålsgrense/plangrense i PlanID 1991001 med tillegg for friskt (teke inn meir av Fv45)
- Aust: Teiggrense mot 20/46 med tillegg for avkøyrsløp og friskt.
- Vest: Teiggrense mot gbnr.20/314, 20/315 og 20/476 (nordre del av plangrensa trekt austover til austre grense av stripearealet tillagt/tilhøyrande gbnr.20/315).



Figur 4 Planavgrensing ved varsling

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Sjølve planområdet er ubebygt medan områda nord for Nygardsvegen, sør for Vikebygdvegen og vest for plangrensa er bustadområde. Aust for Grønbakken finn vi studentsamskipnaden sine tre studentblokker.



Figur 5 Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse

Eksisterande busetnad utanfor plangrensa består hovudsakleg av frittliggande småhus i 1-2 etasjar, medan blokkene i aust går over tre etasjar + kjellar. Vedlegg nr.12 syner fotos av landskap og omgjevnadane.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Nordlege halvdel av tomta vart på 90-talet oppfylt med overskotsmassar og ligg såleis noko høgare enn naturleg terreng nedanfor. Terrenget hellar elles svakt mot sør/sørvest. Vedlagte terrengsnitt syner forholdet mellom eksisterande terreng, planlagt bebyggelse og eksisterande bygg.



Figur 6 Landskapet i og rundt planområdet (Google Earth)

Solforhold/lokalklima

Vedlagt følger sol-/skuggeanalyse for eit utval klokkeslett 20.mars og 21.juni – jfr. vedlegg nr.9. Analysen

tek omsyn til kringliggjande fjell og syner at området er svært solrikt. Analysen syner også verknadane av ei utbygging innanfor dei rammene som planframlegget gir. Omtale av dette følgjer i kap. 6 og 7.

Estetisk og kulturell verdi

Planområdet har ingen registrerte estetisk eller kulturelle objekt av verdi.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Elles er det, i samsvar med innspel frå fylkeskommunen, gjennomført arkeologiske registreringar utan funn. Jfr. vedlegg nr.10.

5.6 Naturverdiar

Kartbasar som www.naturbase.no avdekkjer ingen registrerte artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har, etter det vi kjenner til, ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk

I følgje www.skogoglandskap.no består sørlege halvdel av gnr.20 bnr.334 av fulldyrka jord medan nordlege halvdel er open jorddekt fastmark.

5.9 Trafikkforhold

Avkøyrsløst/tilkomst til planområdet

Avkøyrsløst til planområdet vert frå Grønbakken som munnar ut i Fv45/Vikebygdvegen.

Vegsystem

I nord ligg den kommunale bustadgata Nygardsvegen mellom Heltnevegen (samleveg) i vest og den kommunale bustadgata Grønbakken i aust. Nygardsvegen har ei opparbeidd breidde på ca 4,5m, har blanda funksjon og betener eit fåtal bustadhus nord for planområdet. I austre ende av Nygardsvegen kryssar Grønbakken som strekkjer seg frå Fv45 og nordover til Bakkevegen. Grønbakken er regulert som køyreveg med tilkomst til studentblokkene i nedre del, og som gangveg vidare oppover. I sør går Fv45/Vikebygdvegen med separat gang- og sykkelveg opparbeidd i 3m breidde.

Trafikkmengde

Vegvesenet sin kartbase oppgir ÅDT=5840 for Fv45 forbi planområdet. Kommunale vegar manglar data.

Ulykkessituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar

SVV sin database syner ingen registrert personskafe i eller ved sjølve planområdet.

Kollektivtilbod

Det er buss-samband både langs Heltnevegen (ringrute) og Fv45 forbi planområdet - med busstopp like ved studentbustadane.

5.10 Barn sine interesser

Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet/barnehagedekning

Ikkje relevant utfrå planlagt formål.

Butikk

Det finnst nærbutikk ca 170m vest for planområdet.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag, men ligg topografisk godt til rette for dette.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

I GS-vegen langs Fv45 ligg både ei 200mm spillvassleidning og ei 160mm vassleidning. I Grønbakken ligg ei 375mm overvassleidning med overgang til 500mm gjennom Fv45 og vidare. Ein føreset at desse har kapasitet og kan tilknyttast.

Trafo

Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området blir ivaretatt frå trafokiosken mellom blokkene aust for Grønbakken.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknytting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold

Iht. NGU sine lausmassekart ligg planområdet godt utanfor sona for marine strandavsetningar og består av tjukk morene som normalt gjev stabil byggegrunn. Temaet skal elles vurderast i byggjesaka – jfr. Pbl.



Figur 7 Utsnitt frå NGU lausmassekart

Skredfare

NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ikkje er utsett for skred- eller flaumfare.

5.15 Støyforhold

Iht. SVV sine støyvarselkart ligg delar av planområdet i raud og gul sone for vegtrafikkstøy. Det er difor utarbeidd støyrapport (vedlegg nr.11) med tiltak innarbeidd i planframlegget. Resultatet av berekningane er vist som omsynssoner på plankartet som gul og raud støysone for hhv. 55-65dB og over 65dB.



Figur 8 Utsnitt fra SVV sine støyvarselkart

5.16 Luftforureining

Der er ingen kjelder til luftforureining i området som utløyer behov for tiltak. Vegstøv fra Fv45 vurderast til å ligge godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Ingen.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Følgjande reguleringsformål inngår i planområdet:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-blokker (BBB)	2,80
Renovasjonsanlegg (REN)	0,07
Uteopphaldsareal (BUT)	0,91
Sum areal denne kategori:	3,78
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – grøntareal (SVG)	0,31
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,19
Fortau (SF)	0,43
Gang-/sykkelveg (SGS)	0,40
Køyreveg (SKV)	1,41
Parkeringsplassar (SPP)	0,73
Sum areal denne kategori:	3,46
Totalt alle kategoriar:	7,24

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bustadblokker (BBB)

Innanfor formålet BBB er det planlagt bustadblokker samankopla med eit mellombygg som m.a gjev gang-forbindelse mellom blokkene og tener som «tak» over inngangspartia i underetasjen.

Plankartet viser byggjegranser samt linjer for planlagt bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegransene, men kan fråvike linjer for planlagt bebyggelse med inntil 2 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.

Til kvar hybel er det lagt til grunn 1 plass for sykkel under tak innanfor BBB, medan parkeringsplass for bil er avsett som eige formål – SPP1. Det er lagt til grunn 20% parkeringsdekning dekt dels gjennom SPP1 og dels gjennom sambruk av parkeringsplassar ved eksisterande blokker på gbnr.20/45,46,49 og 23

Det er planlagt inntil 195 hyblar fordelt på 120stk i 1.byggjesteg (austre blokk) og 75stk i 2.byggjesteg (vestre blokk). Av desse vil ca 20% vere tilpassa krava til tilgjengeleg hybel. 4 av parkeringsplassane innanfor SPP1 er som følgje av dette tilpassa rørslehemma.

Renovasjonsanlegg (REN)

Dette området er avsett til renovasjonspunkt felles med eksisterande blokker aust for Grønbakken. Det leggst opp til nedgravd containerløysing i samarbeid med VØR.

Uteopphaldsareal (BUT)

Områda BUT1 og 2 er avsett til felles uteopphaldsareal for dei som bur i blokkene. Her vil det vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Areal skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming med grasdekke/fast dekke og gjerde mot trafikkareal.

Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Desse områda skal opparbeidast som grøntområde og m.a tene som snøopplag. Kommunen rår elles til at eksisterande alleiar langs fylkesvegen og Grønbakken vert vidareført.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Område langs køyreveggar avsett til grøft, snøopplag m.m.

Fortau (SF)

Statens vegvesen har under regulering delar av Fv45 vest for plangrensa. Køyrebane (SKV1) og fortau (SF1) er difor konstruert i samråd med SVV slik at linjer og formål i dei to planane samsvarar for evt. seinare samankopling. Dagens gang- og sykkelveg er forøvrig opparbeidd i ca 3m breidde skilt frå køyrevegen med rabatt.

Etter innspel frå kommunen er o_SF1 si nordre formålsgrænse samanfallande med asfaltkant eksisterande GS-veg. Linjer og formål er elles kvalitetssikra av SVV v/Misund 06.09.2017.

Gang- og sykkelveg (SGS)

Aust for avkøyrsla til Grønbakken er det opparbeidd ein ca 3m brei asfaltert gang- og sykkelveg skilt frå Fv45 med grøntarabatt. I gjeldande reguleringsplan er det her regulert inn eit relativt breitt formål for gangvei (kode 322) som vi har valt å vidareføre i planframlegget. Både denne (SGS1) og SGS2 (øvre del av Grønbakken) er vidareført frå gjeldande plan.

Køyreveggar (SKV)

Jamfør omtale av SF1 ovanfor. SKV1 si linjeføring er basert på skissa vi fekk frå SVV som viser eit 7m breitt vegområde med tosidig fortau. Regulert køyrebane kant er lagt 3,25m frå regulert senterlinje.

SKV2 er endra inn mot Fv45 i høve gjeldande regulering slik at plassering av krysset samsvarar med faktisk opparbeiding. I tillegg er krysset retta opp til vinkelrett på Fv45 for betre oversikt. Dimensjonerande køyrety er lastebil. Øvre del av Grønbakken er regulert som tidlegare, herunder også plassering av over-gangen mellom køyreveg og gangveg.

SKV3 er ei vidareføring av vegformålet i planID 2014002, og samsvarar med faktisk opparbeiding.
SKV4 er avkøyrsløse til blokkene aust for Grønbacken, og regulert i samsvar med faktisk opparbeiding.

Parkeringsplassar (SPP)

I nedre del av planområdet er det avsett parkeringsplass for 23 bilar, herav 4stk tilpassa rørslehemma.

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde

Det er lagt vekt på ei utforming og plassering av blokkene som etter vårt syn tek omsyn til omgjevnadane. Ein har m.a valt å orientere bygga tilsvarande eksisterande blokker i aust, dvs. med kortsidene mot dei bebygde områda nord og sør for planområdet. Dette sikrar lys og luft mellom bygga og minimerer utsikts- og soltap for bustadane på nordsida.

Blokkene plasserast innanfor byggjegranser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgde som framgår av føresegnar og plankart. Maksimal byggjehøgde er angitt med koter. Ein viser elles til vedlagte perspektivskisser og terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.

Av omsyn til gbnr.20/314, som grensar til planområdet i vest, vert sørlege halvdel av vestre blokk redusert med ein etasje i høve nordlege del. Dette inneber at denne blokka kan oppførast i inntil U+3 etasjar med maksimal gesimshøgde 76,1m nord for mellombygget og i inntil U+2 etasjar med maksimal gesimshøgde 73,1m sør for mellombygget. Avstand til teiggrensa er også regulert med byggjegrænse.

Kommunal kartbase syner at den delen av blokka som ligg rett aust for gbnr.20/314 med dette vil få ei maksimal gesimshøgde som ligg under mønehøgda på bustadhuset. Jfr. vedlegg nr. 16

Tilsvarande vil austre blokk kunne oppførast i inntil U+4 etasjar innanfor maksimal gesimshøgde 79,1m. For begge blokkene gjeld at det ved behov kan tillatast at trapperom/rømningsstrapper bryt byggjegrænse med inntil 1m, og at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesimshøgde.

Mellombygget kan oppførast i inntil U+1 etasje innanfor maksimal gesimshøgde c+70,1.

Grad av utnytting (%-BYA)

For BBB er det lagt til grunn slik grad av utnytting:

BBB: %-BYA=65%.

Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnyttingsgrad.

Antal bueiningar/fordeling

Innanfor BBB kan det oppførast to blokker med eit samla tal på 195 hyblar slik:

Austre blokk: Maks. 120 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.

Vestre blokk: Maks. 75 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Barn og unge

Då hyblane ikkje er tilrettelagt for barnefamiljar, er det ikkje avsett eigen leikeplass men to område regulert som uteopphaldsareal. Desse kan opparbeidast med benkar, grill, evt. leikeapparat m.m etter behov. Ein viser også til dei store grøntområda ved eksisterande blokker i aust som også kan disponerast.

Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol/skuggeanalyse syner tilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni – og er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget. Analysen er lagt til grunn ved utforming og plassering av bygningar og uteopphaldsareal med formål å redusere ulemper for omgjevnadane og sikre gode soltilhøva på uteopphaldsarealet.

6.5 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

I nedre del av planområdet er det avsett parkeringsplass for 23 bilar, herav 4stk tilpassa rørslehemma. Ved eksisterande blokker i aust, som består av 153 hyblar og 32 leiligheiter, er det tilgjengelig ca 63 parkeringsplassar.

Totalkapasiteten er dermed 86 p-plassar som fordelt på inntil 380 hyblar gjev ca 0,22 plassar pr. hybel. Då det er vektlagt god tilrettelegging for gåande og for sykkelbruk, er det etter avtale med kommunen sett krav om 20% parkeringsdekning i reguleringsføresegnene.

Forøvrig er det ei målsetjing både lokal og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Kort avstand til sentrum og høgskule, saman med godt utbygt nett av gang- og sykkelveggar, legg tilhøva her godt tilrette for bruk av m.a sykkel. Det er difor lagt til grunn at kvar hybel disponerer sin eigen sykkelplass nær inngangen. Det vert elles lagt til rette for lading av både el-syklar, el-bilar og elektrisk rullestol.

6.6 Tilknytning til infrastruktur

Vatn og avløp

I GS-vegen langs Fv45 ligg både ei kommunal 200mm spillvassleidning og ei 160mm vassleidning, medan det i Grønbakken ligg ei 375mm overvassleidning som er oppgradert til 500mm gjennom Fv45 og vidare. Ein føreset at desse har kapasitet og kan tilknyttast. Parkeringsplassen fell mot sør/sørvest og avrenning frå denne er føresett ført til terreng/veggrøft langs Fv45.

6.7 Trafikkløysing

Køretilkomst

Parkeringsplassen er tilknytt den kommunale gata Grønbakken, som munnar ut i Fv45. Krysset mellom Fv45 og Grønbakken er dimensjonert for lastebil og utan behov for yttarlegare oppgradering.

Utforming av vegar

Planframlegget inneheld ingen nye vegar utover manøvreringsareal for parkeringsplassen. Vedkomande eksisterande vegar viser vi til kap. 6.2.

Stigningsforhold

Uendra situasjon.

Frisikt

I krysset mellom Fv45/Grønbakken og Nygardsvegen/Grønbakken er det avsett linjer for frisikt i samsvar med N100.

Mjuke trafikantar

Langs Fv45 er det opparbeidd GS-veg i 3m breidde og regulert inn fortau-/gangvegforbindelse mot denne som gjev trygg tilkomst for bebuarane både i høve høgskuleområdet, sentrum, nærbutikk og kollektivtransport. Vegvesenet si regulering i området vil bidra til ei yttarlegare betring for mjuke trafikantar m.a ved breiare fortau/ gang- og sykkelveggar kombinert med 2-plans rundkøyring i vest med fortau over køyrebanane.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold

Alle vegar, med unntak av SKV4 som gjeld tilkomst til eksisterande blokker, regulerast som offentleg.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Ingen utover mogleg behov for oppgradering av VA-nett.

6.9 Miljøoppfølging

Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming

Krav:

Bygningar og uteareal skal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar for universell utforming.

Løysing:

Jfr. Tek17.

6.11 Uteopphaldsareal

Privat og felles uteopphaldsareal

Det er avsett to område – BUT1 og 2 - på tilsaman 910m² til uteopphald. Areal har god storleik, breidde over 10m, er flate og solrike og på alle måtar godt eigna til formålet. Som omtalt tidlegare kan områda opparbeidast som grasbakke/plen og fast dekke, og utstyrt med benkar, leikeapparat etc. etter behov. BUT1 har eit areal på 480m², medan BUT2 utgjer 430m². Saman med grøntarealet på ca 7500m² rundt samskipnaden sine eksisterande blokker like ved, vurderer vi det totale uteopphaldsarealet som rikeleg. Utforming, innhald og opparbeiding skal framgå av utomhusplan ved søknad – jfr. føresegnene §6.4

Leikeplassar/grunningjeving for evnt. avvik frå vedtekter/normer.

Ufrå planlagt bruk som studenthyblar utan tilrettelegging for barnefamiljar, vert ikkje uteområda utstyrt som leikeplass (Jfr. fylkesmannen sin merknad til planoppstart). Opparbeidinga blir elles iht. prinsippa for universell utforming med høve til etablering av leikeplassutstyr innanfor BUT1 og 2 ved ev. seinare behov.

Tilkomst og tilgjenge

Areal skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk – synleggjort i byggjesaka.

Sesongbruk

Ikkje relevant ut frå planlagt bruk.

Andre uteopphaldsareal

Ikkje relevant ut frå planlagt bruk.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket – jfr. føresegn §6.4 og 6.1.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar

Reguleringsformålet er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med kommuneplanarbeidet.

6.13 Kulturminne

Inga endring som følgje av plan.

6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast teknisk plan/VA-plan for tiltaket.

6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Ingen.

6.16 Rekkefølgjekrav

Uteopphaldsareal og parkeringsplassar skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane. BUT2 og SPP inngår i første b.steg (austre blokk). BUT1 inngår i andre b.steg (blokk vest + mellombygg).

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t formål og utstrekning.

7.2 Landskap og omgjevnader

Endring frå ubebyggt mark til blokkbebyggelse vil nødvendigvis synast, men som omtalt framanfor er det gjort fleire grep for å minimere ulempene for kringliggjande busetnad både m.o.t utsikt og soltilhøve. Ein viser her til punkt 6.3 som gjeld plassering og høgder på bygga.

For å synleggjere fjernverknader/verknadar i høve landskap og omgjevnader, er det utarbeidd ein enkel 3D-modell av området. Utsnitt frå denne følgjer i vedlegg nr.18 og viser arkitekten sin skissemmodell av planlagt bebyggelse. I tillegg er det utarbeidd terrengsnitt som syner forholdet mellom nye og eksisterande bygg, terreng m.m – jfr. vedlegg nr.13-17.

Saman med sol- og skuggeanalysen (vedlegg nr.9) meiner vi at verknadane av planframlegget i høve landskap og omgjevnader er synleggjort så godt som mogleg.

7.3 Staden sin karakter

Utbygginga representerer etter vår vurdering ei naturleg utviding av eksisterande blokkbebyggelse i aust.

7.4 Estetikk

Etter vår vurdering er det i stor grad teke omsyn til estetikk både ved utforming og plassering av bygga der ein både spelar på lag med terrenget og vidarefører prinsipp som er nytta aust for Grønbakken. Blokkene vil forøvrig få eit moderne preg som speglar vår tids arkitektur – og bidra til eit estetisk og arkitektonisk løft i høve eksisterande bygningsmasse. Viser elles til arkitekten si orientering – vedlegg nr. 19.

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Inga endring som følge av plan då det ikkje er registrert slike verdier i området.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagt arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldslova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Området vert i større grad tilrettelagt for rekreasjon etter utbygging enn før ved at det er avsett to store areal til felles uteopphaldsareal for leigetakarane. Samla areal utgjer i overkant av 900m², opparbeidast som plen/fast dekke og kan utstyrt med benkar, trimapparat eller anna utstyr som naturleg høyrer til. Begge områda er solrike og skjerma for trafikkstøy – jfr. støyrapport.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Krysset mellom Grønbakken og Fv45 er dimensjonert for lastebil og har god kapasitet til meirtrafikken som følge av utbygginga.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Trafikkauken som følge av utbygginga vurderast som marginal. Ved å legge parkeringsplassen heilt inntil Fv45 minimerer ein også intern biltrafikk og styrkjer med det trafikktryggleiken internt. Samskipnaden har elles erfart frå eksisterande blokker at studentane sin bilbruk i vekedagane er svært begrensa. Dette skuldast mest truleg den korte avstanden til høgskulen, og bilbruken er i hovudsak knytt til helgar og feriar.

Som omtalt framanfor leggst det godt til rette for bruk av sykkel framfor bil, og tryggleiken vurderast totalt sett som god både for bilistar og mjuke trafikantar.

7.9 Sosial infrastruktur

For voldasamfunnet er studentane viktige både sosialt og økonomisk, og god tilrettelegging som sikrar trivsel og rekruttering er viktig både for skulane, handelsstanden og generelt næringsliv i Volda.

7.10 Universell tilgjengelighet

Gjeldande krav til universell utforming av bygg og uteområde leggst til grunn for tiltaket.

7.11 Energibehov – energibruk

Det leggst til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.).

7.12 ROS

Er området utsett for flaum, snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Nei.

7.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Som omtalt framfor vert vatn, spillvatn og overvatn tilknytt offentleg nett i gang- og sykkelvegen langs Fv45. Dette vert ein del av prosjekteringa av tekniske anlegg i samband med byggjesaka.

7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen som følgje av utbygginga.

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Jfr. punkt 7.9.

7.16 Interessesettnader/konflikttema

Delar av nabolaget har gjennom merknader og underskriftsaksjonar uttrykt uro for tap av utsikt og soltilhøve og i noko grad også støy (feststøy) frå leigetakarane.

7.17 Avveging av verknader

Etter vår vurdering tek planframlegget i stor grad omsyn til merknadane slik det er gjort greie for framfor:

- 1) Orientering av blokkene med kortsider mot nord og sør, saman med god innbyrdes avstand mellom bygga ivaretek omsynet til utsikt frå eigedomane nord for Nygardsvegen.
- 2) Byggjegranser, linjer for planlagd bebyggelse og angitt makskote for gesims gjev ein føreseieleg plan med begrensa soltap og skuggeverknad på tilgrensande eigedomar. Jfr. vedlegg nr 9 m.fl.
- 3) Grunna merknader frå naboar knytt til uro for innsyn og støy, vert det ikkje tillate med balkong.

Etter vår vurdering er rammene for utbygginga definert slik i framlegget at ulempene for naboar er minimert til eit nivå som må kunne akseptast.

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 7 innspel. Samandrag med kommentar følgjer her og alle innspel er i si heilheit vedlagt.

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Innspel 1: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 03.03.2017)

Oppsummering av merknad:

Støy:

Planområdet ligg i gul/raud støyzone, og det må gjerast ei støyfagleg utgreiing som tek opp i seg kor høge studentblokkene skal vere slik at ein sikrar tilfredsstillande støytilhøve i heile bygningen. Det må også sikrast uteområde med tilfredsstillande støytilhøve.

Samfunnstryggleik:

Må gjennomføre ROS-analyse iht. fylkesmannen si sjekkliste. Evt. område for fare, risiko eller sårbarheit merkast som omsynssone med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkjeleg tryggleik.

Barn og unge:

Dersom det vert opna for bustader utover enkle studenthyblar med felles kjøken etc., slik at det er bustader

der det er naturleg at det kan bu familiar med barn, må det vere leikeareal tilgjengelig i området iht. Pbl §5-1 og rundskriv T-2/08. Planomtalen må gjere greie for verknader av planen for barn og unge og gi ei oversikt over evt.leikeareal som alt finnst i området. Nærleikeplassar skal setjast av der det blir etablert 5 eller fleire bueiningar. Alle bueiningar skal innan 50m ha slik leikeplass på min.200m2 og maksimalt 20 bueiningar kan vere felles om ein slik. Det skal vere gode sol- og støyforhold og arealet må skjermast for trafikkfare. Ved etablering av 20 eller fleire bueiningar skal det innan 150m vere ein områdeleikeplass (for aking, balleik, sykling m.m) som bør vere minst 1500m2. Maksimalt 50 bueiningar kan dele ein slik. Eigna areal skal sikrast i kart og føresegnar med funksjons- og rekkefølgjekrav i føresegnene: Opparbeidd med min. sandkasse, benk og eit leikeapparat før første bustad kan takast i bruk.

Universell utforming:

Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og kravet til byggetiltaket – jfr. pbl §1-1.

Kommentar:

- Støyrapport er utarbeidd og teke omsyn til i planlegginga.
- ROS-analyse inngår i planarbeidet.
- Det er ikkje lagt opp til bustadar der det er naturleg at det kan bu familiar med barn. Det er difor heller ikkje lagt opp til leikeplassar men derimot uteopphaldsareal som evt. kan utstyrt med leikeapparat.
- Gjeldande krav til universell utforming leggst til grunn for bygg og uteområde.

9.1.2 Innspel 2: Kine Straume Engjaberg, Nygardsvegen 7 (datert 22.02.2017)

Oppsummering av merknad:

Generelt:

Uroleig for konsekvensar for naboar og verditap dersom det ikkje vert teke omsyn. Håper det vert bygt berre ei blokk og då saman med dei andre slik at ein vert skjermast mot støy, tap av lys og luft og at ein følgjer eksisterande byggeskikk med maksimalt 4.etg (viser til nabolova §2). Merknaden inneheld også liste med 9 underskrifter.

Støy:

Sjølv med relativt stor avstand er støy frå bebuarane til sjenanse særleg i studenthøgtidene i mars/april, t.o.m sommarferien og fadderveka i august. Opplever regelmessig støy i form av høg musikk og/eller frå menneske. Regelverket om ro frå kl.23 kvardagar og kl.01 natt til laurdag og søndag vert ikkje følgt. Ein antar at støyproblema vil auke proporsjonalt med talet på blokker og vere ei belastning særleg for barne-familiar når desse kjem nærare eksisterande bustadar.

Sol/skugge:

Fryktar tap av sol-/dagslys dersom ein byggjer i 5 etasjar. 4-5 etasjar vil kunne skuggelegge store delar av eigedomen og gi bebuarane fritt innsyn mot altanen og opphaldsrom. Ber difor om at ein begrensar til 4 etasjar slik som eksisterande blokker. Dette vil også samsvare med gjeldande byggeskikk.

Erstatning:

Fryktar verditap og viser til nabolova §9.

Kommentar:

- Det er i stor grad teke omsyn til nabolaget vedk. støy, lys og luft/utsikt. Busetnaden nord for feltet er prioritert m.a ved at bygningane er orientert slik som eksisterande blokker i aust med god innbyrdes avstand og kortsider vendt mot nord. Dette ivaretek omsynet til utsikt, lys og solforhold.
- Som tiltak for å avgrense støy frå hyblane vert balkongar ikkje tillate. Utover dette føreset ein at samskipnaden sitt ordensreglement vert halde.
- I vurdering av etasjetal er vedlagte sol-/skuggeanalyse lagt til grunn. Etasjetal og bygningshøgder er avgrensa til det som etter vår vurdering gjev akseptabel skuggeverknad utanfor plangrensa, og for å sikre dette i gjennomføringa er maksimal tillaten gesimshøgde nedfelt i føresegnar og på plankart. Analysen viste m.a at berre den austlegaste blokka bør tillatast i 5 etasjar (U+4).

9.1.3 Innspel 3: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 07.03.2017)

Oppsummering av merknad:

Generelt:

Også ved planlegging av studentbustadar må tilstrekkjeleg og eigna utomhus opphalds- og leikeareal vere sikra. Arealet skal vere opphaldsstad for bebuarar og besøkande på bakkeplan og kunne nyttast av alle,

vaksne som barn. Understrekar særleg plassering i høve skuggeverknad og trafikktryggleik.

Sol:

Iht. rettleiar for grad av utnytting skal leikeareal ha minst 50% sol kl. 15 ved vårjamndøgn (20.mars). Rår til utarbeiding av sol-/skuggeanalyse som viser arealet sett ovanfrå med arealformål vist på bakkeplan.

Trafikktryggleik:

Av omsyn til trafikktryggleik for dei minste rår ein til at ferdsel mellom inngangsparti og opphald-/leikeareal planleggast slik at ein slepp å måtte krysse intern køyreveg eller parkering.

Avgjerande faktor for utbygging:

Kravet til tilstrekkeleg og eigna utomhusareal er med på å avgjere kor mange einingar og kor høge bygg ein kan etablere. Plankonsept, omfang, høgder etc. må endrast dersom ikkje opphalds- og leikeareal blir tilstrekkeleg eller eigna, eller verknadane medfører at naboareal t.d vert liggande i skugge.

Evt. vertikaldelt plan:

Dersom delar av utomhus opphalds- og leikeareal skal ligge på tak, må plandokumenta sikre dette på same måte som på bakkeplan t.d ved vertikaldelt plan.

Arealføremål og byggjegranser:

Føreset bruk av konkrete arealføremål og byggjegranser m.m, samt rekkefølgeføresegn som sikrar opparbeiding i praksis knytt til ferdigattest for første eining.

Krav ved offentlig ettersyn:

Vert fremja motsegn om det ved offentlig ettersyn ikkje er fastsett og dokumentert tilstrekkeleg og eigna utomhus opphalds- og leikeareal. Det same viss verknadane av forslaget gjer utomhusareala på nabotomt ueigna.

Heimel:

Krav om eigna utomhus og leikeareal er heimla i Pbl. §28-7 , Tek10 §8-1 og 8-4.

Kva er eigna areal?:

Viser til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging – rundskriv T-2/08 og refererer frå kap.1 (generelle utformingskrav) og kap-3 (konkretisering av utformingskrava)

Automatisk freda kulturminne:

Området har potensiale for funn og det må gjerast arkeologisk registrering i samsvar med §9 i KML. Forslagsstillar må dekke utgiftene (jfr. vedlagte budsjett) og leige inn gravemaskin. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett som er basert på gjeldande plangrense. Evt. endring av denne medfører behov for justering av budsjett. Omtaler prosessen og krav til maskinutstyr. Rår til snarleg registrering då evt. funn kan påverke planutforminga.

Kommentar:

- Viser til merknaden frå fylkesmannen og legg denne til grunn. Hyblane vert ikkje tilrettelagt for barne-familiar, så det vert ikkje kravd eigne leikeplassar med utstyr. Derimot er det sett av to store ute-opphaldsareal på til saman over 900m². Desse skal opparbeidast i tråd med prinsippa for universell utforming med breidde over 10m, gjerde mot trafikkareal, helling maks. 1:3 m.v. Areal stettar såleis alle krav som også er gjeldande for leikeplassar, men vert ikkje kravd opparbeidd med leikeapparat som sandkasse og liknande. Det er derimot opning for at slik utstyr kan førast opp om ønskeleg.
- Ang. sol-/skugge viser ein til vedlegg nr.9 som er basert på full utbygging. Byggjesteget 1 består av blokk aust inkl. BUT2, og vil gje svært gode soltilhøve (100% kl.15 ved vårjamndøgn) på BUT2. Ved full utbygging vil vestre blokk kaste noko skugge på BUT2, men då er til gjengjeld BUT1 opparbeidd og tilsvarende solrik. Vi vurderer difor kravet til 50% sol ved vårjamndøgn som innfridd. Seinare på våren/sommaren har begge plassane svært gode solforhold.
- Blokkene vert ikkje tilrettelagt for barnefamiljar.
- Utfrå planlagt bruk, og studentsamskipnaden sine erfaringar, har uteareala tilstrekkeleg storleik. I tilknytning til samskipnaden sine eksisterande blokker i aust er det store grøntområde m.a på nordsida som også kan nyttast. Desse områda er tilrettelagt for grilling og meir arealkrevjande aktivitetar som t.d ballspel. Med dette disponerer studentsamskipnaden eit samla sett rikeleg stort og eigna uteopphalds-areal for varierte typar aktivitet.
- Det leggst ikkje opp til uteopphaldsareal på tak, og planframlegget er detaljert i samsvar med innspel.
- Vedlagte sol-/skuggeanalyse syner at det ved vårjamndøgn fell noko skugge på kringliggjande tomter, men at dette betrar seg raskt utover våren/sommaren. Viser elles til omtale lenger framme om kva grep

- som er gjort for å redusere ulempene m.a for gbnr. 20/314.*
- *Dei arkeologiske registreringane gav ingen funn – jfr. vedlagte rapport.*

9.1.4 Innspel 4: Naboar i Nygardsvegen og Bakkevegen (datert 05.02.2017)

Oppsummering av merknad:

Generelt:

Reagerer på storleiken (5.etg/120hyblar/bueiningar) og gjer merksam på tomte si noverande terrenghøgde er kunstig høg (oppfylt ved bygging av eksisterande blokker). Set difor fram ønske om at nye bygg plasserast på opprinneleg nivå slik det var før oppfyllinga.

Fryktar at bygg i 5 etasjar vil ta mykje utsikt både for busetnad langs Nygardsvegen og Bakkevegen. Set difor fram ønske om at nye bygg får same høgde som eksisterande blokker (3.etg + kjellar).

Ein viser til vedlegget der samskipnaden grunnlag behovet for utviding m.a med at asylmottaket i Volda bidreg til press mot utleigemarknaden og poengterer at dette mottaket – med 135 plassar – no i mars skal nedleggast. Underforstått at behovet for slik utviding av studentbustadar kanskje ikkje lenger er nødvendig. Merknaden inneheld også liste med 19 underskrifter.

Kommentar:

- *Angående høgder viser ein til kommentarar ovanfor.*
- *Behovet er av samskipnaden vurdert som stort.*

9.1.5 Innspel 5: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:

Generelt:

Området ligg i raud og gul støysone og må nærare utgreiast m.o.t trafikkstøy i samsvar med T-1442.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging må ivaretakast i planlegginga særleg m.o.t utforming og behov for parkeringsplassar.

N100 (vegnormalane) må leggst til grunn i planlegginga.

Kommentar:

- *Det er utarbeidd støyrapport (vedlagt) med tiltak innarbeidd i planframlegget.*
- *I samsvar med retningslinjene er det lagt særleg til rette for bruk av kollektivtransport og sykkel framfor bil. Det er avsett 31 p-plassar for bil pr. 195 hyblar innanfor planområdet. I tillegg er det ca 63 p-plassar tilgjengeleg ved eksisterande blokker. Vidare blir det sett av plass til ein sykkel pr. hybel.*
- *Eit samanhengande gang- og sykkelvegnett samt buss-stopp like ved, legg tilhøva godt til rette for bruk av miljøvennleg transport.*
- *N100 er lagt til grunn.*

9.1.6 Innspel 6: NVE (datert 21.02.2017)

Ingen merknad.

Kommentar:

- *Ingen.*

9.1.7 Innspel 7: Maren Leikanger Løken og Arron Whitehouse (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:

Generelt/støy:

Bur i gammalt hus med enkle glas som ikkje stoppar støy frå studentblokkene. Uroleg for konsekvensar for naboar og verditap dersom det ikkje vert teke omsyn. Håper det vert bygt berre ei blokk og då saman med dei andre slik at ein vert skjerma mot støy, tap av lys og luft (viser til nabolova §2).

Støy:

Sjølv med relativt stor avstand er det ofte støy i form av høg musikk og at folk har «nachspiel» på balkongar særleg frå mars/april til sommarferien og ved studiestart i august. Regelverket om ro frå kl.23 kvardagar og kl.01 natt til laurdag og søndag vert ikkje følgt. Det har ikkje vore eit uheldbart problem tidlegare, men vil bli det med blokker nærmare huset. Evt. balkongar vil skape ei ekstra belastning m.o.t støy, det same gjeld

felles uteområde. Har barn under 3 år.

Sol/skugge:

Fryktar tap av sol-/dagslys/luft og påpeiker at dersom blokka kjem for nær vil bebuarane få fullt innsyn i tre av huset sine soverom og hovudopphaldsromet.

Erstatning:

Fryktar verditap og viser til nabolova §9. Fleire studentblokker i 5 etasjar vil sjølvstakt senke verdien på eigedomen pga tap av lys og luft samt auke i støy. Er ekstra uroleg for dette med støy då det er unge studentar og ikkje familiar som skal bu der. Vil ta kontakt med eigedomsmeklar seinare i prosessen for å få ein ny takst og slik få utrekna kor mykje prosjektet vil senke eigedomsne sin verdi.

Kommentar:

- *For å kome merknaden i møte vedk. støy og innsyn, vert det m.a ikkje tillate med balkongar. Utover dette legg ein til grunn at samskipnaden sitt ordensreglement vert følgt og handheva.*
- *For å kome merknaden yttarlegare i møte vedk. innsyn, skuggeverknad og lys/luft, har vi lagt inn ei byggjegrænse mot gbnr. 20/314 i god avstand (6,75m) frå teiggrensa. Dette er ei klar skjerping i høve generelle avstandskrav i plan- og bygningslova, og sikrar ein minsteavstand mellom bygningane på ca 12m. Det er ikkje uvanleg at bustadhus i tre etasjar står med berre 8m avstand i norske bustadfelt.*
- *Sol- og skuggeverknader følgjer av vedlegg nr.9 og viser litt skugge nord på tomte ca kl.09. Den avtar imidlertid raskt, og om ettermiddagen går skuggen motsett veg frå 20/314 og inn i planområdet.*
- *U+2 etasjar og maksimal gesimshøgde c+73,1 gjev bygningshøgde tilsvarande eit moderne bustadhus, og iht. kommunal kartbase kjem topp gesims ca 70cm lavare enn mønet på bustadhuset – jfr. vedlegg nr.16. Med god avstand mellom bygga vurderer vi merknaden som i stor grad imøtekomen.*
- *Erstatningsspørsmål som dette fell utanfor plankonsulentens sitt mandat å vurdere.*

Kort omtale av prosjektet:

Punkt som er understreket behandler motsegnene fra Fylkesmann og Fylkeskommune

Tomten ligger sydvendt med fylkesveien mot syd og eksisterende blokkbebyggelse mot øst, boligbebyggelse mot nord og vest. Best utsikt fra sydøst til sydvest.

Med dette som utgangspunkt er bebyggelsen samlet i to blokker med varierende høyder lagt i nord/syd retning. Et lavt mellombygg forbinder de to blokkene med hybelblokkene.

Parkeringen er lagt som en buffer mot fylkesveien.

Ved å konsentrere bebyggelsen på denne måten får vi maksimalt med lys og luft på tomten.

Samtidig er også konseptet med konsentrert bebyggelse en konsekvens av de økonomiske tilskuddsrammene vi har i dag. Når vi foreslår hybler uten veranda er det også en konsekvens av den økonomiske rammen, men også hensynet til lyd i forhold til naboer.

Studentsamskipnader over hele landet bygger i dag på denne måten.

For øvrig vil vi peke på følgende konsekvenser av valgt bygningsstruktur:

For nabobebyggelsen på nordsiden av Nygårdsvegen.

- minst mulig tap av sol og utsikt
- ingen direkte innsyn til hus og hage fra studenthyblene
- maksimal skjerming i forhold til lyd fra hyblene

For nabobebyggelsen mot vest

- sydlige del av vestblokken er planlagt i 3 etasjer og med god avstand, dette for å ta så mye hensyn som det er mulig å få til når en tomt skal bebygges

For studenthyblene.

- hyblene blir liggende med vinduer mot øst og vest, dette gir de beste forholdene med tanke på sol og utsikt for beboerne. Med hyblene samlet i to blokker blir også avstanden til naboblokken maksimal med følgende følelse av lys og luft
- fellesareal med kjøkken og oppholdsareal er lagt på det sydvestre og nordvestre hjørnet av byggene, dette gir best lys og utsikt og gir den beste eksponeringen av fellesarealene mot omgivelsene.

For parkeringen.

- Parkeringen er som nevnt lagt nærmest Vikebygdvegen. Dette gir enkel adkomst og er gunstig med tanke på støy fra fylkesveien i forhold til både hybler og uteområde.

For myke trafikanter.

- Adkomst for gående og syklende blir i hovedsak fra gangveien langs Vikebygdvegen
- Inne på området er det lagt gangveg/fortau på utsiden av parkeringsarealet og fortau langs sydfasaden på den østligste blokken. På denne måten mener vi at skillet mellom myke og harde trafikanter er tilfredsstillende ivarettatt. Det ligger også godt til rette for tilkomst for myke trafikanter fra Nygårdsvegen i nord.

For uteområdet.

- Bygningsstrukturen som det er redegjort for ovenfor gir to grøntområder. Ett mellom blokkene og ett på vestsiden av vestblokken. Begge områdene ligger godt skjermet for støy og har rikelig med lys og luft.
- Adkomsten til uteområdet blir i hovedsak fra inngangspartiene til blokkene. Inngangspartiene ligger sentralt mellom blokkene.
- I reguleringsforslaget er det sørget for areal, lys, luft og støyskjerming, og da er grunnlaget for å få til gode uteoppholdsplasser til stede. Med konstruksjoner og terrengbearbeiding vil vi kunne få til uteoppholdsareal som både tilfredsstiller studentenes behov for intime/rolige soner og soner for mer aktiv bruk, f.eks noen typer ballspill. En viss skjerming mot naboer må også vektlegges.
- I detaljutformingen vil det videre bli tatt hensyn til at det kun planlegges boliger for enkeltpersoner og ikke familier / personer med barn. Vi vil også se på eksisterende uteoppholdsareal øst for denne reguleringen, slik at totaltilbudet for studentene på Heltne blir så godt som mulig.

Husbanken skal ved utarbeiding og godkjenning av forprosjektet gi veiledning, kontrollere og godkjenne kvaliteten på alle sider ved prosjektet.

Arkitekt Oddvar Ekroll AS





Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 16/1976	Avd: UTU
Løpenr:	Shs: Perhel
9. MAR 2018	
Arkivdel: Plan ID	
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda kommune

Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne - planID 1519 2016010

Trekking av motsegn

I vårt brev av 15.01.2018 fremja vi motsegn mot planframlegget for studentbustader på Langvatn-Heltne grunna i manglar ved føresegner for å sikre tilstrekkeleg gode støyforhold.

Etter ein dialog mellom Fylkesmannen og Volda kommune, ligg det no føre reviderte føresegner, datert 28.02.2018, og vi trekkjer med dette vår motsegn. Reguleringsplanen kan no eigengodkjennast for vår del.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 12.03.2018 11:07:34
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

til sak 2016/1976



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 12. mars 2018 10:49
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei igjen.
Dette ser OK ut.

Mvh Kari Bjørnøy

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]
Sendt: fredag 9. mars 2018 15.05
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

tilbakemelding er mottatt.
då blir dette justert tilbake og vi legg inn fylgjande føresegn:

5.1.3 Gul støysone (H220):

- a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).
- b) *Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggst på støyande side (med støy nivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.*

mvh

Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 9. mars 2018 12:24
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei igjen

Med fare for å virke pirkete, så kan vi ikkje godta skisserte endring. Kravet er (iflg. Retningslinje T-1442) mellom anna at alle bueiningar innanfor avvikssona skal vere gjennomgåande og ha ei stille side, og at minimum 50 % av antal rom til støyfølsom bruksføremål i kvar bueining skal ha vindu mot stille side, herunder at minimum 1

soverom skal ligge mot stille side. Vi krev difor at føreseigna seier at *enten* soverom eller felles opphaldsrom *må* ligge på stille side osv. Slik de har endra føreseigna, sikrast ikkje dette lenger, då det berre er slik at enten soverom eller felles opphaldsrom *bør* ligge på stille side. Det vil då kunne skje at både soverom og felles opphaldsrom hamnar på støyutsett side. For øvrig er det bra du heller viser til teknisk forskrift enn til TEK 10 og TEK17.

Mvh Kari Bjørnøy

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]

Sendt: onsdag 7. mars 2018 15.28

Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>

Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei

takkar for tilbakemeldinga.

men etter å ha drøfta saka med vår byggesaksavdeling har vi funne det rett å sjå på formuleringa i føreseigna på ny.

vårt tidlegare forslag var slik (m.a. ut frå ditt inspel):

5.1.3 Gul støysone (H220):

- a) *Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).*
- b) *Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom soverom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og rett dimensjonert fasadeelement som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i TEK10 og TEK17.*

pkt b, bør endrast.

De er m.a. ikkje logisk samanheng mellom må (skal) kravet i første setning her og opning for fasademessig sikring i neste setning. Vidare er oppfylgjing av føresegnene frå prosjekterande og kommunen knytt til prosjektering og dokumentasjon ved fremjing av byggesøknad/søknad om rammeløyve og ikkje berre tilknytt utførelse/etterkontroll.

vi foreslår difor fylgjande justering av pkt b)

b) Alle bueiningar bør ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.»

Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [<mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no>]

Sendt: 7. mars 2018 13:20

Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>

Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei, denne saka gikk da ut før helga..? Men her er brevet.

Mvh K. Bjørnøy

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]
Sendt: onsdag 7. mars 2018 13.03
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

korleis går det- noko nytt her?



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 2. mars 2018 08:15
Til: 'Bjørnøy, Kari' <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

her fylgjer justert føresegn
endringar er vist med **raud** tekst
måtte skrive litt om ditt avsnitt då det vart kunstig som del av føresegn (passa best som del av omtale).



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [<mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no>]
Sendt: 1. mars 2018 13:30
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei, då avventar eg ei nye føresegnene før eg formelt trekkjer motsegna.

Mvh Kari B.

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]
Sendt: torsdag 1. mars 2018 13.28
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Kopi: Jan Magnus Ose <jan@mulvik.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

takk for det.
Føresegner blir tilpassa og plan fremja for slutthandsaming med slik endring innarbeidd.



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [<mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no>]
Sendt: 1. mars 2018 13:07
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei,

I brev av 15.01.2018 fremja fylkesmannen motsegn mot reguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne. For deler av fasadene på bustadene er støynivået over 55 dB, som er øvre grense for tillatt støy, jf. T-1442 tabell 3. Ut frå nærleik til høgskule og sentrum, vurderer vi likevel at det kan byggjast studentbustader på staden, men det er då nødvendig at planføresegnene sikrar tilfredsstillande støyforhold for dei som bur der.

Vi viser til vår motsegn, der vi skreiv følgjande: «dersom soverom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.»

Føresegnene må innehalde teksten som vist ovanfor. Vi beklager at formuleringa i vår konklusjon i motsegna var uklår. Når det gjeld innandørs støy, er dette ei sak for byggesakshandsaminga, der vi legg til grunn at gjeldande retningslinjer blir handheva. Vårt krav, som spesifisert ovanfor, er for å kompensere for at støy på fasaden er over tillatt grenseverdi, og er eigentleg eit unntak frå hovedregelen om at støy på fasade ikkje skal overskride 55 dB.

I e-post frå kommunen av 16.02.2018 gjerast det greie for at bustadane ikkje er ferdig detaljprosjektert, men at føresegnene er endra for å imøtekomme fylkesmannen si motsegn. Vi ser det ikkje som noko problem at bustadene ikkje er ferdig detaljprosjekterte med høve til utforming av føresegnene. Føresegnene vil då legge føringar for prosjekteringa slik at ein sikrar tilstrekkelege gode støytilhøve.

Vi vil trekkje motsegna vår under føresetnad av at føresegnene tar opp i seg krava som nemnt ovanfor.

Mvh Kari B.

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]

Sendt: mandag 26. februar 2018 15.40

Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>

Kopi: Eikeland, Jon Ivar <fmmrjoei@fylkesmannen.no>

Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei
når kan vi vente ei avklaring/tilbakemelding i denne saka?
Det er berre dette spørsmålet knytt til bestemmelse om sikring mot innandørs støy som står att.

mvh

Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no



Fra: Per Heltne

Sendt: 16. februar 2018 12:34

Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>

Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>

Emne: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Eg viser til brev av 15.01.2018 -merknad til reguleringsplan ved offentleg ettersyn -varsel om motsegn.

Her heiter det m.a:

"Generelt

Det leggst opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør

vurdere om det er ønskeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad."

og "Støy

Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggjast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel

4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må

konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet."

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass."

Planlagt utbygging på området er ikkje detaljprosjektert.

Til orientering følger kopi av utgreiing frå arkitekt, der ein grunnleggjend nærare korleis ein i plan har lagt opp til byggplassering og utforming/orientering av bygningsmasse og uteområde.

Eg vonar dette kan gje betre grunnlag for dykkar vurdering av plan vedkomande bygg/uteområde. Eg viser elles til at vi i dialog med M.R.Fylkeskommunen har kome fram til at motsegn knytt til uteopphaldsareal no er trekt.

Så langt vi kan sjå er det då berre varsla motsegn knytt til støyutsette fasader i del av planlagt byggeareal, jf. vist gul sone i støyrapport., som må nærare avklarast.

I tilknytning til dette vil vi foreslå å endre føresegnen pkt 5.1.3:

frå

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, skal krav og tiltak som framgår av vedlagte støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017) leggjast til grunn.

til :

5.1.3 Gul støysone

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, i samsvar med gjeldande retningsliner gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Vi ber om ei snarleg attendemelding om dette kan gje grunnlag for trekking av dykkar motsegn

mvh

Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no





Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saker: 16/1976	Avd: OTV
Løpnr:	Shs: Perhel
18 JAN 2018	
Adress: Plan ID	
Klassering: P.	
Klassering S:	

Volda kommune

Detaljregulering - reguleringsplan gnr20 bnr334 m.fl på Langvatn / Heltne Offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Det leggst opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad.

Støy

Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggst til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel 4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet.

Vidare står det i støyrapporten under fasader at det er berekna noko høgt støynivå på utsette fasadar og at mest utsette studentbustad har støynivå på 61 dB. Vår kommentar til dette er at dersom soverom leggst på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.

Barn og unge

Ut frå planføresegnene er det ikkje stilt funksjons- og rekkjefølgjekrav til uteopphaldsareala som sikrar høve til leik. Vi legg til grunn at studenthyblane dreiar seg om bukollektiv med felles opphaldsrom og kjøkken, der det er uaktuelt å bu for familie med barn. Dersom planen ikkje legg slike begrensningar på bygningsmassen, krev vi at reguleringsplassen sikrar funksjons- og rekkjefølgjekrav til leikeplassen.

Konklusjon

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1976	28.11.2017	142485/2017/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	12.01.2018

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for studentbustader gbnr 20/334 på Heltne - fråsegn ved offentleg ettersyn – motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Vi har gått gjennom planmaterialet og ser at det manglar dokumentasjon for kvaliteten på utomhusareala. Plasseringa og utforminga av bygga innanfor planområdet er svært lik tilsvarende byggstruktur møt aust. Denne forma for byggstruktur, plassering, avstandar og proporsjoner evner ikkje å lage intime og egna uteoppholdsareal. Vi er og kritisk til løysninga av parkering og fortau, blandinga av mjuke og harde trafikkantar.

Vi vurderer planforslaget å ikkje i tilstrekkeleg grad sikre egna uteoppholdsareal, sjølv om dette er avsett i plan.

Vi viser til at plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08, krev at uteoppholds areal skal vere egna.

Vi rår til at ein arbeider vidare med alternative plan og byggkonsept, med mål om å sikre tilstrekkeleg og egna uteoppholdsareal. Vi rår og til at ein finn ei betre løysning i forhold til mjuke og harde trafikkantar.

KONKLUSJON

Vi har motsegn til planforslaget inntil dette sikrar egna uteoppholdsareal og betre løysning for mjuke trafikkantar.

Motsegna er heimla i plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 01.03.2018 09:33:45
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

registrer på sak 2016/1976



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 26. februar 2018 15:40
Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>
Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>
Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei
når kan vi vente ei avklaring/tilbakemelding i denne saka?
Det er berre dette spørsmålet knytt til bestemmelse om sikring mot innandørs støy som står att.

mvh



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 16. februar 2018 12:34
Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>
Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>
Emne: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Eg viser til brev av 15.01.2018 -merknad til reguleringsplan ved offentlig ettersyn -varsel om motsegn.

Her heiter det m.a:

"Generelt

Det leggst opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad."

og "Støy

Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggst til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel

4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må

konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet."

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass."

Planlagt utbygging på området er ikkje detaljprosjektert.

Til orientering fylgjer kopi av utgreiing frå arkitekt, der ein grunngjev nærare korleis ein i plan har lagt opp til byggplassering og utforming/orientering av bygningsmasse og uteområde.

Eg vonar dette kan gje betre grunnlag for dykkar vurdering av plan vedkomande bygg/uteområde. Eg viser elles til at vi i dialog med M.R.Fylkeskommunen har kome fram til at motsegn knytt til uteopphaldsareal no er trekt.

Så langt vi kan sjå er det då berre varsla motsegn knytt til støyutsette fasader i del av planlagt byggeareal, jf. vist gul sone i støyrapport., som må nærare avklarast.

I tilknytning til dette vil vi foreslå å endre føresegnen pkt 5.1.3:

frå

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, skal krav og tiltak som framgår av vedlagte støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017) leggjast til grunn.

til :

5.1.3 Gul støysone

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, i samsvar med gjeldande retningsliner gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Vi ber om ei snarleg attendemelding om dette kan gje grunnlag for trekking av dykkar motsegn

mvh

Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	26.01.2018	8398/2018/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	15.02.2018


Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for studentbustader gbnr 20/334 på Heltne - Per Mulvik AS - avgrensa ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege vurdering

Innleiing

Vi fremja ved offentlig ettersyn motsegn til planforslaget på grunnlag av at vi vurderte uteareala å vere lite eigna for uteopphald. Vi var og kritiske til trafikkkløysninga for dei mjuke trafikantane, kor ganglinja var føreslått rundt parkeringsplassen.



Illustrasjon av studentbustader sett mot nordaust (til venstre). Illustrasjonsplan (til høgre).

Byggprosjektet som ligg til grunn for planforslaget er enkelt forklart av arkitekten i eit notat, og synleggjer dei arkitektoniske grepa. Plasseringa av bygga i nord sørleg retning er vald av omsyn til bakanforliggende naboar, samstundes er organiseringa innanfor planområdet til dels gitt av korleis ein skal kunne handtere støy frå fylkesvegen m.m.

Uteoppholdsareal

Vi har i etterkant av offentlig ettersyn motteke ei sol og skuggeanalyse som viser at det vil vere tilstrekkeleg med sol på det vestlege ute arealet 20 mars, mens arealet som ligg mellom bygga vil ha lite sol, mindre enn 50 %.



20.mars kl.12/15

Utdrag av sol og skuggeanalyse. Analysa viser at uteoppholdsareal mellom bygga vil ha mindre enn 50 % sol delar av året, mens arealet mot vest vil ha tilstrekkeleg med sol (areal med sol merka med raudt).


Vi vurderer ut i frå analysa at vestlege bygget har ei mindre gunstig lokalisering og utforming til at utearealet aust for dette skal kunne ha tilstrekkeleg sol.

Vi ser her at prosjekteringa av bygg gir føringar som kan medføre mindre egna uteoppholdsareal enn nødvendig, særskilt arealet mellom bygga. Vi tolkar det slik at ein her har prioritert organiseringa innanfor planområdet ut i frå andre moment enn kvalitet på uteoppholdsareal. Vi har ikkje kontrollert m2 pr. uteoppholdsareal buening, men går ut i frå at dette er i samsvar med kommunale normer. Føresett at det er tilstrekkeleg uteoppholdsareal innanfor planområdet synes potensialet for egna uteoppholdsareal å vere tilstade.

Ved gjennomgangen av planforslaget vurderer vi det slik at det føreligge manglar i forhold til uteoppholdsareal, men vi vurderer manglane i denne samanhengen å vere meir ei kommunal utfordring enn eit regionalt ansvar.

Ganglinje for mjuke trafikkantar

Vi påpeika ved offentlig ettersyn også løysninga for mjuke trafikkantar. Planforslaget viser her eit tradisjonell løysning, kor bilen blir prioritert, mens dei mjuke trafikantane må gå rundt parkeringsplassane. Vi ser her at prioritering av dei mjuke trafikantane kan gis meir direkte linjeføring og føreslår kommunen å vurdere alternative løysningar.



Utsnitt av illustrasjonsplan. Føreslått ganglinje frå gangveg til inngangsparti (til venstre). Mogleg meir direkte ganglinje mellom gangveg og inngangsparti (til høgre).

KONKLUSJON

Ved gjennomgang av planforslaget synes det å føreligge manglar i forhold til egna uteoppholdsareal og ganglinje for mjuke trafikkantar. Vi i vurderer i denne samanhengen desse manglane å vere meir ei kommunal utfordring, enn eit regionalt ansvar.

Vi trekk derfor våre motsegn til planforslaget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dato: 30.11.2017
Vår ref: 17/03473-2
Deres ref: 2016/1976

Svar til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 21. november 2017.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har et særleg ansvar for at mineralressurser blir teke omsyn til i plansaker.

Om planen

Området er i kommunedelplanen for Volda-Furene avsett til bustader med krav om detaljreguleringsplan. Føremålet med planarbeidet er å betre bustadsituasjonen for studentar ved å leggje til rette for to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar.

Uttale til saka

DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressurser av regional, nasjonal eller internasjonal verdi, bergrettar eller masseuttak i drift, og vi har dermed ingen merknader til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune.

Med helsing

Karoline Egholm Ulvund
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Ulvund



Mottakrar:

Volda kommune

Stormyra 2

6100 VOLDA

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og
Romsdal

Postboks 2520

6404 MOLDE

Fra: Sande Ole-Jakob[ojs@nve.no]

Sendt: 19.12.2017 12:40:09

Til: Postmottak Volda

Tittel: Ingen merknader - Offentlig ettersyn - Detaljplan - Studentboliger på Langvatn / Heltne - GBnr 20/334 - Volda kommune

Viser til brev datert 21.11.2017 med oversending av plandokument.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no

Web: www.nve.no





Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Per Heltne

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Per Norvald Walderhaug /
90288380

Vår referanse:
17/6928-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.12.2017

Fv. 45 – Detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn / Heltne – gnr. 20 bnr. 334 m.fl. i Volda kommune – Offentleg ettersyn – Uttale

Vi viser til oversending datert 21.11.2017 med dokument for offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen sine merknader i uttale datert 06.02.2017 til varsling om oppstart av reguleringsarbeidet er teke omsyn til i planforslaget med tilhøyrande reguleringsføresegner. Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



NOTAT

Interne mottakarar:
Utvikling Per Heltne

Sak: PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1976	654/2018	2016010	OPP/NINEID	11.01.2018

PLANID 2016010 PLAN FOR STUDENTBUSTADAR PÅ LANGVATN/HELTNE

Viser til høyring og offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for studentbustadar på Langvatn/Heltne.

Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følge av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

I pkt. 5.10 i framlegg til detaljregulering, står det om barn sine interesser:

Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.

Slik framlegget ligg, så er det lagt opp til to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt. Det er avsett felles uteopphaldsareal, der det vil vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Studenthyblane er ikkje tilrettelagt for barnefamiliar, noko som er bakgrunnen for at uteområda ikkje vert utstyrt som leikeplass.

I Teknisk foreskrift (TEK 10) står det i § 8-4 (1) om uteoppholdsareal:

Uteoppholdsareal skal etter sin funksjon være egnet for rekreasjon, lek og aktiviteter for ulike aldersgrupper.

Gode uteopphaldsareal er med på å gjere området attraktivt for uformelle møter. Uteområde er viktig for alle aldersgrupper, frå det å kunne vere ute, møte andre eller vere i fysisk aktivitet i nærområdet. Oppfordrar difor til å legge til rette for at studentane kan møtast ute, både med sitjeplassar og til aktivitet som td. slakk line, balleik, grilling eller liknande. Eit forslag er at ein let studentane ha muligheit til å medverke til utforming av dette arealet.

I samband med søknad om oppføring av bustadar skal det utarbeidast illustrasjonsplan for utforming av uteområdet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Det er positivt at det er satt av 1 plass for sykkel under tak per hybel, samt mulegheit til lading av el-sykkel og -rullestol.

Med helsing

Nina Hovden Eidheim
koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Dykkar referanse
2016/1976

Vår referanse
17/01190-2

Vår sakshandsamar
Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen,
karen.jacobsen@hivolda.no

Vår dato
11.01.2018

Uttale til detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune. offentlig ettersyn- plan og bygningslova §12-10

Viser til varsel om offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune med frist for merknader 12. januar 2018.

For Høgskulen i Volda er det viktig å kunne tilby studentane gode og rimelege studenthyblar. Gode levekår bidreg til at Volda blir opplevd som ein attraktiv studiestad, som igjen bidreg til eit godt omdømme og rekruttering til høgskulen. Det kjem fram i høringsdokumenta at behovet for hyblar er stort og at det er vanskeleg å få til økonomisk forsvarleg utbygging utan eit visst volum/tal hyblar. Med bakgrunn i dette håper Høgskulen i Volda at framlegget til detaljreguleringsplan vert godkjent i det føreslåtte omfang.

Med helsing
Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen
Direktør

Dokumentet er elektronisk signert.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekklister og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkje til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan:.....

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Kraft- forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4μT frå høgspenlinjer?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

Miljø/ Landbruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Formålet er i samsvar med overordna plan.
	d	Anna (spesifiser)?			

Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Brann/- ulukkes- beredskap		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Verksemds risiko		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Ulovleg verksemd		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 1/9 - 2017 av sign:

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagt utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegne for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2018/538

Arkivkode: 2012008-01

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

54/18

Formannskapet

04.04.2018

PLAN ID 2012008-01 REGULERINGSPLAN ØVRE ROTSET NÆRINGSOMRÅDE. MINDRE ENDRING ETTER AVTALE OM GRUNNKJØP/SKJØNN. GNR 30 BNR 4.

Administrasjonen si tilråding:

Reguleringsendring for Øvre Rotset næringsområde slik det går fram av endra plankart datert 12.01.2018, jf planbase Øvre Rotset næringsområde-justert plan, vert godkjent med heimel i Plan og bygningslova §12-14.

Vedleggsliste:

Forslag til endring av planavgrensing/planinnhald på del av gnr 30 bnr 4

Uprenta saksvedlegg:

PlaniID -2012008 Øvre Rotset næringsområde godkjent reguleringsplan

Frostating lagmannsrett – skjønn /avtale i høve kjøp av grun frå gnr 30 bnr 4

Saksopplysningar/fakta:

Reguleringsplan for Øvre Rotset næringsområde vart godkjent av kommunestyret i sak 142/14, den 13.11.2014.

I ettertid er det gjennomført avtaleforhandlingar med ulike eigarar innanfor området og kommunen har inngått avtalar om kjøp av grunn i området.


Det er også gjort oreigningsvedtak knytt til ein av eigarane gnr 30 bnr 4 som ikkje aksepterte frivillig avtale om grunnavståing.

Erstatninga for grunnkjøp vart avklara ved avtaleskjønn/oreigningsskjønn i Søre Sunnmøre heradsrett/Frostating lagmannsrett.


Gnr 30 bnr 4 har i dag eit mindre lagerbygg for m.a. skogsreidskap på det området kommunen løyser inn.

I rettsforhandlingane vart det semje mellom kommunen og eigar av gnr 30 bnr 4 at det skulle settast av nytt areal til gjennomføring av tilsvarande lagerbygg innan for området.

Slikt arealavgrensing er no teke inn i forslag til planendring. Dette må formaliserast gjennom planvedtak.



Eksisterande lagerbygg på 30/4



Ny plassering for lagerbygg.
Plassert inn mot attverande areal
på gnr 30 bnr 4. (12.01.2018)

Administrasjonen finn at dette ikkje medfører konsekvensar i høve andre interesser, då arealet no vert ført tilbake til LNF –område. (Landbruks-areal). Slik det var før plan blei utarbeidd.

Arealet ligg då som ein naturleg tilgrensande del til attverande skog-eigedom tilhøyrande gnr 30 bnr 4 og tilknytt eksisterande skogsvegssystem i området.

Arealbruken i det aktuelle planområdet var på grunn av registrert rasfare avgrensa til følgjande formål:

Område merka Industri/lager (I/L) kan nyttast til masselager, massebehandlingsanlegg og lagerbygg for tekniske anlegg knytt til kommunalteknisk drift innanfor rammer gitt i teknisk forskrift, tryggleiksklasse S1, delvis klasse S2. Aktivitet og tiltak på området må tilfredsstille gjeldande reglar i tek 10, jf utarbeidd rasrapport for området.

§ 13 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Ras- og skredfare (H310):

Norges Geotekniske Institutt (NGI) har vurdert skredfaren i området. Rapporten konkluderer med at del av planområdet i sør er utsatt for skredfare. Dette området er i planframlegget vist med faresone for ras- og skredfare, kode H310.

Planlagt bygg –lagerbygg knytt til skogsdrift, og med storleik som skissert, vil kunne oppførast innanfor gjeldande forskrift og tryggleikskrav.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen vesentlege. Avklara gjennom skjønns-sak.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdert i plansaka.

Vurdering og konklusjon:

Endring av plan Øvre Rotset Næringsområde har så langt ein kan sjå ikkje konsekvensar for andre interesser i området, - jf. LNF-formålet.

PlanId 2012008-01, vert tilrådd godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Til sektor Utvikling for ajourføring av kommunalt planarkiv





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot

Arkivsak nr.: 2018/210

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

55/18

Formannskapet

04.04.2018

MÅNADSRAPPORT FEBRUAR 2018

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapport for februar 2018 vert teke til vitande

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Månadsrapport for februar 2018 er utarbeidd saman med einings- og sektorleiarar. Vi har også i denne rapporteringa hatt to dagar med open opplæring, der einingsleiarar har hatt moglegheit for gjennomgang med tilsette frå økonomistab.

Økonomisjef har i tillegg hatt eigen gjennomgang med kvar sektorleiar.

Gjennom desse samlingane får vi tilført kompetanse til kvarandre. Økonomi overfører si kompetanse på fagområdet og får til gjengeld tilført viktig kompetanse frå leiarane om tenesteproduksjonen.

Vi ser at budsjettgrunnlaget vert betre som styringsverktøy då det er lagt vekt på periodisering. Dette vil vere eit kontinuerleg arbeid gjennom året. Inn mot første tertialrapport vil ein også prioritere å arbeide med dei økonomiske rammene. Rekneskapen for 2017 viser at der kan vere behov for omdisponering mellom sektorane. I tillegg ligg der i budsjett 2018 inne to innsparingstiltak som ikkje er fordelt ut på sektorane.

Månadsrapporten for februar vert lagt fram utan ei tilråding om økonomiske endringar i rammene. Dette kjem vi tilbake til i første tertialrapport.

Saksopplysningar/fakta:

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - PR. FEBRUAR 2018					
	Februar 2018	Bud februar 2018	Avvik februar 2018	Budsjett 2018	Februar 2017
Skatt på inntekt og formue	-29 310 677	-28 391 427	919 250	-208 400 000	-28 520 485
Ordinært rammetilskudd	-49 209 722	-50 436 000	-1 226 278	-279 200 000	-44 659 200
Sum frie inntekter	-78 520 399	-78 827 427	-307 028	-487 600 000	-73 179 685
Eigedomsskatt			0	-17 500 000	
Andre direkte og indirekte skatter			0	-700 000	
Andre generelle statstilskudd	-41 985	-241 704	-199 719	-34 558 300	-496 368
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-78 562 384	-79 069 131	-506 746	-52 758 300	-496 368
Renteinntekter	-144 609	-100 000	44 609	-2 100 000	-148 103
Utbytte Tussa			0	-4 840 000	
Avkastning plasseringar			0	-1 500 000	
Renteutgifter/finansutgifter	125 407	-811 546	-936 952	22 670 468	1 856 800
Avdrag på lån			0	28 656 128	
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	-19 202	-911 546	-892 344	42 886 596	1 708 697
Dekn av tidl års merforbruk				0	
Til ubundne avsteningar				0	
Til bundne avsteningar				700 000	
Bruk av tidl års regnsk overskot				0	
Bruk av disposisjonsfond				-18 326 734	
Bruk av bundne avsetningar				0	
NETTO AVSETNINGER	0	0	0	-17 626 734	0
Overført til investeringsbudsjettet			0	0	
TIL FORDELING DRIFT	-157 101 985	-158 808 103	-1 706 118	-515 098 438	-71 967 357
Sum fordelt drift fra skjema 1B	101 972 665	101 984 816	12 151	515 098 438	91 099 541
Merforbruk Mindreforbruk	-55 129 320	-56 823 287	-1 693 967	0	19 132 185

Frie inntekter

Forventa budsjett i 2018 er som skjema 1a viser 487,6 mill kr. Samanlikna med rekneskapen i 2017 er dette ein auke på 3,6 mill kroner. Held veksten i skatteinntekt på landsbasis seg oppe vil vi truleg få meir i frie inntekter enn budsjettet i 2018. I rammetilskotet ligg også inntektsutjamning som kommunen får som følgje av skatteinntekt under landsgjennomsnittet. Inntektsutjamning for januar og februar utgjør om lag 4 mill kr og vert først utbetalt i mars og april. Tabellen under viser skatteinntekt for Volda kommune og inntektsutjamning som vert kompensert gjennom rammetilskotet:

MÅNAD	2017	2018	BUDSJ. 2018	AVVIK I KR.	AVVIK I %	%-landsgjennomsnitt	Inntekts-utjamning
JANUAR	27 540	28 147	27 415	732	2,67 %	84 %	3 595
FEBRUAR	981	1 163	977	186	19,09 %	83 %	512

Andre generelle statstilskot.

Volda kommune har framleis ikkje motteke 1. terminutbetaling frå IMDi knytt til integreringstilskotet og EM-tilskotet, og vertskommunetilskotet frå UDI. Her vil vi få meir kjende tal som grunnlag for ev. korrigeringar til første tertialrapport..

Læringssenteret har meldt frå om at ein fam. på 6 personar, som vart busett i 2016 og 2017, har flytta til Haram grunna jobb. Sidan dei nyleg er busett i voldla er det høge inntekter på familien, som vi må forvente Haram kommune vil sende krav om. For 2018 utgjer beløpet kr 1,2 mill. Erfaringar tilseier det vil kome fleire endringar i året knytt til familiesameiningar, til- og fråflyttingar. Når det gjeld enslige mindreårige (EM) er det budsjettert med busetjing av 2 EM i 2018, ein i april og ein i august. Begge vart busett i januar. Volda kommune vil få ei meirinntekt på kr 641 250 som følge av dette.

I skjema 1 b går det fram at avviket etter februar er knytt til manglande inntekter. Tek vi høgde for etterslepet på inntektsutjamning er avviket positivt, om lag 2,4 mill kr. Ser vi på talet som er fordelt til sektorane og drift er der ikkje avvik samla sett. Under viser tala pr sektor på bruttonivå:

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE PR. FEBRUAR 2018					
Driftsrammer Sektor	Februar 2018	Budsjett februar 2018	Avvik februar 2018	Budsjett 2018	Februar 2017
Utgifter	311 291	357 750	46 460	2 234 642	575 440
Inntekter	0	-10 997	-10 997	-65 984	
Rådmann	311 291	346 753	35 462	2 168 658	575 440
Utgifter	785 515	1 603 507	817 992	2 551 249	661 556
Inntekter	-361 500	0	361 500	-1 031 355	-428 128
Samfunn og rådgjeving	424 015	1 603 507	1 179 492	1 519 894	233 428
Utgifter	6 440 330	6 714 878	274 548	20 450 768	2 716 744
Inntekter	-86 540	-55 980	30 560	-1 677 424	-45 747
Personal og organisasjon	6 353 790	6 658 898	305 108	18 773 344	2 670 997
Utgifter	1 395 090	1 693 154	298 064	8 198 573	1 751 159
Inntekter	-216 432	-286 842	-70 410	-1 773 757	-127 875
Økonomi	1 178 658	1 406 312	227 654	6 424 816	1 623 284
Utgifter	2 259 710	2 120 272	-139 438	9 767 312	1 314 676
Inntekter	-28 549	-50 000	-21 451	-300 000	-34 654
NAV Kommune	2 231 161	2 070 272	-160 889	9 467 312	1 280 022
				257 963	
Utgifter	48 518 121	48 816 374	298 253	392	47 029 872
Inntekter	-6 192 017	-7 277 876	-1 085 858	-49 748 759	-13 833 978
				208 214	
Opplæring og oppvekst	42 326 104	41 538 498	-787 606	633	33 195 894
				244 552	
Utgifter	45 801 345	44 608 388	-1 192 957	146	42 213 677
Inntekter	-7 748 877	-8 265 655	-516 778	-57 316 553	-7 362 474
				187 235	
Helse og omsorg	38 052 468	36 342 734	-1 709 735	593	34 851 202
Utgifter	3 006 013	2 783 019	-222 994	13 732 550	2 339 393
Inntekter	-615 857	-337 085	278 771	-2 260 395	-379 934
Kultur og service	2 390 157	2 445 934	55 777	11 472 155	1 959 460
Utgifter	291 499	339 123	47 624	3 037 822	295 811
Inntekter			0	0	
Politisk verksemd	291 499	339 123	47 624	3 037 822	295 811
Utgifter	13 044 541	14 450 047	1 405 507	75 441 086	11 706 113

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE PR. FEBRUAR 2018

Driftsrammer Sektor	Februar 2018	Budsjett februar 2018	Avvik februar 2018	Budsjett 2018	Februar 2017
Inntekter	-6 020 636	-6 167 268	-146 633	-39 217 269	-3 509 551
Teknisk	7 023 905	8 282 779	1 258 874	36 223 817	8 196 562
Utgifter	2 702 274	2 858 449	156 175	23 923 469	1 463 793
Inntekter	-22 865	-25 094	-2 228	-23 923 469	-22 657
Sjølvkosttenester	2 679 409	2 833 355	153 947	0	1 441 136
Utgifter	2 179 121	2 150 683	-28 439	9 990 485	2 249 436
Inntekter	-117 217	-128 804	-11 587	-2 984 704	-111 069
Utvikling	2 061 905	2 021 879	-40 026	7 005 781	2 138 367
Utgifter	15 992 197	17 346 298	1 354 101	97 754 857	15 028 382
Inntekter	-21 830 945	-23 471 311	-1 640 366	-97 754 857	-14 036 172
Barneverntenesta (vertsk.)	-5 838 748	-6 125 013	-286 265	0	992 210
Utgifter	0	1	1	27 460 143	
Inntekter			0	0	
Barnevern Volda kommune	0	1	1	27 460 143	
Utgifter	5 188 224	4 438 586	-749 638	42 024 750	4 740 122
Inntekter	-2 703 296	-2 218 802	484 494	45 930 280	-3 094 469
Fellestenester	2 484 928	2 219 784	-265 144	-3 905 530	1 645 653

Utdrag frå sektorane sine kommentarar Agresso web:**Samfunn og rådgjeving**

Mindreforbruket må sjåast i samanheng med budsjett for Nye Volda. Her er gitt løyvingar til fleire tiltak som informasjon, arkiv, kompetanseheving m.m. Midlar som ikkje vert nytta i 2018 vert overflytta til 2019.

Personal og organisasjon

Personal og organisasjonsavdelinga har eit lite underforbruk hittil i år. Noko av dette vil jamne seg ut i løpet av året, og noko skuldast vakante lønsmidlar. Om det visar seg at avdelinga har eit vedvarande underforbruk vil det bli vurdert å gjere ei budsjettendring for å frigjere midlar til andre føremål.

Opplæring og oppvekst

Pr februar er det eit meirforbruk på løn ifht budsjett. Det er knytt noko usikkerheit til storleiken på tilskot til innføringa av lærarnorm til hausten. Det er risiko for at tilskotet ikkje blir i det storleiken som det er budsjettet med. Det kan skje sidan Volda kommune sin struktur gjer at Volda allereie i snitt er nær ved å oppfylle lærarnormen og av den grunn ikkje får like stort tilskot som kommunar som i snitt har større skular og klasser. Drifta er planlagt redusert noko frå hausten, grunna lågare elevtal i 1. klasse. Det vil ta inn noko av meirforbruket i vårhalvåret. Sak om ungdomssteget i Austefjord vert lagt fram til politisk handsaming i april. Viss ungdomssteget vert flytta til Volda ungdomsskule vil sektoren truleg trenge innsparinga for å halde den samla drifta innanfor gjevne rammer.

Helse og omsorg

Totalt sett ser det greitt ut i sektoren, men nemner at det er utfordringar med tanke på nyare BPA tiltak som ikkje er korrigerende i budsjett for tilstrekkeleg kostnader. Rekneskapen viser også at refusjonar sjukeløn ikkje er ajourført og dermed ikkje alltid står i korrekt forhold til rekneskapsførte vikarutgifter. Ser også at det står att litt oppfølging på den einskilde einingsleiar, der ajourført tekstvurdering av einingsrekneskapet skal utførast.

Service og kultur

Månadsrapport for februar er ok.

I og med at rekneskapen for 2017 viser eit mindreforbruk er budsjett 2018 vurdert på nytt.

Delar av mindreforbruket i 2017 kjem av at kulturmidlar er utbetalt på fellesområdet og ikkje på Kultur

(budsjettet ligg under kultur).

Det vi ser er at gebyr for salgsinntekter skjenkeløyve ikkje er budsjetttert. Kjem som budsjettkorrigering i tertialrapport.

Politisk verksemd

Februar er ok. Ser ein på budsjett 2018 og samanliknar med rekneskapen for 2017 er det behov for auka rammer om aktiviteten på politiske møter vert som 2017.

Teknisk

Eigedomsavdelinga har eit mindreforbruk knytt til vedlikehaldsutgifter. Det har si årsak i at det har vorte arbeida mykje på investeringsprosjekt i januar og februar. Det vert styrt mot at vedlikehaldsutgiftene kjem ut på budsjett ved årslutt.

Veg og park har eit meirforbruk knytt til brøyting og strøing. Dette meirforbruket vil verte høgare fram mot mai månad, då inneverande vinter er snørrik med lange kuldeperioder. Avdelinga vurderer å fremme forslag om auka ramme til å dekkje meirutgiftene til vintervedlikehald i revidert budsjett før sommaren.

Sjølvkosttenester

Sjølvkostområdet krev ein stor gjennomgang før vi effektivt kan styre etter budsjett.

Utvikling

Akseptable avvik.

Barneverntenesta (vertskommune)

Det ser ok ut så langt. Eg tenker at det vil være hensiktsmessig framover å dele tenesta opp i einingar, som Einsleg mindreårige, tiltak 251, omsorg 252.

Sjukefråvær

SJUKEFRÅVÆR VOLDA KOMMUNE PR FEBRUAR 2018 (akkumulert)

	feb.18	jan.18	feb.17	År 2017
Rådmann	0	0	0	0
Samfunn og rådgeving	2,38	2,27	36,84	3,59
Personal og organisasjon	7,54	8,89	3,46	4,33
Økonomi	1,43	1,09	3,27	2,05
Opplæring og oppvekst	10,92	11,17	8,85	7,19
Helse og omsorg	12,63	12,43	13,31	12,1
Service og kultur	3,18	2,18	2,55	3,45
Politisk verksemd	0	0	0	0
Teknisk	9,38	9,74	14,38	8,28
Sjølvkosttenester	10,43	7,21	5,43	3,33
Utvikling	7,94	8,08	10,12	11,33
Barneverntenesta (vertskommune)	8,62	9,56	6,3	7,93
Volda kommune	10,78	10,89	10,23	8,81

Sjukefråværet i Volda kommune har over tid vore aukande. I 2016 var fråværet 7,79 %, mens det steig til 8,81 % i 2017. Det ser ut til at denne trenden fortsett i 2018. Både kommunestyret og arbeidsmiljøutvalet har uttrykt bekymring for denne utviklinga, og har bedt rådmannen sette i verk nødvendige tiltak. Personalstaben har starta opp ein prosess i sektor Helse- og omsorg, der fråværet er størst. Gjennom samtalar med kvar enkelt leiar, diskusjonar i dei lokale STIM-gruppene (partsgrupper med leiar, tillitsvalgt og verneombud) og tema på personalmøter, har vi som mål å auke nærværet i sektoren. I etterkant vil kvar einingsleiar

gjennomføre individuelle samtalar med tilsette for å finne gode løysingar saman. Om denne metodikken gjev resultat vil det vere aktuelt å gjennomføre i fleire sektorar.

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Månadsrapporten vert lagt fram utan budsjettkorrigeringar. Neste månadsrapport som gjeld mars vert lagt fram for formannskapet i møte den 17. april.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ove Bjerkvik

Arkivsak nr.: 2013/554

Arkivkode: 210

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

56/18

Formannskapet
Kommunestyret

04.04.2018

ÅRSMELDING OG SKATTEREKNESKAP FOR 2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2017 til vitende.

Vedleggsliste:

Årsmelding

Skatterekneskapen

Årsmelding interkommunal arbeidsgjevarkontroll

Kontrollrapport revisjon

Uttale frå kontrollutvalet


Saksopplysningar/fakta:

Orienteringssak vedk. årsmelding og skatterekneskapen for 2017 jf vedlagte dokument.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Skatteoppkrevjaren i Volda



Årsmelding for 2017

**Skatteoppkrevjaren i
Volda kommune**

Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgaver	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	4
1.1.3 Ressurser og kompetanse	4
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutval	5
1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen	5
2. Skatterekneskapen	5
2.1 Framlegg av skatterekneskapen	5
2.2 Vurdering av skatteinngangen	5
2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	5
2.2.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret	6
2.3 Margin	6
2.3.1 Margin for inntektsåret 2016	6
2.3.2 Margin for inntektsåret 2017	6
2.3.3 Kommentarer til marginavsetninga	6
3. Innfordring av krav	7
3.1 Restanseutvikling	7
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	7
3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga	8
3.1.3 Restanser eldre år	9
3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølging av restanser eldre år	9
3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet	9
3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2017	9
3.2.2 Vurdering av innfordringsaktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet	10
3.2.3 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet	10
3.2.4 Omtale av særskilte forhold	10
3.3 Særnamskompetanse	10
4. Arbeidsgjevarkontroll	10
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	10
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	10
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	11
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	11
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	11
4.6 Utførte informasjonstiltak	11

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgaver

Kort omtale av arbeidsområdet:

- Bokføring/kontroll/avstemming av skatterekneskap.
- Fordeling av skatteinntektene mellom dei ulike skattekreditorane.
- Skatteavrekning for personlege og upersonlege skattytarar
- Kontroll og avstemming av mottatte A-meldinger
- Innfordring av skatt og arbeidsgjevaravgift
- Tvangsinnfordring – tvangssal, konkurs, gjeldsordning m.m.
- Arbeidsgjevarkontroll/informasjontiltak
- Sekretærfunksjon for skatteutvalet


1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling

	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved SKO som kun er nytta til SKO-funksjonen i rekneskapsåret		
	1,8	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,2	11 %
Innfordring av skatt/arbeidsgjevaravgift	0,6	33 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,7	39 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,1	6 %
Skatteutval	0,1	6 %
Administrasjon	0,1	6 %

1.1.2 Organisering



Den kommunale skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt instruks frå skattedirektoratet og administrativt underlagt rådmannen i kommunen.

Skatt- og innforandringsseksjonen er organisert som eigen seksjon under økonomistaben og har i tillegg til skatt også ansvar for innforandr av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav som td husleige, barnehage, pleie og omsorgstenester m.m.

Skatteoppkrevjaren er leiar for seksjonen som har 2 tilsette + interkommunal kontrollør for arbeidsgjevarkontroll.

1,8 årsverk går hovudsakleg med til arbeid med skatterekneskap, innforandr av skatter og avgifter og arbeidsgjevarkontroll. I år rapporterer arbeidsgjevarkontrollen at dei har brukt 0,7 årsverk til kontrollarbeid.

0,8 årsverk er knytt til innforandr av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav, samt administrasjon av dette. Innforandringskonsulenten har også ansvar for Volda sin del av det interkommunale innkjøpsamarbeidet, og dette utgjør om lag 0,2 årsverk.

I 2012 vart det inngått avtale mellom Volda og Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontrollen. Volda sin del av kontrollamarbeidet utgjorde i 2017 omlag 6,40 % og tilsvarer ca 68 % av ei heil stilling. Avtalen gjeld frå 01.08.2012 og tenesta vert utført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

- **Skatterekneskap**
Løpande ajorhald og føring av rekneskapen er tilfredstillande både med hensyn til ressurser og kompetanse.
Det er stort sett skatteoppkrevjar som utfører dette arbeidet.
- **Innforandr**
Kompetanse på innforandringsarbeidet vert vurdert som god, og vert i hovudsak utført av skatteoppkrevjar.
- **Arbeidsgjevarkontroll**
Vakant stilling som rekneskapskontrollør vart i 2013 tatt ut og erstatta med interkommunal arbeidsgjevarkontroll. Kompetansen vert rekna som god.

1.2 Internkontroll

Det vart utarbeidd nye skriftlege rutiner for skatteområdet i 2009.

Rutinene skal reviderast/oppdaterast regelmessig som ein del av internkontrollen ved kontoret. Oppdatering av rutinene er utført i 2017.

1.3 Skatteutval

Nye skatteutval vart oppretta med verknad frå 01.01.2009 jfr endring i Skattebetalingslova § 15-1. Endringa medførte at det skulle opprettast eit skatteutval for kvart skattekontor. Det betyr at ein har fått 5 regionale skatteutval for heile landet.

Volda kommune er knytt til region Midt-Norge som består av Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Nord Trøndelag. Skatteutvalet er inndelt i 3 avdelinger - 1 avdeling pr fylke og har 4 medlemmer i kvar avdeling. Medlemmane er oppnemnt av fylkestinget i kvart fylke, og skal oppnemnast etter same kriterie som skattekontoret og skatteklagenemda.

Skatteutvalet kan ettergi inntil kr. 200.000,- av velgjerds og rettferdsgrunnar. Er beløpet høgare går saka vidare til skattekontoret/skattedirektoratet.

Skatteoppkrevjaren er sakshandsamar for Skatteutvalet. Det var ikkje saker til handsaming i 2017, medan det året før var 2 saker med ettergjeving på kr 12.396,-.

1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har ikkje funne forhold som gir grunnlag for å gi pålegg for 2017.

2. Skatterekneskapen

2.1 Framlegg av skatterekneskapen

Framlegg av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Volda kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2017 er bokført, avstemt og framlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar av 8. april 2014 § 3-3 nr.2.

Årsrekneskapen for 2017 ligg ved årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Skatteinngang 2017				
Ar	2017	2016	endring i kr	endring i %
Fordelt til Folketrygden – arbeidsgiveravgift	179 947 100	174 524 864	5 422 236	3,11 %
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	209 164 173	202 993 095	6 171 078	3,04 %
Fordelt til Fylkeskommunen	44 768 523	44 474 854	293 669	0,66 %
Fordelt til kommunen	209 347 313	206 754 872	2 592 441	1,25 %
Fordelt til Staten	271 608 905	282 141 452	-10 532 547	-3,73 %
Plassering mellom kommuner	0	-12 662	12 662	-100,00 %
Totalt	914 836 014	910 876 475	3 959 539	0,43 %

Den totale skatteinngangen har hatt ei positiv utvikling for 2017, og har auka med 0,43 % i forhold til 2016. Folketrygda, kommunen og fylkeskommunen er dei av skattekreditorane som har hatt ein oppgang i inntektene, medan Staten har hatt ein nedgang.

Skatteinntekten er god når ein ser på totalresultatet og indikerer bl.a. at sysselsettinga er høg, medan lønsveksten har vore moderat i forhold til tidlegare år.

Innbetalt skatt vert fordelt mellom skattekreditorane etter kapittel 8 i skattebetalingslova. Fordelingsprosentane kan variere noko frå år til år, og er fordelt slik i 2016 og 2017:

Inntektsår	Skatteordning	Kommune	Fylke	Folketrygd	Staten	Herav fellesskatt	Herav toppskatt
2017	Etterskuddspliktige	2,00	0,40	0,00	97,60	105,30	-5,30
2017	Forskuddspliktige	30,31	6,50	30,45	32,74	70,76	29,24
2017	Renter og gebyr	30,31	6,50	30,45	32,74	70,76	29,24
2016	Etterskuddspliktige	2,00	0,40	0,00	97,60	105,30	-5,30
2016	Forskuddspliktige	30,54	6,55	29,97	32,94	77,12	22,88
2016	Renter og gebyr	30,54	6,55	29,97	32,94	77,12	22,88

2.2.2 Kommunen sin andel av skatteinntekten i rekneskapsåret

Som ein ser av tabellen øvst på sida, så har kommunen hatt ei auke i skatteinntektene på 2,6 mill kr i forhold til året før. Dette gir ein prosentvis auke på 1,25 % og resultatet ligg litt over forventa skatteinntekt.

Det var budsjettert med 206 mill medan reell skatteinntekt var på 209,3 mill. Dette gir ei meirinntekt på skatt med 3,3 mill. kr. i 2017.

Det gode resultatet viser at lønsutviklinga og sysselsetting for tida er stabil. I tillegg er effektiv innfordring og positivt marginoppgjer også med og påverkar resultatet i positiv retning.

2.3 Margin

2.3.1 Margin for inntektsåret 2016

Forklaring	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2016, pr. 31.10.2017	2 389 400
For mykje avsett margin for inntektsår 2016	2 389 400
For lite avsett margin for inntektsår 2016	

2.3.2 Margin for inntektsåret 2017

Marginavsetning for inntektsåret 2017 pr 31.12.2017: kr 62 141 808

Marginprosent

Prosentavsett marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992 (dato)

2.3.3 Kommentarer til marginavsetninga

Marginavsetninga skal dekke framtidige utbetalinger av tilgode skatt. For inntektsåret 2016 kom vi ut med positiv margin, dvs for mykje avsett margin. Dette kan variere noko frå år til år jfr tabellen nedanfor.

	2012	2013	2014	2015	2016
Avsett margin i %	10	10	10	10	10
Overskytande margin	÷ 224 807	÷ 4 026 395	1 564 901	603 171	2 389 400
Kommunen sin andel	÷ 65 149	÷1 168 057	453 191	173 411	729 722

Marginprosenten vert fastsett av kommunestyret, og har ikkje vore endra sidan 1992.

Prosjentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992

Marginavsetning for rekneskapsåret 2016 pr 31.12.2016 var kr 61 632 113.

Prosjentsats for rekneskapsåret: 10 %

Skatteoppkrevjaren vurderer frå år til år om det er behov for justering av marginprosenten.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Endring i restanse Reduksjon (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Auke (+)
Skatteart						
Sum restanse						
pr. skatteart						
Arbeidsgiveravgift	458 085	0	338 222	0	119 863	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt	0	0			0	0
Forsinkelsesrenter	612 916	19 945	612 483	19 945	433	0
Forskuddsskatt	0	0	17550	0	-17 550	0
Forskuddsskatt person	1 749 037	118 067	1 996 396	118 067	-247 359	0
Forskuddstrekk	373 412	0	213 917	0	159 495	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	269 268	1 620	237 524	3 320	31 744	-1700
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	575 528	0	1 772 190	0	-1 196 662	0
Restskatt person	4 826 485	230 925	4 996 255	315 322	-169 770	-84397
Tvangsmulkt	603 557	0			603 557	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse	9 468 288	370 557	10 184 537	456 654	-716 249	-86 097

Ulike tvangstiltak vert nytta for å få inn restansane. Dette er utlegg, utleggstrekk, betalingsavtaler, motrekning i tilgodebeløp hos kommune, fylke og stat, tvangssal og konkurs.

Skatteoppkrevjaren i Volda har særnamskompetanse for skatte- og avgiftskrav. Dette er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk.

I 2017 vart det utført 52 utleggsforretningar mot 65 året før. Pantegebyr overført til Volda kommune utgjorde kr. 154.855,-.

Skatteoppkrevjaren har tilgang til m.a. grunnlagsdataregisteret, eigedomsregisteret, motorvognregisteret og løsreregisteret. Dette er med på å effektivisere arbeidet med tvangsinnfordringa.

Frå inntektsåret 2007 innførte skattedirektoratet "stille aksept" for sjølvmeldingar på lønnstakarar og pensjonistar. Dette har medført ein betydeleg nedgang av antal skjønsligna personar, og det er no kun personleg næringsdrivande som vert skjønsligna dersom dei ikkje leverer skattemelding.

3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga

Av ulike årsaker vil totalrestansen svinge noko frå år til år.

Etter tabellen under pkt 3.1.1 ser ein at total restanse pr 31.12. 2017 har minka med kr 716.249,- eller 7 % i forhold til 2016.

Restanse på restskatt person har hatt ein nedgang på kr 169.770,- i forhold til året før, og det har også restskatt for upersonlege skattytarar der nedgangen var på kr 1.196.662,-.

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk har ein auke i restansen med hhv kr 119.863,- og kr 159.495,- i forhold til året før.

Restanse på forskotsskatt person har minka med kr 247.359,- og forskotsskatt upersonlege har minka med kr 17.550,- i forhold til året før.

Det er avskrive og ettergjeve restansar i 2017 på skattytarar med totalt kr 1.173.463,- mot kr 494,149,- året før. Dette er restansar frå konkursar, gjeldsordningar, dødsbo og andre ufåande skattar som er tapsført.

2017 syner eit år med nedgang i totalrestansen, og sjølv om nedgangen delvis skuldast store avskrivningar, så er det likevel ei positiv utvikling totalt sett.

Gode innfordringsrutiner er også med på å halde restansen på eit akseptabelt nivå.

Utvikling i utlikna skatt:

(Beløp oppgitt i mill.kr)

	2012	2013	2014	2015	2016	Endring siste år	
Antal skattytere	6 707	6 775	6 868	6 885	8 015	1 130	16,41 %
Utligna skatt	595,9	636	650,7	677,1	679,8	2,7	0,40 %
Forskott	642,9	691,9	697,5	729,6	731,3	1,7	0,23 %
Til gode skatt	64,5	72,5	67,5	72,4	69,8	-2,6	-3,59 %
Restskatt	17,3	16,8	20,8	20,1	19,2	-0,9	-4,48 %

Endring i utlikna skatt for inntektsåret 2016 har hatt ei auke på kr 2,7 mill eller 0,4 % i forhold til året før.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2015	827 356	233 707
2014	571 929	454 349
2013	807 937	597 217
2012 – 19XX	4 296 452	-----

3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølging av restanser eldre år

Restansane for eldre år er sikra med utleggsforretning der resultatet enten er pant i ulike formuesgoder eller utleggsforretning der det ikkje er funne teneleg utlegg. Restansane vert regelmessig følgt opp for vurdering av vidare innfordring. Dette kan være ulike former for tvangsbegjæringer som utleggstrekk, tvangssal, konkursvarsel. I enkelte tilfeller har skuldnar fått opna offentlig gjeldsordning eller det er innvilga betalingsordningar.

Kontoret har fylgt opp rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12. forrige år og sikra at krav ikke vert forelda uten at det er sett i verk tiltak.

Pr 31.12.2017 var 2 krav forelda på til saman kr 23.526,-. Skatteoppkrevjar har vurdert vidare innfordring på desse som lite teneleg og dermed latt dei bli forelda.

3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet

3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2017

Innfordra skatt/avgift av sum krav til innfordring siste år målt i %

Skatteart	Resultatkrav 31.12.17		Resultat pr. 31.12.17		Resultat regionen	Diff Krav/resultat
	Innfordra	Totalt innbetalt	Innfordra	Totalt innbetalt	Totalt innbetalt	Totalt innbetalt
Restskatt 2015 personlege	65,0	97,0	76,7	98,6	96,5	1,6
Forskotsskatt 2016 Personlege		99,7		99,6	99,5	-0,1
Restskatt 2015 upersonlege		99,4		96,8	99,4	-2,6
Forskotsskatt 2016 upersonlege		99,9		100	99,9	0,1
Forskotstrekk 2016		99,9		100	99,9	0,1
Arb.gj.avgift 2016		99,8		99,9	99,8	0,1

Innfordringsresultat pr 31.12 vert målt etter innfordra skatt og totalt innbetalt.

Innfordra skatt = sum/skatt og avgift når rettidig innbetalt og forseinka innbetalt er trekt i frå.

Innfordra skatt vert mao definert som innbetalt etter at skatteoppkrevjar har sett i verk innfordringstiltak.

Totalt innbetalt restskatt personlege s/y ligg 1,6 % over resultatkravet. Dette er ei positiv utvikling og tyder på at innfordringsarbeidet er tett på og gir svært godt resultat.

Resultatet på forskotsskatt personlege s/y ligg 0,1% under kravet, men over resultatet for regionen.

Totalt innbetalt restskatt upersonlege s/y ligg 2,6 % under resultatkravet, men likt med resultatet for regionen.

At resultatet er så pass svakt skuldast i hovudsak restanser knytt til konkursar som enno ikkje er avslutta.

Ellers syner resultatet på dei andre skatteartane mindre avvik, men likevel over eller likt resultatkravet og gjennomsnittet for regionen.

3.2.2 Vurdering av innfordringsaktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet

Innfordringsaktiviteten er god for Volda kommune, og står i klar samanheng med innfordringsresultatet. Volda ligg veldig godt an resultatmessig samanlikna med dei andre kommunane i regionen, og ligg godt over gjennomsnittet for regionen og resultat på landsbasis.

SOFIE er eit effektivt og moderne innfordringssystem og har no vore i bruk i 11 år. Debitortilpassa innfordring vert aktivt brukt, og vi ser heilt klart gevinstar både når det gjeld innfordringsresultat og ikkje minst innsparing av tid og ressursar ved kontoret.

3.2.3 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet

Innføring av debitortilpassa innfordring (DTI) for innkrevjing av restskatt frå 2010 har fungert godt, og ein ser ein klar samanheng mellom betring i resultat som gir raskere og meir korrekt innfordring under dei ulike strategiane. DTI betyr at opplysningar om økonomiske forhold og evt. betalingshistorikk for tidlegare restskattar vert sett i system og innfordra etter ulike betjeningsstrategier.

3.2.4 Omtale av særskilte forhold

Det har ikkje oppstått særskilte forhold som påverkar innfordringsresultatet for 2016.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Volda har hatt særnamskompetanse for skatte- og avgiftskrav sidan 01.06.1989. Frå 01.01.2009 vart denne kompetansen lovbestemt i Skattebetalingslova av 17.06.05. Særnamskompetansen gir heilt klart fordelar, og er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Frå 01.08.2012 vart det i samarbeid med kommunane Ulstein og Sande inngått samarbeid med Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontroll. Kontrollordninga omfattar 11 årsverk totalt.

Avtalen går ut på å kjøpe tenester tilsvarande om lag ei 50-70 % stilling og vert fordelt på deltakarkommunane rekna etter ein fordelingsnøkkelen basert på innbyggartal.

Tenesta vert utført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund og samarbeidet omfattar totalt 17 kommunar.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Tal på planlagde kontrollar i 2017:

Det var planlagt 17 kontrollar for 2017.

Desse utgjør: 5 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på utførte kontrollar i 2017:

Det er utført 6 kontrollar i 2017

Desse utgjør: 1,8 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på kontrollar utført i 2016:

Det er utført 14 kontrollar i 2016

Desse utgjør: 4,1 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er utført 6 kontrollar og det vart avdekt følgjande forhold:

Inntekt/utbytte som ikkje er innrapportert til skattekontoret: kr 3.054.918,-

Grunnlag for arbeidsgjevaravgift som ikkje er avgiftsberekna: kr 3.054.918,-

Avdekkingsresultatet gjeld 3 arbeidsgjevarar og for 2 av dei vil det bli vurdert melding til politiet for brot på skatte- og avgiftsreglane.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Kjøp av kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre Kemnerkontor fungerer bra og vi har god dialog med kontrollørane vedkomande løpande kontrollar.

Vi har fått utført 6 av 17 planlagde kontrollar i 2017 og vi er eit stykke i frå kravet om kontroll av 5% av alle arbeidsgjevarar i kommunen.

Årsaka til dette er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs -eller tvangsavviklingssaker. Det har dermed gått med relativt store ressursar for å få gjennomført desse kontrollane.

Styret i kontrollordninga har siste året hatt fokus på å følgje opp tidsbruken pr kontroll, og det er difor sett i verk tiltak for meir effekt tidsbruk.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har i 2017 vore samarbeid med A-krim i saker som er aktuelle vedr. arbeidslivskriminalitet.

A-krimssenter er etablert i Oslo, Bergen Trondheim og Tromsø og består av representantar frå Skatteetaten, Toll, Politi, Arbeidstilsynet, kemner og NAV.

4.6 Utførte informasjonstiltak

I desember vart det arrangert eit dagskurs for arbeidsgjevarar og næringsdrivande i kommunen.


Kurset vart halde ved Ivar Aasentunet i Ørsta i regi av den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Det var 31 deltakarar på kurset mot 33 året før.

Informasjonsdagen er lagt opp med forelesingar rundt aktuelle tema på lønsområdet.

Dette er eit kursopplegg som har vist seg å være populært, og vi tek sikte på å tilby arbeidsgjevarane dette kvart år framover.

Sted/dato: Volda, 20.01.2018

Ove Bjerkvik


Skatteoppkrevjaren sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskap for 2017 - signert av skatteoppkrevjaren.

SKATTEREKNESKAPEN 2017

ÅRSREKNESKAP FOR 1519 VOLDA FOR INNTEKTSÅRET 2017
AVLAGT ETTER KONTANTPRINSIPPET

	2017	2016
Likvider	65 381 906	67 247 709
Skyldig skattekreditorene	-3 235 345	-5 492 481
Skyldig andre	-4 750	-123 113
Innestående margin	-62 141 808	-61 632 113
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-179 947 100	-174 524 864
Finansskatt lønn	-2 036 938	
Kildeskatt mv - 100% stat	-25 327	-1 181
Personlige skatteyttere	-683 384 154	-681 612 709
Tvangsmulkt	-318 139	-5 124
Upersonlige skatteyttere	-48 693 027	-54 667 761
Renter	-480 858	-78 050
Innfordring	49 528	13 213
Sum	-914 836 014	-910 876 475
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	179 947 100	174 524 864
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	209 164 173	202 993 095
Fordelt til Fylkeskommunen	44 768 523	44 474 854
Fordelt til kommunen	209 347 313	206 754 872
Fordelt til Staten	271 608 905	282 141 452
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	-12 662
Sum	914 836 014	910 876 475
Sum Totalt	0	0

Volda 20.01.2018


Ove Bjerkvik
skatteoppkrevjar



FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPEN

Generelt

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Dette viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i løpet av året, korleis desse fordeler seg på skatteartane, samt korleis innbetalte skattar og avgifter er fordelte mellom skattekreditorane.

Innbetalte skattar og avgifter blir fordelte mellom skattekreditorane i samsvar med gjeldande fordelingstal.

Hovudpostane i Årsrekneskapen

Likvider

Skatteoppkrevjaren sine likvider inneheld inneståande på bankkonto for skatt og eventuell kontantbeholdning.

Skuldig til skattekreditorane

Her ligg resultatet frå periodisk oppgjør for desember som blir utbetalt seinast 10. januar. Dersom kolonnen viser eit positivt beløp, har skattekreditorane gjeld til skatteoppkrevjaren. Dette beløpet forfell til betaling 20. januar.

Skuldig til andre

Posten inneheld uidentifiserte og uplasserte innbetalningar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

Udisponert resultat

Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innfordring

Dette er innbetalt arbeidsgjevaravgift, kjeldesatt, personlege skattytarar, selskapsskatt, renter, innfordring etter frådrag for margin m.m. som er fordelt mellom skattekreditorane.

Fordelt til skattekreditorane

Her kjem fram innbetalte skattar og avgifter, og korleis desse er fordelte mellom skattekreditorane.

Krav som er ufordelte

Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Vidaresending plassering mellom kommunar

Dette gjeld innbetalningar som vert mellomrekna til andre kommunar sin rekneskap

Interkommunal samarbeidsgruppe
Arbeidsgiverkontroll

Et samarbeid mellom kommunene
Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda, Ørskog, Ørsta og Sykkylven

**ÅRSMELDING
INTERKOMMUNAL
ARBEIDSGIVERKONTROLL**

ÅR 2017

ARBEIDSGIVERKONTROLL

1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor er et samarbeider mellom flere kommuner. Tilknyttet kommuner i samarbeidet for 2017 er; Ålesund, Giske, Hareid, Haram, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Stordal, Sande, Volda, Ulstein, Ørskog, Ørsta og Sykkylven som er ny kommune i år. Ålesund kommune er vertskommune for samarbeidet, og samarbeidet er organisert etter kommuneloven § 28b, administrativt vertskommunesamarbeid. Den interkommunale arbeidsgiverkontrollen er organisert i et eget team som ligger under kemneren.

I 2017 er det formelt inngått samarbeid om arbeidskriminalitet. Kemner i Nordre Sunnmøre har signert avtale med hvor skatteetaten, politi, arbeidstilsynet, statens vegvesen og Nav inngår i samarbeid. Arbeidsgiverkontrollen er kontaktleddet og utøvende part. Der hvor mulig kontrollobjekter tilhørende eksterne SKO (i vårt samarbeid) kan bli grunnlag for kontroll vil den tilknyttede SKO bli kontaktet.

1.2 Styringsgruppa

Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner. Funksjonstid er to år. Teamleder deltar på møtene i styringsgruppen. Sist valg av styre ble gjennomført i februar 2015. Sittende styre ble da gjenvalgt.

Medlemmer 2017 har vært:

Kemner i Nordre Sunnmøre	Lindis Skeide Nyland
Skatteoppkrever i Volda	Ove Bjerkvik
Skatteoppkrever i Herøy	Jan Driveklepp

Det har vært avholdt to møter i styringsgruppen i år der følgende saker er drøftet:

- Status - fremdriften i kontrollarbeid
- Kvartalsvis fremdrift – måltall
- Effektivitet, forventet tid rundt en kontroll og kvalitetssikring.
- Kvalitetssikring – ressurs bruk
- Opplæringsprosess hos flere nye
- Lønnsrevisor – opplæring i skatteetaten
- Bedre verktøy for registrering av tidsbruk.
- Informasjonsdagene våre – spørsmål om å bruke ekstern forelesere i 2018

1.6 Ressurs fordeling

Arbeidsgiverkontrollen har i 2017 utvidet fra 9 til 11 stillinger. Vi har hatt en vikar i 7,5 måned. I perioder har vi vært 12 stk i kontrollgruppa. Den ene ny ansatte og vikaren hadde oppstart medio januar. En ansatt hadde oppstart i mars. Vikaren ble fast ansatt fra 1. september. En lønnsrevisor har sluttet 29. september. Antall stillinger utgjør etter dette elleve inklusiv teamleder.

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Registrering av årsverk følger Skatt Midt- Norge sin beregning, med 210 DV pr årsverk.

I årsplan for 2017 var beregnet tilgjengelig ressurs brutto 2238 DV, teamleder beregnet 210 DV (administrativ tid for teamleder var da beregnet med). Snitt sykefravær er 2,7 %.

Registrert sum effektiv kontrolltid i 2017 er 1558 DV. Til sammenligning var år 2016 registrert med 899 DV brukt til kontrolltid.

Registret reisetid utgjør ca 14 dagsverk og 111 dager er registrert som kursdager. Til sammenligning var år 2016 registret 12 dagsverk og 95 dager kursdager. Reisetid og tid til kurs/opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene. Total kursdager er iberegnet dager for de kurs arbeidsgiverkontrollen arrangerer selv for arbeidsgivere, regnskapsførere. Lønnsrevisorer som ikke er direkte involvert, er deltaker ved den ene kursdag. To av lønnsrevisorene har deltatt på kontrolloplæring som skatteetaten videreførte gjennomført våren 2017. En ny lønnsrevisor startet på slik kontrolloplæring høsten i 2017 og vil da fortsette videre til ca mai 2018.

2. Organisering

2.1 Medarbeidere 2017

Med en vikar i lengre periode har vi greid oppdekning for 11 stillingshjemler i 2017.

Teamleder:

Sigrun Andersen

Lønnsrevisorer i 2017 :

Eldrid Smogeli, Marita Nogva, Kay Robert Brastad, Asbjørn Martin Fiedler Rørvik, Trude Grindvik, Hanne Elin Ytreid, Lars Heggdal, Åse Brandal Sandnes, Mats Foss Jørgenvåg , Sofia Veniamakis og Trond Atle Slettedal.

2.2 Opplæring / etterutdanning

Registret kurstid er

119 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:

NARF kurs 2 stk.(4 d)

Skatt Midt - Norge 1 fagdager 12 stk (12 d)

NKK – Arbeidsgiverkontrollen 2 stk (4 d)

Infotjenesten – lønnskurs 2 (2 d)

Skatteetaten kontrolloplæring 3 stk (54 d)

Intern i kommunen, HMS 1 stykk (2 d)

Tillitsvalgt 1 (2 d)

A-krim - 2 x 0,5 (1 d)

Egne kurs/ informasjonsdag 2 stykker avholder 3 informasjonsdager (6)

Egne kurs /informasjonsdag (7 d)

Riksprosjekt nærstående (3d)

Andre interne kurs kommune, system, klart språk, forberedelser til vårt kurs mm

3. Arbeid og resultatoppnåelse

3.1 Resultat pr 31.12.2017

Kommune	Planlagt etter 5% kontroller	Planlagt Korrigert	Gjennomført tellende kontroller	PLK	Resultat i prosent av lev.
NSK*	175	151	147	4	4,2
Hareid	8	6	2		1,2
Herøy	21	19	17	2	4,0
Sande	5	5	4		4,4
Stranda	13	10	7	5	2,8
Sula	13	13	8		3,0
Ulstein	17	9	9		2,5
Volda	17	6	6		1,8
Ørsta	21	20	15		3,7
SUM	290	239	215	11	

*Nordre Sunnmøre kementerian (NSK) står for 9 kommuner samlet.

Krav til antall kontroller var 290, dette ble lagt til grunn i årsplanen. Vi har oppnådd 215 tellende kontroller, avviket i forhold til opprinnelig krav blir 75 stk. I tillegg er det avholdt 11 PLK. Til sammenligning i 2016 hadde vi 146 tellende kontroller og 31 PLK som ikke var tellende. Samlet kontroller tellende og PLK i 2017 er da 226.

Vi har størst avvik på antall kontroller for følgende kommuner:

Hareid: Utplukk av kontrollobjekt fra skatteoppkrever har vært noe mangelfull. Vi hadde to objekt overliggende fra 2016 som ble tatt opp med skatteoppkrever da det har vært vanskelig å få inn opplysning og regnskapsmaterieil på. Alternative objekter ble formidlet til oss veldig sent.

Volda: I samarbeidet fordeles dagsverk etter folketall med korrigering etter forrige års bruk, pluss eller minus. Volda fikk for år 2017 redusert tilgjengelig dagsverk vesentlig. Samtidig har utplukket objekter som vært arbeidskrevende, fire av de ferdige kontrollene har vært konkurssaker. Større avdekning og brudd på regelverk med straffbare forhold som resultat. Den største er det brukt over 32 dagsverk på. Vi har en også en pågående konkursskontroll. Beregnet tilgjengelig dagsverk er da også i 2017 overtrukket.

Ulstein: Vi har her hatt fire omfattende kontroller, en konkurssak. To stykker har dagsverk over 22 d og en over 17 dagsverk. Disse er det brudd på regelverk, avdekning og mulig straffbar forhold. Ulstein har ved årsskifte et overforbrukt av tilgjengelig dagsverk med 21 dager (reduserer for 2018).

Stranda: I 2017 ble flere PLK foretatt, både for å kunne regulere ned forbruk av dagsverk og som skulle gi grunnlag for eventuell videre kontroll for objektene. Stranda har høyt krav til kontroller sett i forhold til hva kommunen oppnår av fordelt dagsverk, beregnet tilgjengelig DV var 45, som i 2017 er blitt overtrukket med 20 DV.

Vi vektlegger god kvalitet. Kontrollen med etterfølgende rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning, og for eventuelle anmeldelser. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollene og å få frem gode fakta beskrivelser. Kvalitetssikring medfører bruk av ressurser og har vært viktig i en større opplæringsprosess som vi har hatt i 2017.

Avdekning / endringsforslag totalt er større enn i 2016, vi har et økt antall AK (avdekningskontroller), bedre utplukk og i flere kontroll i konkurssaker har gitt økt inntektsendringer.

Avdekning av konkurssobjekter medfører for vedtak av arbeidsgivergrunnlaget lavt antall og beløp. Det blir ikke foreslått vedtaksendring (behandling) av avdekt arbeidsgivergrunnlag i disse

sakene, da det ikke er likvider å hente. Det blir allikevel meldt som endring på differanse mellom innberettet oppgaver og det som avstemning avdekker.

Det vil i enkelte tilfeller bli en avdekning som er negativ. Dette når det har vært innmeldt lønn, men hvor lønn ikke er utbetalt, medfører en negativ avdekning. Dette oppgis det i tekst på SKO-årsrapport som utfylles for den enkelte kommune og NSK på hvilke beløp som gir reduksjon / påvirker oppgitt totalsum.

Totalt sett; Vi har økt ressurser og økt resultat. Vi har hatt stor utfordring med mange nyansettelser som har vært og fortsatt er i opplæringsprosess. Vi har hatt tre stykker ute i ekstern opplæring som har bundet ressurser og det har vært noe langtids sykefravær.

3.2 Tidsforbruk

Det ble tatt opp i arbeidsmøte i styringsgruppe at det var ønskelig med en mer helhetlig registrering på hva som brukes av tid på den enkelte kontroll.

Beregningsgrunnlag er: sum kontrolltid 2023/ på antall kontroller 226.

Dette er total registrert tid minus kursdager, registret møter og gjennomsnitt sykefravær som gir beregnet snitt pr kontroll på 8,95 DV.

Korrekt registrert av tid er avhengig av den enkeltes lønnsrevisor registrering da denne er manuell.

For å sammenligne med 2016 må en bruke effektiv kontrolltid og den er registret til 1558 / 226 som da utgjør 6,89 DV for kontroller i 2017.

Til sammenligning år 2016 (samme beregningsgrunnlag) var det 5,08 DV pr kontroll.

Inklusiv registret reisetid år 2017 blir DV $1571/226 = 6,95$ DV. Til sammenligning var dagsverk i 2016 beregnet til 5,15.

En økning i gjennomsnitt dagsverk anses naturlig tatt i betraktning til den opplæringsprosessen vi har vært i.

3.3 Resultat av kontrollarbeidet 2017

For inntektsåret 2017 er dette telt;

Endringsforslag arbeidsgiveravgift.

Endringsforslag inntektsgrunnlag

Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år,

antall tellende kontroller er sum 215 og består av:

antall AK rapporter er 103stk

antall AK med avdekning er 62 stk, av disse er 58 stk med endringsforslag.

antall FK 104 stk

antall TK (oppfølging) er 4 stk

antall OT (undersøkelseskontroller) er 4 stk

antall FK / TK med avdekning er i 4 stk

antall kroner forslag egenretting AGA grunnlag (arbeidsgiveravgift) 647 238 (inkl. negativ 138 996)

antall kroner forslag egenretting for inntekt 1 757 239 (inkl negativ beløp)

antall kontroller som er etter konkurs er 37 stk.

Det er registrert 34 kontroller i 2016 med avdekt mulig straffbare forhold.

For NSK er det i 2017 sendt inn 11 anmeldelser mot 14 i 2016.

I tillegg er en sak behandlet i forliksråd.

Interkommunal arbeidsgiverkontroll	2017	2016	2015
Endring forslag inntekt, inkl egenretting	32 130 922	13 535 395	kr 12 185 855
Endring AGA gr.lag inkl egenrettet:	18 143 400	13 493 730	kr 9 860 256

Vedtak: vi er målt på:

Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO

Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.

For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:

Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)

Det har vært krav at 50 % av avdekning på avdekningskontrollene

Sum totale antall vedtak for AGA er 32 fra skattekontoret.

Rett vedtak på 32 stk. Gir korrekt treff med 100 %.

Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 80. Rette vedtak er 76, som gir riktig 95 %.

Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 32 %, mot fjorårets 23,81 %.

Måler	2017 antall	2017 beløp	2017	Avdekning	2016 antall	2016 beløp	2016	Avdekning
Rett i fh til vedtak	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp
Vedtak inntekt	76/80	9 728 869	9 731 497	99,9 %	44 / 57	7 323 392	7 121 937	97, %
Vedtak AGA	32/32	4 176 346	4 176 346	100 %	9 / 11	2 425 227	2 177 782	90 %

*Antall, «vårt tall» er antall rette sett til vedtak.

Vi har 34 rapporter pr 31.12.17 som ikke er vedtaksbehandlet enda.

Til sammenligning pr 31.12. i 2016 var 17 rapporter ikke vedtaksbehandlet.

PLK i 2017 det er 11 kontroller og foreslått gebyr i 7 av disse, sum kr 94 410. 5 stk er vedtatt med samme beløp. 2 stk er ikke behandlet, men ligger varslet med samme beløp som foreslått.

Til sammenlikning, PLK i 2016 var det i 18 av 31 kontroller foreslått gebyrer totalt med sum kr 217 300,-, vedtatt med samme sum.

Informasjonstiltak

Informasjons – dagene våre trakk 168 deltagere (eks. våre interne). Det ble i år gjennomført informasjonsdag i Ålesund, Herøy, Ørsta og Ørskog.

4. Regnskap 2016.

Regnskap for år 2016 er avstemt og viser et mindre overforbruk enn budsjettet.

Fakturaoppgjør er utsendt 11.1.2018.

5. Konklusjon

Arbeidsgiverkontrollen har i 2017 ferdigstilt 215 tellende bokettersynsrapporter og 11 rapporter etter personallistekontroller. Dette er mindre enn skatteetatens sitt resultatkrav og noe mindre enn forventet korrigert måltall. Størst utfordring i år har vært flere nye lønnsrevisorer og sykefravær. Vi har økt ressurser totalt, men omstillingen ved å få inn nye, opplæringsprosessen og sykefravær har allikevel krevd ressurser som har gått på bekostning av kontrollarbeid.

Med de utfordringer som vi har hatt er vi fornøyd med det helhetlige resultat.

Vi har i 2017 en markant økning i endringsforslag sum avdekning for inntekt. Endringsforslag for AGA grunnlag er økt med ca 25,8 % sett mot år 2016 forslag.

Proveny av disse PLK fremkommer ikke tall for avdekning.

Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode, og vi vil ha fokus på det også fremover.

Følgende dagsverk føres over til 2018:

Kommune	Overført DV til neste år
Ålesund	-144
Giske	87
Haram	27
Hareid	30
Herøy	-31
Norddal	13
Sande	14
Sandøy	- 4
Skodje	- 1
Stordal	8
Stranda	-20
Sula	39
Ulstein	-21
Volda	-49
Ørskog	28
Ørsta	11
Sykkylven	12

Vedlegg: kopi av regnskap 2017

Ålesund, den 15.1.2018

Sigrun Andersen
teamleder



Datoen vår
15.02.2018

Datoen din

Sakshandsamar
Amfinn Christian
Kvernstad

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din

Telefon
90031666

Org.nr
991733116

Referansen vår
2017/253745

Postadresse
Postboks 2060
6402 Molde

Kommunestyret i Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Volda kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
1,8	1,6	1,9

Deltaking i interkommunal kontrollordning er inkludert med 0,7 årsverk.

3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.



Årsrekneskapen for Volda kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 914 836 014 og uteståande restansar² på kr 9 468 288, av dette krav stilla på vent kr 370 557.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Volda kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2015	97,00 %	98,63 %	98,40 %	96,46 %
Forskotstrekk 2016	99,90 %	99,99 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2016	99,70 %	99,61 %	99,31 %	99,50 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2016	99,90 %	100,00 %	99,95 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2015	99,40 %	96,82 %	99,84 %	99,38 %
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,80 %	99,91 %	99,93 %	99,84 %

Skatteoppkrevjaren har nådd alle resultatkrav utanom to. Resultatet på forskotskatt personlege skatteytarar ligg 0,1 % under kravet, men over resultatet for regionen. Totalt innbetalt restskatt upersonlege skatteytarar ligg 2,6 % under resultatkravet. Skatteoppkrevjaren seier i sin årsrapport at resultatet er så pass svakt i hovudsak skuldast restanser knytt til konkursar som enno ikkje er avslutta.

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Volda kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for kommunen per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2017:	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region (i %)
332	17	6	1,8 %	4,1 %	4,6 %

Resultatet for arbeidsgjevarkontrollen var 1,8 % mot eit krav på 5 %. Den interkommunale kontrollordninga si årsmelding fortel om eit år med nye tilsetjingar og sjukefråvær som har prega resultata.

Skatteoppkrevjaren skriv i sin årsrapport at årsaka er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs- eller tvangsavviklingssaker. Det har dermed gått med relativt store ressursar for å få gjennomført desse kontrollane.

Kontrollordninga har òg delteke i ulike kontrollsamarbeid og aksjonar, blant anna mot arbeidslivskriminalitet, med Skatteetaten.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2017 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Skattekontoret har i 2017 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing 30. juni 2017. Rapport er sendt skatteoppkrevjaren 7. juli 2017. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 7. august 2017.

Stadleg kontroll for området arbeidsgjevarkontroll vart halden ved den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor 4. mai 2017. Rapport er sendt arbeidsgjevarkontrollordninga 22. juni 2017. Eininga har gjeve tilbakemelding på rapporten 10. juli 2017.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Skatte- og avgiftsinnskrevjing

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.



5. Skattekontoret sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret hadde 1. februar 2017 eit styringsdialogmøte der skatteoppkrevjaren for Volda deltok. I tillegg var det eit oppfølgingsmøte vedkomande arbeidsgjevarkontroll 27. april 2017 der den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok.

Med helsing

Ida Moen
fung. avdelingsdirektør
avdeling for innkreving
Skatt Midt-Norge

Arnfinn- Christian Kvernstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:

Kontrollutvalet for Volda kommune
Rådmann/administrasjonssjef Volda kommune
Skatteoppkrevjaren for Volda kommune
Riksrevisjonen



U T S K R I F T

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/18	232	22.02.2018	12.03.2018	JS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2017 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2017.
2. Kontrollutvalet ber skatteoppkrevjaren kome i eit seinare møte for å orientere om skatteinnfordringa og arbeidsgivarkontrollen i kommunen.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2017 frå Skatteetaten, av 15.02.2018
- Årsrapport 2017 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2018
- Årsrekneskap 2017 for skatterekneskapen, av 20.01.2018
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2017, av 15.01.2018

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 1,8% (4,1 % i 2016), medan kravet var 5%. Jf. Pkt 3 side 4 i kontrollrapporten.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2017 er kr. 209.347.313. I 2016 var skatteinngangen kr 206.754.872. Dvs. ein auke på kr 2.592.441, eller om lag 1,25%.
- Budsjettert skatteinngang for 2017 var kr 206 mill. medan reell skatteinngang var 209,3 mill. Meirinntekt på skatt vert då 3,3 mill.

Rett utskrift

Åram, 22. mars 2018

VEST KONTROLL
SERVIETARIAT FOR KONTROLLUTVALET

Ida B. Marholm

Ida Birgitte Marholm
Konsulent

**Utskrift til: Rådmann
Skatteoppkrevjar**



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2018/611

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

57/18

Formannskapet

04.04.2018

Kommunestyret

HASLEVEGEN 3 - KJØP AV EIGEDOM

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til formannskapet sitt vedtak i PS-sak 49/18, og vedtek å kjøpe eigedomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 7.100.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Vedleggsliste:

1. Vedtak formannskapet i møte 13.03.2018, PS 49/18

Uprenta vedlegg:

2. Kjøpekontrakt på eigedomen
3. Bilag til kjøpekontrakt

Samandrag av saka:

Eigedomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune har vore lagt ut for sal. Formannskapet vedtok at kommunen skulle legge inn bod på eigedomen og fekk aksept for eit bod på kr 7.1 mill. Saka vert med dette lagt fram for kommunestyret for godkjenning og vedtak om finansiering.

Saksopplysningar/fakta:

Eigedomen Haslevegen 3, gnr. 118, bnr. 18 i Volda kommune vart i mars i år lagt ut for sal.

Eigedomen består av bustadhus, stabbur, eldhus, garasje og dokkestove. Tomta er på heile 2.896 kvm og grensar i sør mot kommunen sin eigedom. Eigedomen er regulert til bustadføre mål.

Foto av egedomen



Fig. 1 Reg.plan for området rev. 2001





Fig. 2 Eignedomsgrensene Gbr. 18/18



Bakgrunn for kommunen si interesse for arealet.

Administrasjonen tok opp spørsmål om kjøp av eigedomen med formannskapet da den vart lagt ut for sal. Dette med bakgrunn i at kommunen manglar utviklingsareal ved omsorgssenteret. Med dei utfordringane kommunen står framfor innanfor omsorgstenestene, må Volda kommune vere aktiv for å sikre tomteareal for framtidig utbygging for å kunne utvikle tenestene ved Omsorgssenteret.

Kjøp av stor tomt i Haslevegen opnar for at kommunen kan nytte den delen av arealet ved omsorgssenteret, supplert med kjøpet av Haslevegen, til realisering av både planlagde og framtidige byggeprosjekt. I noverande økonomiplan ligg det inne planar for å bygge særskild tilrettelagde bustader. Området ved omsorgssenteret vil vere godt eigna til føremålet. Det vil og vere fornuftig å tenke moglegheiter for auke av kapasitet på døgnbemanna omsorgsbustader, der plasseringa er ideell. Det å kunne nytte eksisterande infrastruktur og dei fasilitetane som finst på omsorgssenterområdet, gir god synergi. Kommunen vil kome attende til nærare utviklingsplanar om bruk av eigedomen.

Med dette som bakteppe vedtok formannskapet i møte 13.03.2018, PS 49/18, å gje fullmakt til å gje bindande bod på eigedommen. Prisen kom på kr 7,1 mill og må sjåast i samanheng med dei samla enkeltelementa i og rundt eigedomen.

Kommunen sin samfunnsdel:

Det å sikre kommunen utviklingsareal knytt opp mot omsorgssenteret er klart i samsvar med kommunen sin samfunnsplan, der det m.a. under Busetnad går fram at kommunen skal legge til rette for *«integrering av ulike grupper med særskilte behov i etablerte og nye bustadområde.»*

Helse og miljøkonsekvensar:

Arealet ligg sentralt i høve til omsorgssenteret. Samhandling og synergjar knytt til viktige faktorar som tryggleik, trivsel, levekår og inkludering vil etter ei utbygging for dei buande og kommunen kunne framstå som positive.

Økonomiske konsekvensar:

Totalkostnaden med kjøpet inkl. avgifter kjem på kr. 7.278.550 og er tenkt lånefinansiert. Det vil medføre auka kostnader til rente/avdrag.

For at kommunen også skal kunne dra fordelar av å kunne drifte tenestetilbodet i tilknytning til bustadane, bør det vere enkel logistikk for å kunne utnytte også dei økonomiske ressursane på ein god måte. Samhandling og synergjar er viktige moment framtidig drift av omsorgstenestene.

Beredskapsmessige konsekvensar:

I samband med realisering av eigedomen innanfor omsorgstenester vil kort avstand til omsorgssenteret også kunne vere viktig i beredskapssamanheng.

Vurdering og konklusjon:

Sak om kjøp av areal av denne storleiken er klart ei sak for kommunestyret. Det er kommunestyret som kan løyve midlar og finansiere kjøp av denne storleiken. Dersom kommunen skal ta del i ei bodrunde på ein eigedom, så må kommunen handle når det skjer og det vil i praksis vere uråd å samle kommunestyret i ein slik prosess. Då er der også reglar i kommunelova som gjer at formannskapet kan opptre på vegne av kommunestyre, jfr. Reglane om utvida mynde i hastesaker §13 og kommunen sitt reglement

for formannskapet. I realiteten er såleis denne saka ei sak om finansiering av kjøpet då formannskapet allereie har gjort vedtak om å by på eigedomen.

Rådmannen og formannskapet har difor hatt ein nær kontakt i samband med dette kjøpet. Både med tanke på om kommunen skal by på arealet og i samband med utviklinga i bodrunda.

Med bakgrunn i ovannemnde har rådmannen ikkje noko meir å merke til saka og vil tilrå kommunestyret

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2018/234

Arkivkode: C79

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

58/18

Formannskapet

04.04.2018

HØYRING OM SØNDAGSOPNE BUTIKKAR

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune syner til at forslag til endringar i heilagdagslova var ute til høyring i 2015. Kommunen støtta ikkje framlegg til endringar i lova då, og ser ikkje at situasjonen har endra seg vesentleg sidan då og vil såleis ikkje tilrå endringar i lova i samsvar med nokon av dei 4 modellane som er lagt ved.*
- 2. Skulle det i Stortinget likevel verte vedtak om søndagsopne butikkar, føreset Volda kommune at retningsliner for opningstider vert fastsett av sentrale mynde, og ikkje i den enkelte kommune.*

Vedleggsliste:

1. Brev av 25.01.2018 frå kulturdepartementet
2. NOU 2017: 17 På ein søndag? ”Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar.
3. Spørsmål i nettbasert høyring

Uprenta vedlegg

«Forslag om endringer i heilagdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker – høring»,
høyringsnotat 27.03.2015 Sak PS 115/15

Samandrag av saka:

Kulturdepartementet har sendt ut «NOU 2017: 17 På ein søndag?» - til høyring. Føremålet er å endre lova for å «mjuke» opp reglane for at vanlege butikkar kan ha ope på søndagar.

Eit samansett utval har skissert 4 ulike modellar for regulering av søndagshandel frå faste utsalsstader, og ber om fråsegn frå m.a. kommunane.

Saksopplysningar/fakta:

Kulturdepartementet har sendt ut «NOU 2017: 17 På ein søndag?» - til høyring. Føremålet er å endre lova for å «mjuke» opp reglane for at vanlege butikkar kan ha ope på søndagar.

Eit samansett utval har skissert 4 ulike modellar for regulering av søndagshandel frå faste utsalsstader.

Så seint som i juni 2015 (sak PS 115/15) hadde formannskapet føre sak om endring i lov av 24.02.1995 om heilagdagane og heilagdagsfred (heilagdagslova). Føremålet då var at vanlege butikkar skal kunne ha ope på søndagar.

Formannskapet gjorde då slikt vedtak:

3. ***Volda kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag til endringar i heilagdagslova som foreslått i høyringsnotat15/1432, datert 27.3.2015.***
4. ***Skulle det i Stortinget likevel verte vedtak om søndagsopne butikkar, føreset Volda kommune at retningsliner for opningstider vert fastsett av sentrale mynde, og ikkje i den enkelte kommune.***

No har eit samansett utval skissert 4 ulike modellar for regulering av søndagshandel frå faste utsalsstader.

Av høyringsskrivet frå Kulturdepartementet går det fram:

«Modell 1 legger vekt på at færrest mulig i varehandelen må arbeide på søn- og høytidsdager, med kun små justeringar i dagens regelverk.

Modell 2 legger vekt på å skape likere konkurransevilkår og samtidig skjerme søndag formiddag og de store høytidsdagane.

Modell 3 legger opp til frie åpningstider for alle utsalgssteder med avgrenset salgsareal for å skape like konkurransevilkår.

Modell 4 innebærer en liberalisering av regelverket.

Et flertall av utvalgsmedlemmene pekte på modell 2 som en forbedring og forenkling av gjeldende rett.»

Meir om dei ulike modellane og konsekvensane av dei ulike modellane finn ein i det vedlagde notatet *NOU 2017: 17 På ein søndag? "Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar.»*

Det er utarbeidd ei nettbasert høyringsløyising for

«å gjøre det lettere å avgi høringsuttalelse og oppsummere høringen... Der kan man enkelt gi uttrykk for om man er enig eller uenig i utredningens forslag, og hvor viktig man mener det aktuelle spørsmålet er. Det er i tillegg mulig å formulere egne kommentarer til hvert forslag. Høringsinstansene blir også bedt om å ta stilling til påstander som belyser ulike hensyn ved utforming av åpningstidsreglene, se vedlagte liste over spørsmålene. Det er nødvendig å sette seg inn i NOU-en for å svare på spørsmålene. Departementet ber om at den nettbaserte høringsløsningen benyttes....»

Høyringsbrevet frå kulturdepartementet og spørsmåla i nettbasert høyring fylgjer vedlagt til vitende.

Å nytte den nettbaserte høyringa i eit folkevalt organ der nyansar, påstandar skal vurderast ser ein som vanskeleg i ei saksutgreiing og rådmannen vel difor å forhalde seg til Modellane slik dei er. Dersom formannskapet ynskjer å nytte den nettbaserte løysinga må ein gjerne gjere det.

Vurdering og konklusjon:

Det har ved fleire høve vore fokus på søndagsopne butikkar i media, der det har vore debatt om fordelar og ulemper med ei eventuell endring i lovverket. Dei reglane som gjeld har også vore oppe i Stortinget fleire gonger før.

Meiningane og argumenta er mange både for og mot endringar. Her er ei oppsummering av dei mest vanlege argumenta:

Mot søndagsopne butikkar:

- Søndagar bør framleis vere ein dag som skil seg ut frå dei andre dagane, slik at spesielt familiane får eit pusterom i ein elles travel kvardag, og der felles aktivitetar bør vere noko anna enn shopping.
- Søndagsopne butikkar vil føre til at mange fleire tilsette må arbeide på søndagar.
- Dei store kjedene og kjøpesentra som har økonomisk høve til å halde søndagsopne vil utkonkurrere dei små butikkane.
- Det er lite som tyder på at den totale omsetninga aukar med søndagsopne. Utgiftene vil auke som følge av utvida arbeidstid og større lønskostnader. Ein av konsekvensane kan verte dyrare mat.

For søndagsopne butikkar:

- Forbrukarane vil ha fridom til å handle kva dei vil og når dei vil. Dersom det vert høve til å handle på søndagar, kan det redusere tidsklemma.
- Dagens regelverk er komplisert og har etter kvart fått mange unntak som gjer at fleire ulike butikkar kan halde opne på søndagar. Dette skaper skeiv konkurranse i dag. Ei endring vil kunne gi meir rettferd bransjane mellom.
- Nokre meiner at det lovteksta seier om "heilagdagsfred" på søndagar er lite relevant i vårt fleirkulturelle og -religiøse samfunn.
- Det vil framleis vere høve til å velje om det skal vere opne eller ikkje.
- Søndagsopne butikkar vil styrke konkurranseevna til butikkar opp mot andre tilbod som nettbutikkar og grensehandel.

Helse og miljøkonsekvensar:

Søndagar bør framleis vere ein dag som skil seg ut frå dei andre dagane, slik at spesielt familiane får eit pusterom i ein elles travel kvardag, og der felles aktivitetar bør vere noko anna enn shopping. Dette er ein føremon for folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rådmannen ser at samfunnsutviklinga gjer at spørsmålet om søndagsopne butikkar stadig vert teke opp. Men det viser seg at forslaga om endring av dagens situasjon ikkje får særleg oppslutnad, korkje frå næringa sjølv, arbeidstakarane eller publikum. Det viser omtale av saka i presse og kringkasting. Rådmannen vil for sin del legge mest vinn på argumentasjonen mot søndagsopne butikkar, og rår til at formannskap og kommunestyret gjer det same ved å gå imot forslaget.

Sjølv om ein no kjem med 4 ulike modellar for endring av lova, viser rådmannen til at det ikkje er lenger enn vel 2 år sidan formannskapet ikkje såg at det var naudsynt med endringar i lova. Rådmannen kan ikkje sjå at situasjonen har endra seg vesentleg sidan sist saka var ute til høyring, og vil tilrå at ein held fast på vedtaket frå sist.

Skulle det i Stortinget likevel vere fleirtal for søndagsopne butikkar, rår rådmannen til at retningslinjer for opningstider vert fastsett av sentrale mynde, og ikkje i den enkelte kommune.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Kulturdepartementet

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref
17/4936-

Dato
25. januar 2018

Høring - NOU 2017: 17 På ein søndag?

Kulturdepartementet sender med dette på høring NOU 2017: 17 *På ein søndag? Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar.*

NOU 2017: 17 gjør rede for konsekvensene av å endre reguleringen av åpningstidene i varehandelen. Utvalget har vært bredt sammensatt og fikk et bredt mandat. Departementet ber om kommentarer til utredningens funn, vurderinger og forslag. Et flertall på 11 av utvalgsmedlemmene har samlet seg om ett forslag til lovendringer. Departementet ber spesielt om kommentarer på hvert av disse konkrete forslagene til lovendringer.

Utvalget skisserer fire ulike modeller for regulering av søndagshandel fra faste utsalgssteder. Modell 1 legger vekt på at færrest mulig i varehandelen må arbeide på søn- og høytidsdager, med kun små justeringer i dagens regelverk. Modell 2 legger vekt på å skape likere konkurransevilkår og samtidig skjerme søndag formiddag og de store høytidsdagene. Modell 3 legger opp til frie åpningstider for alle utsalgssteder med avgrenset salgsareal for å skape like konkurransevilkår. Modell 4 innebærer en liberalisering av regelverket. Et flertall av utvalgsmedlemmene pekte på modell 2 som en forbedring og forenkling av gjeldende rett.

For å gjøre det lettere å avgi høringsuttalelse og oppsummere høringen er det utarbeidet en nettbasert høringsløsning. Der kan man enkelt gi uttrykk for om man er enig eller uenig i utredningens forslag, og hvor viktig man mener det aktuelle spørsmålet er. Det er i tillegg mulig å formulere egne kommentarer til hvert forslag. Høringsinstansene blir også bedt om å ta stilling til påstander som belyser ulike hensyn ved utforming av åpningstidsreglene, se vedlagte liste over spørsmålene. Det er nødvendig å sette seg inn i NOU-en for å svare på spørsmålene. Departementet ber om at den nettbaserte høringsløsningen benyttes.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for tro,
livssyn og kulturvern

Saksbehandler
Martin Hill
Oppegaard
mhop@kud.dep.no

Høringsuttalelser er offentlige etter offentlighetsloven og vil bli publisert på våre nettsider.

Høringer er åpne, og alle kan sende innspill. Aktører som ikke har fått tilsendt høringssaken direkte, står fritt til å uttale seg om forslagene som legges frem. Vi ber om at høringsinstansene videreformidler høringsbrevet til aktuelle etater, medlemsorganisasjoner mv. som ikke er oppført på høringslisten.

Les og svar på høringen: www.regjeringen.no/helligdagsloven

Høringsfristen er 25. april 2018.

Med hilsen

Ingrid Vad Nilsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Torbjørn Backer Hjorthaug
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg:

- Liste over spørsmålene i den nettbaserte høringsløsningen

NOU 2017: 17

På ein søndag? — Reglane om søndagshandel og konsekvensane av endringar

[Til innhaldsliste](#)

Kulturdepartementet

Lenkeverktøy er aktivert, trykk på lenkeikon ved siden av overskrift/avsnitt for å kopiere lenke.

[Slå av lenkeverktøy](#)

[Neste kapittel](#)

[Forrige kapittel](#)

8 Konsekvensar av ulike måtar å regulere opningstidene på

8.1 Innleiing

I dette kapittelet gjer utvalet greie for fire ulike måtar å regulere opningstidene på, og vurderer konsekvensane av kvar modell. Formålet er å gi komande beslutningstakarar eit grunnlag for å vurdere kva for opningstidsregulering som bør gjelde. I kapittel 7 har utvalet peikt på moglege konsekvensar av endringar i opningstidsreguleringa og utforma kriterium for å vurdere dei ulike modellane. Desse kriteria blir brukt her. I kapittel 9 gir utvalet tilrådinga si.

Utvalet har i kapittel 5 gjort greie for konkrete utfordringar ved gjeldande rett, mellom anna:

- Konkurransesvridande reglar: Hagesenterunntaket hindrar mellom anna byggjevere-, møbel- og jernvarehandlarar i å konkurrere på like vilkår når det gjeld delar av varespekteret. Campingplassunntaket fører til ulike konkurransevilkår innanfor og utanfor campingplassen. Turistunntaket blir praktisert ulikt mellom fylkesmannsembeta, og det skjer ei lokal konkurransevriding når det blir ulike konkurransevilkår for ulike delar av varehandelen i same område, som til dømes i Larvik kommune.
- To reglar blir brotne jamleg: Husflids- og suvenirunntaket blir brukt til å selje industriprodukt på søn- og høgtidsdagar. Ein del mindre faghandlarar i sentrale byområde held søndagsopent utan å falle inn under nokon av reglane i heilagdagslova § 5. Ein må anten endre regelen eller styrkje handhevinga.

I kapittel 7 er det vist at ei meir liberal opningstidsregulering på søn- og høgtidsdagar berre vil ha mindre og noko ulike konsekvensar når det gjeld ei rekkje av dei spørsmåla som var framme i debatten i samband med høyringa i 2015, mellom anna om næringa, lokalt sjølvstyre, sysselsetjing og vekst, prisar, folkehelse, frivillig innsats, miljø, distriktsbutikkar og samfunnsøkonomi. Derimot vil liberaliserte opningstidsreglar ha meir å seie for kor mange som må jobbe på søn- og høgtidsdagar, for kor mange som må jobbe deltid i varehandelen, og for søndagen som felles fridag og markering av ein rytme i samfunnet.

8.2 Oversikt over modellane utvalet vurderer i dette kapittelet

Ytterpunktene er enten å halde på gjeldande rett eller ei liberalisering som er litt mindre omfattande enn den som er gjennomført i Danmark, sjå modell 1 og 4 nedanfor. Mellom desse ytterpunktene har utvalet sett på konsekvensane av to modellar. Den første av mellom-modellane er i større grad bransjenøytral enn dagens regulering, gir eit tydeleg vern om søndagen som annleisdag og strammar inn på unntaket for typiske turiststader (modell 2). Den andre mellom-modellen er utforma for å skape like konkurransevilkår, forenkle regelverket og oppheve turistunntaket gjennom ei noko større liberalisering (modell 3).¹ Felles for desse to modellane er at det ikkje blir gjort endringar når det gjeld

- dei tre siste søndagane før jul
- unntaka for auksjon, kunstgalleri, utstillingar/varemessar og produksjonsstader som er tilrettelagde for turisme
- 1. mai og 17. mai, som framleis skal regulerast som første juledag og første påskedag

8.3 Modell 1 (små justeringar)

8.3.1 Omsyn

Denne modellen legg vekt på at færrest mogleg må arbeide på søn- og høgtidsdagar i varehandelen. Modellen inneber ei viss innstramming gjennom at det blir like konkurransevilkår for hagesenter og byggjevareutsal og liknande ved at unntaket for blomar, planter og andre hageartiklar blir oppheva (hagesenter). I denne løysinga blir fleire varetypar inkluderte blant dei som kan seljast når som helst innanfor eit salsareal på $\leq 100 \text{ m}^2$: blomar, planter, husflids- og suvenirvarer (kravet om at varene må vere lokale, blir oppheva). Løysinga fører vidare eit justert turistunntak med distriktspolitisk grunngiving, sjå alternativ 4 i kapittel 5.5. Det inneber at det ikkje lenger blir turistunntak i sentrale strøk, at forvaltninga blir lagd til departementet, og at også butikkane på turiststadene må halde stengt langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag.

8.3.2 Konsekvensar av modellen

8.3.2.1 Må fleire jobbe på søn- og høgtidsdagar?

Nei, kanskje til og med færre enn i dag fordi ein stengjer hagesenter og butikkar på ein del turiststader.

8.3.2.2 Aukar risikoen for at fleire må jobbe deltid?

Nei.

8.3.2.3 Kva med søndagen som felles fridag og markering av ein rytme i samfunnet?

Som i dag. I tillegg må også butikkane på turiststadene halde stengt langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag.

8.3.2.4 Bransjenøytralitet?

I noko større grad enn i dag.

8.3.2.5 Utviklinga i næringa

Nokre store daglegvarebutikkar vil måtte stengje på søn- og høgtidsdagar på turiststader i sentrale strøk og på campingplassar. Innanfor faghandelen vil dei store hagesentera måtte stengje på søn- og høgtidsdagar, men ein kan få nokre fleire små blomehandlarar, kanskje særleg i byane, som held opent på søn- og høgtidsdagar. Suvenirbutikkar vil halde opent som i dag, så framt dei ikkje er for store.

8.3.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Modell 1 har svært avgrensa økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet tek over forvaltningsoppgåvene for turistunntaket frå fylkesmennene. Kommunane får ei tilsynsoppgåve, sjå kapittel 5.9.

Boks 8.1 Utkast til lovendring i modell 1

Heilagdagslova § 5 skal lyde:

§ 5. Salg fra faste utsalgssteder

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseften skal de stenge kl. 16.

Dette gjelder ikke for

- 1. utsalgssteder som i det vesentlige selger kiosk- eller dagligvarer, *husflids- eller suvenirvarer eller blomster og planter*, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 100 kvm
- 2. bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm
- ~~3. utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen~~
- 4. utsalgssteder på områder som etter vedtak av *departementet* regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd, *men ikke langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag.*
- 5. salg fra serveringssted
- 6. salg ved auksjon
- 7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
- 8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet
- ~~9. utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler~~
- ~~10. utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og suvenirvarer~~
- ~~11. utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekking av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg innenfor sikkerhetskontrollen på lufthavner for rutefly~~

- 12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder mv. som er tilrettelagt for turisme.

Faste utsalgssteder kan holde åpent de tre siste søndagene før julaften mellom kl. 14 og kl. 20.

Med salgsflate, se annet ledd nr. 1 og 2, menes gulvflaten i den delen av et utsalgssteds lokale hvor varer beregnet for salg til publikum er synlig utstilt. Lagerrom og oppholdsrom for personale medregnes ikke.

Utsalgssteder som nevnt i annet ledd nr. 1 og 2, og som ikke åpenbart oppfyller kravet om salgsflate, skal ved takst eller på annen tilfredsstillende måte kunne dokumentere salgsflatens størrelse. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig og synlig ved utsalgsstedet. Mangelfull dokumentasjon medfører at et utsalgssted ikke anses unntatt fra bestemmelsen i første ledd første punktum. *Kommunen skal på oppfordring foreta oppmåling av salgsarealet.*

Departementet kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister. Kommunen fører tilsyn med at slik forskrift overholdes. Departementet kan oppheve slik forskrift etter en ny vurdering.

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon fra paragrafen her når det foreligger særlige grunner. Avgjørelsen kan påklages til departementet.

Utsalgssteder kan ikke bindes til å holde åpent på helligdager og 1. og 17. mai.

Departementet kan gi nærmere forskrifter til utfylling av paragrafen her.

8.4 Modell 2 (likare konkurransevilkår)

8.4.1 Omsyn

I denne modellen er det lagt vekt på å skape likare konkurransevilkår og samtidig skjerme søndag formiddag og dei store høgtidsdagane. Modellen gir frie opningstider for utsalgssteder som sel kiosk- og daglegvarer, bensinstasjonsvarer, husflidsvarer og suvenirvarer på eit salsareal $\leq 150 \text{ m}^2$. På vanlege søndagar kl. 13–19 kan butikkar i alle bransjar ha opent dersom dei har salsareal $\leq 150 \text{ m}^2$. Dette gjeld vanlege søndagar, andre påskedag og andre pinsedag. Modellen opnar dermed for at søndagshandel i liten skala blir lovleg. Mellom anna kan små bokhandlar, små klesbutikker, små telebutikker og små interiørbutikker halde opent etter kl. 13 på søndagar. Andre hovudpunkt er at ein med denne modellen vil

- oppheve unntaket for hagesenter og blomehandlarar
- oppheve unntaket for utsalgssteder på campingplassar
- oppheve kravet om at husflids- og suvenirvarer må vere lokale
- justere unntaket for typiske turiststader, slik at forvaltninga blir lagd til departementet, at det ikkje lenger er turistunntak i sentrale strøk, og at også butikkane på turiststadene må halde stengt langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag, sjå alternativ 4 i kapittel 5.5.

8.4.2 Konsekvensar av modellen

8.4.2.1 Må fleire jobbe på søn- og høgtidsdagar?

Modellen inneber at fleire mindre butikkar kan halde opent på søn- og høgtidsdagar, dermed vil noko fleire tilsette i varehandelen måtte arbeide desse dagane. Om lag 600 av om lag 3800 daglegvarebutikkar er opne på søndagar og er dermed stort sett $\leq 100 \text{ m}^2$, men dei fleste daglegvarebutikkar er langt større. Ei litt vidare arealgrense vil truleg ikkje føre til at mange fleire daglegvarebutikkar blir etablerte eller bygde ned til 150 m^2 eller mindre. Daglegvarer utgjer om lag 40 prosent av varehandelen, men det vil truleg vere nokså få nye tilsette i denne bransjen som må arbeide på søndagar som følgje av ei arealgrense på $\leq 150 \text{ m}^2$.

Heller ikkje dei som arbeider i store butikkar (som til dømes IKEA, XXL, store Elkjøp-butikkar, Jula, Maxbo og H&M) vil måtte arbeide på søn- og høgtidsdagar. Tilsette på store hagesenter i sentrale kommunar vil ikkje lenger måtte arbeide på søn- og høgtidsdagar.

Den tillatne opningstida på seks timar frå kl. 13–19 krev færre vakter enn opningstidene på kvardagar og laurdagar. Dermed må færre tilsette på jobb enn om opningstidene var lenger.

At butikkar som er $\leq 150 \text{ m}^2$, får høve til å halde opent, kan føre til at tilsette i andre bransjar, til dømes innan reinhald og pengetransport, også må jobbe. Fordi store butikkar må halde stengt, vil truleg mange kjøpesenter velje å halde stengt, slik at mellom andre vektarar og frisørar på kjøpesenter ikkje må på jobb.

Utvalet har ikkje tal for kor mange butikkar som er $\leq 150 \text{ m}^2$, kor mange som arbeider der, og kor mange som er på jobb for å halde butikken open, sjå kapittel 7.4.1.3 og 7.4.2. Utvalet legg til grunn at det er langt færre nye arbeidstakarar som må på jobb på søndag med modell 2 enn med full liberalisering.

8.4.2.2 Aukar risikoen for at fleire må jobbe deltid?

Ja, i dei butikktypene som etter endringa kan halde opent, og som vel å gjere det.

8.4.2.3 Kva med søndagen som felles fridag og markering av ein rytme i samfunnet?

Opningstidsreguleringa kan ikkje påverke folks kommersielle aktivitet på mobilen og nettet, men kan skjerme visse tidsrom for handel i visse fysiske butikkar. Høgtidsdagane blir skjerma som i dag, med unntak av at utsalsstader $\leq 150 \text{ m}^2$ kan halde opent kl. 13–19 på andre påskedag og andre pinsedag. På turiststadene må butikkane også halde stengt langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag. På vanlege søndagar skal butikkar halde stengt fram til kl. 13. Utsalsstader $\leq 150 \text{ m}^2$ kan halde opent kl. 13–19 på vanlege søndagar. Lovendringa gjeld også ein del faghandlarar som i dag held opent sjølv om dei ikkje har lov, og inneber dermed ikkje meir søndagshandel enn i dag. Berre utsalsstader $\leq 150 \text{ m}^2$ får lov å halde opent, dermed vil søndagen truleg ikkje bli ein stor handledag.

8.4.2.4 Bransjenøytralitet?

Etter kl. 13 på vanlege søndagar vil dei same reglane gjelde i alle bransjar, dermed blir modellen tilnærma bransjenøytral. Å fastsetje ei arealgrense er den minst konkurransevridande måten å avgrense opningstidene på, samanlikna med til dømes avgrensing etter varetype.

8.4.2.5 Utviklinga i næringa

Modellen vil gi små butikkar større fridom til å halde opent enn større butikkar. Denne konkurransevidinga er eit utslag av måten ein har valt å regulere søndagshandelen på. Intensjonen er ikkje å stimulere små butikkar i konkurransen med store butikkar, men å velje eit klart kriterium som sørgjer for at ikkje alle tilsette i varehandelen må arbeide på søn- og høgtidsdagar, og at søndagen framleis skal ha ein annan karakter enn laurdagar og kvardagar.

All regulering er konkurransevidande, og avgrensa areal kan mellom anna føre til at mindre leverandørar får mindre hylleplass her enn dei får i større butikkar. Den arealkrevjande varehandelen må halde stengt og kan oppleve at kundane heller bruker pengar på (mindre) varer som kan seljast på søndagar.

I kjøpesenter kan utsalsstader med salsflate $\leq 150 \text{ m}^2$ halde opent på søndagar, men dei store butikkane må halde stengt. Til dømes må store daglegvare- og klesbutikkar i kjøpesenter halde stengt. Ein veit ikkje kor mange kjøpesenter som vil velje å opne på søndagar når berre utsalsstader med salsflate $\leq 150 \text{ m}^2$ kan halde opent. Utvalet legg til grunn at nokre kjøpesenter vil halde opent, medan andre vil halde stengt, slik ein ser på turiststadene i dag.

Oppheving av campingplassunntaket vil ha svært avgrensa konsekvensar. Oppheving av hagesenterunntaket vil vere ei ulempe for dei forbrukarane som er vane med å handle til hagen og balkongen på søndagar, men ein får same opningstidsreglar for hagesentera og byggjevarehandelen, som delvis har det same vareutvalet.²

8.4.3 Føresetnadene for ei vellykka gjennomføring

Nye bransjar må tilpasse storleiken og drifta til ei arealgrense, til dømes slik at ein berre kan selje utstilte varer og ikkje hente andre varer frå lageret. Forståinga av salsareal og kravet til vegger er godt innarbeidd i kiosk- og daglegvarebransjen. No blir det svært mange nye butikksjefar og eigarar som må forstå, respektere og investere for at arealgrensa skal følgjast. Det kan gi utfordringar for handhevinga, særleg i den første tida. Departementet, bransjen og kjedene må truleg setje av ressursar til rettleiing. For å unngå ei vidare utgliding av turistunntaket er det behov for konsistent behandling i departementet av søknader om å få status som typisk turiststad.

8.4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Modell 2 har svært avgrensa økonomiske og administrative konsekvensar. Departementet tek over forvaltningsoppgåvene for turistkommunane, som i dag ligg hos fylkesmennene. Kommunane får ei tilsynsoppgåve, sjå kapittel 5.9. For næringa vil både omsetning og opningstider kunne flytte seg noko mellom butikkar og bransjar. Nokre verksemder vil kunne få lågare omsetning, til dømes

- store hagesenter
- butikkar på campingplassar
- butikkar på stader som mistar statusen som turiststad
- suvenirbutikkar som er for store til å halde opent

Boks 8.2 Utkast til lovendring i modell 2

Heilagdayslova § 5 skal lyde:

§ 5. Salg fra faste utsalgssteder

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseften skal de stenge kl. 16.

Dette gjelder ikke for

- 1. utsalgssteder som i det vesentlige selger kiosk- eller dagligvarer, *bensinstasjons-, husflids- eller suvenirvarer*, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm
- 2. *utsalgssteder som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm mellom kl. 13 og kl. 19 vanlige søndager, andre påskedag og andre pinsedag*
- 2. ~~bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm~~
- 3. ~~utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen~~
- 4. utsalgssteder på områder som etter vedtak av *departementet* regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd, *men ikke langfredag, første påskedag, 1. mai, 17. mai og første juledag*
- 5. salg fra serveringssted
- 6. salg ved auksjon
- 7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
- 8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet
- 9. ~~utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler~~
- 10. ~~utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og suvenirvarer~~
- 11. ~~utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekkning av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg innenfor sikkerhetskontrollen på lufthavner for rutefly~~
- 12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder mv. som er tilrettelagt for turisme.

Faste utsalgssteder kan holde åpent de tre siste søndagene før julaften mellom kl. 14 og kl. 20.

Med salgsflate, se annet ledd nr. 1 og 2, menes gulvflaten i den delen av et utsalgssteds lokale hvor varer beregnet for salg til publikum er synlig utstilt. Lagerrom og oppholdsrom for personale medregnes ikke.

Utsalgssteder som nevnt i annet ledd nr. 1 og 2, og som ikke åpenbart oppfyller kravet om salgsflate, skal ved takst eller på annen tilfredsstillende måte kunne dokumentere salgsflatens størrelse. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig og *synlig* ved utsalgsstedet. Mangelfull dokumentasjon medfører at et utsalgssted ikke anses unntatt fra bestemmelsen i første ledd første punktum. *Kommunen skal på oppfordring foreta oppmåling av salgsarealet.*

Departementet kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister. *Kommunen fører tilsyn med at slik forskrift overholdes. Departementet kan oppheve slik forskrift etter en ny vurdering.*

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon fra paragrafen her når det foreligger særlige grunner. Avgjørelsen kan påklages til departementet.

Utsalgssteder kan ikke bindes til å holde åpent på helligdager og 1. og 17. mai.

Departementet kan gi nærmere forskrifter til utfylling av paragrafen her.

8.5 Modell 3 (like konkurransevilkår)

8.5.1 Omsyn

I denne modellen er det frie opningstider for alle utsalgssteder med avgrensa salsareal. Dermed blir det lovleg med søndagshandel i liten skala i alle bransjar. Det er ein føresetnad at 200 m² er tilstrekkeleg til å oppretthalde eit breitt vareutval, og at ein dermed kan oppheve unntaket for typiske turiststader. Modellen gir likare konkurransevilkår ved at det blir innført bransjenøytrale reglar, og forbrukarane får auka tilgang på fleire varetypar på søndagar.

Det opnar for ei betydeleg forenkling av opningstidsreguleringa å oppheve unntaka for

- typiske turiststader
- små kioskar og daglegvarebutikkar
- bensinstasjonar
- hagesenter og blomebutikkar
- utsalgsstader på campingplassar i campingsesongen
- lokale husflids- og suvenirvarer

Det er mogleg å kombinere modell 3 med element frå modell 2, til dømes at faghandlar (under 200 m²) først kan opne etter kl. 13, eller eit snevert unntak for turiststader. Utgangspunktet for vurderinga nedanfor er ei generell grense på 200 m².

8.5.2 Konsekvensar av modellen

8.5.2.1 Må fleire jobbe på søn- og høgtidsdagar?

Tilsette i alle bransjar vil i prinsippet måtte jobbe på søndagar, men berre i butikkar ≤ 200 m². Sjølv om alle utsalgsstader med eit salsareal på ≤ 200 m² får lov å halde opent, vil berre dei som finn det lønnsamt, gjere det. Alle store butikkar elles vil måtte halde stengt, slik at ikkje alle tilsette i varehandelen vil måtte arbeide søn- og høgtidsdagar. Dei fleste daglegvarebutikkar er over 200 m², men ein stor del av faghandelen vil kunne halde opent. På turiststadene vil færre måtte jobbe på søndagar. At butikkar ≤ 200 m² får frie opningstider, kan føre til at tilsette i andre bransjar, til dømes innan reinhald og pengetransport, også må jobbe. I kjøpesenter som held opent, kan ein konsekvens bli at mellom andre vektarar, kafétilsette og frisørar må jobbe. Det vil framleis vere færre på jobb i varehandelen på søndagar enn på laurdagar.

8.5.2.2 Aukar risikoen for at fleire må jobbe deltid?

Ja, i dei butikktypene som etter endringa kan halde opent, og som vel å gjere det.

8.5.2.3 Kva med søndagen som felles fridag og markering av ein rytme i samfunnet?

Det vil gjelde eigne opningstidsreglar for søn- og høgtidsdagar som inneber at færre butikkar kan halde opent. At store butikkar må halde stengt, vil gjere søndagen annleis enn andre dagar.

8.5.2.4 Bransjenøytralitet?

Same arealgrense for alle utsalsstader heile tida er så nært ein kan komme ei bransjenøytral regulering av opningstidene. Å fastsetje ei arealgrense er den minst konkurransevridande måten å avgrense opningstidene på, samanlikna med til dømes avgrensing etter varetype.

8.5.2.5 Utviklinga i næringa

Frie opningstider for alle butikkar $\leq 200 \text{ m}^2$ vil skape like konkurransevilkår uavhengig av lokalisering og varetypar. Somme butikkar vil vinne og andre vil tape i konkurransen.

Ei bransjenøytral arealgrense på 200 m^2 vil utlikne forskjellen på stader med turistunntak og andre stader. Dei minste distriktsbutikkane vil også få frie opningstider. Ein del utsalsstader vil få kostnader med å byggje om eller skaffe nye lokale for å komme under eller opp til arealgrensa.

Eit større salsareal gir høve til å ta inn fleire varer og kan dermed gi auka bransjegliding. Fordi den same arealgrensa vil gjelde for alle, hindrar ikkje regelverket enkelte bransjar i å halde opent og delta i konkurransen. All regulering er konkurransevridande, og avgrensa areal kan mellom anna føre til at mindre leverandørar får mindre hylleplass enn dei får i større butikkar. Den arealkrevjande varehandelen må halde stengt og kan oppleve at kundane heller bruker pengar på (mindre) varer som kan seljast på søndagar.

Halvparten av norsk faghandelsomsetning skjer i kjøpesenter. At berre butikkar $\leq 200 \text{ m}^2$ i kjøpesentera får lov til å halde opent på søn- og høgtidsdagar, vil utfordre kjøpesentera og kundane som er vane med at heile senteret er opent til same tid. Ein stor del av butikkane i kjøpesenter er under 200 m^2 . Arealgrensa på 200 m^2 er ei avgrensing som råkar dei større verksemdene i varehandelen, men det gjeld i så fall likt for alle.

8.5.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Modell 3 opphevar turistunntaket og tek dermed vekk forvaltningsoppgåver som i dag ligg hos fylkesmennene.

Alle bransjar vil kunne konkurrere på søndagar dersom butikkane ikkje er for store. Det kan gi vekst for butikkar som ligg slik til at mange kjem innom på søndagar, til dømes i byar, på utfartsstader og på turistdestinasjonar. Nokre verksemdar vil kunne få lågare omsetning, til dømes

- store hagesenter
- store butikkar på campingplassar
- store butikkar på turiststader
- suvenirbutikkar som er for store til å halde opent

Boks 8.3 Utkast til lovendring i modell 3

Heilagdayslova § 5 skal lyde:

§ 5. Salg fra faste utsalgssteder

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseften skal de stenge kl. 16.

Dette gjelder ikke for

- 1. utsalgssteder som i det vesentlige selger kiosk eller dagligvarer, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 200 kvm
- 2. bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm
- 3. utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen
- 4. utsalgssteder på områder som etter vedtak av fylkesmannen regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd
- 5. salg fra serveringssted
- 6. salg ved auksjon
- 7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
- 8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet
- 9. utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler
- 10. utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og suvenirvarer
- 11. utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekking av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg innenfor sikkerhetskontrollen på lufthavner for rutefly
- 12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder mv. som er tilrettelagt for turisme.

Faste utsalgssteder kan holde åpent de tre siste søndagene før julaften mellom kl. 14 og kl. 20.

Med salgsflate, se annet ledd nr. 1 og 2, menes gulvflaten i den delen av et utsalgssteds lokale hvor varer beregnet for salg til publikum er synlig utstilt. Lagerrom og oppholdsrom for personale medregnes ikke.

Utsalgssteder som nevnt i annet ledd nr. 1 og 2, og som ikke åpenbart oppfyller kravet om salgsflate, skal ved takst eller på annen tilfredsstillende måte kunne dokumentere salgsflatens størrelse. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig og synlig ved utsalgsstedet. Mangelfull dokumentasjon medfører at et utsalgssted ikke anses unntatt fra bestemmelsen i første ledd første punktum. Kommunen skal på oppfordring foreta oppmåling av salgsarealet.

Fylkesmannen kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk

~~turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister.~~

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon fra paragrafen her når det foreligger særlige grunner. Avgjørelsen kan påklages til departementet.

Utsalgssteder kan ikke bindes til å holde åpent på helligdager og 1. og 17. mai.

Departementet kan gi nærmere forskrifter til utfylling av paragrafen her.

8.6 Modell 4 (liberalisering)

8.6.1 Omsyn

Ved ei omfattande liberalisering vil ikkje lenger lova forby handel når det passar forbrukarane og butikkeigaren. Opningstidene blir opp til aktørane i marknaden, og ein får ei klar forenkling av den offentlege næringsreguleringa. Modellen her er utforma med ei skjerming fram til kl. 13 på søndagar og dei store høgtidsdagane. Dei praktiske konsekvensane av ein slik modell vil vere om lag dei same som i modellen regjeringa sende på høyring i 2015 og som med full liberalisering etter svensk modell.³

8.6.2 Konsekvensar av modellen

8.6.2.1 Må fleire jobbe på søn- og høgtidsdagar?

Alle tilsette i varehandelen vil måtte rekne med å arbeide etter kl. 13 på søndagar, sjølv om ikkje alle butikkar vil halde opent. (Truleg ville dei fleste først opne kl. 12 eller 13, sjølv med heilt frie opningstider.) I tillegg vil tilsette i enkelte andre bransjar også måtte jobbe.

8.6.2.2 Aukar risikoen for at fleire må jobbe deltid?

Ein ekstra handledag i veka vil truleg føre til mange fleire deltidsstillingar.

8.6.2.3 Kva med søndagen som felles fridag og markering av ein rytme i samfunnet?

Utover det symbolske i at søndagen ikkje lenger vil vere skjerma som handledag i fysiske butikkar, vil vekerytmen stort sett vere uendra med helg og skolefri som i dag. Unntaket er dei tilsette som må arbeide inntil halvparten av søndagane i året.

8.6.2.4 Bransjenøytralitet?

Ja.

8.6.2.5 Utviklinga i næringa

Truleg vil dei store verksemdene i varehandelen vekse seg større, og det vil bli eit auka press på omstilling og effektivisering i varehandelen. Dette kan gå ut over små butikkar, særleg i distrikta. Dei fleste kjøpesentera vil halde opent. Dei små daglegvarebutikkane og ein del kioskar og bensinstasjonar vil miste omsetning.

8.6.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Modell 4 fører til at forvaltningsoppgåver som i dag ligg hos fylkesmennene, fell bort.

Boks 8.4 Utkast til lovendring i modell 4

Heilagdagslova § 5 skal lyde:

§ 5. Salg fra faste utsalgssteder

På helligdager skal faste utsalgssteder som selger varer til forbrukere, holde stengt. På jul-, påske- og pinseften skal de stenge kl. 16.

Dette gjelder ikke for

- 1. utsalgssteder som i det vesentlige selger kiosk- eller dagligvarer, *bensinstasjons-, husflids- eller souvenirvarer*, og som har en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm
- 2. *utsalgssteder mellom kl. 13 og 19 vanlige søndager, andre påskedag og andre pinsedag samt fram til kl. 16 skjærtorsdag*
- 2. *bensinstasjoner med en samlet salgsflate som ikke overstiger 150 kvm*
- 3. *utsalgssteder på campingplasser i campingsesongen*
- 4. *utsalgssteder på områder som etter vedtak av fylkesmannen regnes som typiske turiststeder, se sjette ledd*
- 5. salg fra serveringssted
- 6. salg ved auksjon
- 7. salg av utstilte gjenstander fra kunstgallerier og lignende
- 8. salg fra tidsbegrensede utstillinger og varemesser som finner sted i lokaler som normalt ikke blir brukt til salgsvirksomhet
- 9. *utsalgssteder som i det vesentlige selger blomster, planter og andre hageartikler*
- 10. *utsalgssteder som i det vesentlige selger lokale husflids- og souvenirvarer*
- 11. *utsalgssteder i bygninger for inn- og utsjekking av passasjerer på lufthavner som har tillatelse til avgiftsfritt salg innenfor sikkerhetskontrollen på lufthavner for rutefly*
- 12. salg av varer i tilknytning til produksjonssteder mv. som er tilrettelagt for turisme.

~~Faste utsalgssteder kan holde åpent de tre siste søndagene før julaften mellom kl. 14 og kl. 20.~~

Med salgsflate, se annet ledd nr. 1 ~~og 2~~, menes gulvflaten i den delen av et utsalgssteds lokale hvor varer beregnet for salg til publikum er synlig utstilt. Lagerrom og oppholdsrom for personale medregnes ikke.

Utsalgssteder som nevnt i annet ledd nr. 1 ~~og 2~~, og som ikke åpenbart oppfyller kravet om salgsflate, skal ved takst eller på annen tilfredsstillende måte kunne dokumentere salgsflatens størrelse. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig *og synlig* ved utsalgsstedet. Mangelfull

dokumentasjon medfører at et utsalgssted ikke anses unntatt fra bestemmelsen i første ledd første punktum. *Kommunen skal på oppfordring foreta oppmåling av salgsarealet.*

~~Fylkesmannen kan etter søknad fra kommunen ved forskrift bestemme at et område skal regnes som typisk turiststed, se annet ledd nr. 4, for hele året eller deler av året. Som typisk turiststed kan bare regnes område der salget i de aktuelle periodene hovedsakelig skjer til turister.~~

Fylkesmannen kan etter søknad gi dispensasjon fra paragrafen her når det foreligger særlige grunner. Avgjørelsen kan påklages til departementet.

Utsalgssteder kan ikke bindes til å holde åpent på helligdager og 1. og 17. mai.

Departementet kan gi nærmere forskrifter til utfylling av paragrafen her.

8.7 Dialog på den enkelte arbeidsplassen om arbeid på søn- og høgtidsdagar (arbeidsmiljølova)

Arbeidsgivaren skal drøfte med tillitsvalde før det blir sett i gang arbeid på søn- og høgtidsdagar, sjå arbeidsmiljølova § 10-10 (3). Utvalet har i kapittel 7.4.4 drøfta om medverknaden bør styrkjast ved ei liberalisering av opningstidsreguleringa. Ein modell kunne vere at arbeidsgivaren årleg skal drøfte med dei tillitsvalde arbeidet på søn- og høgtidsdagar. Ei slik lovendring vil særleg vere relevant ved ei vesentleg liberalisering av opningstidsreglane som gjer at mange fleire må arbeide på søn- og høgtidsdagar.

Førebiletet her er den tilsvarande føresegna i arbeidsmiljølova § 14-9 (1) om bruk av mellombels tilsetjing. Sjølv om opningstidsreguleringa tek stilling til om arbeid på søndag er «nødvendig» etter arbeidsmiljølova § 10-10 (2), kan det vere fornuftig å ha ein dialog på den enkelte arbeidsplassen om grunnlaget for og omfanget av arbeid på søn- og høgtidsdagar og om konsekvensane for arbeidsmiljøet og arbeidsplanlegginga. Ei eventuell lovendring vil krevje noko meir dialog mellom dei tillitsvalde og arbeidsgivaren. Arbeidsgivaren har ansvaret for denne dialogen, men kravet om årlege drøftingar vil ha svært avgrensa økonomiske og administrative konsekvensar. Ei eventuell lovendring kan utformast slik at tredje ledd i arbeidsmiljølova § 10-10 skal lyde:

(3) Arbeidsgiver skal drøfte behovet for søn- og helgedagsarbeid med arbeidstakernes tillitsvalgte før det iverksettes. *Arbeidsgiver skal minst en gang per år drøfte bruken av søn- og helgedagsarbeid med de tillitsvalgte, blant annet grunnlaget for og omfanget av søn- og helgedagsarbeid, samt konsekvenser for arbeidsmiljøet og arbeidsplanleggingen.*

Fotnotar

1.

